

Masteroppgåve våren 2009

Universitetet i Stavanger

Studieprogram for Kunst- og kulturvitskap ved institutt for medie- kultur- og samfunnsfag. Det samfunnsvitskaplege fakultet.



Stavanger som kulturell og global aktør i den interurbane konkurransen ved hjelp av standardiserte og differensierte strategiar.

Skrive av

Anita Opheim

Forord

Denne oppgåva er utført som den avsluttande delen av mastergraden *Kunst- og kulturvitskap* ved Universitetet i Stavanger, og er skrive i løpet av haustsemesteret 2008 og vårsemesteret 2009. Val av tema er inspirert av utviklinga Stavanger har vist mot å ta i bruk kultur som ein sentral del i byutviklingsstrategiar. Eg blei medviten denne utviklinga mellom anna gjennom byen si satsing som europeisk kulturhovudstad 2008. Dette blei derfor eit naturleg studiefelt og ein viktig innfallsvinkel til problemstillinga. Då eg fekk jobb som formidlar i utstillinga *Norwegian Wood – et laboratorium*, blei eg også merksam på korleis Norwegian Wood spelte ei rolle som imagebyggjar for byen. Dette gjorde Norwegian Wood-prosjektet til eit naturleg studiefelt i oppgåva.

Eg vil nytta høvet til å takka rettleiaren min, Lise Nordenborg Myhre, for verdifulle råd og tips under skrivearbeidet. Denne rettleiinga har vore til uvurderleg nytte og inspirasjon. I tillegg vil eg takka Hild Sørby, Ellen Devold, Grete Kvinnesland, Rolf Norås og Kristin Gustavsen, som villige stilte opp til intervju og slik hjalp meg vidare i arbeidet med studien. Desse intervjuar har vore avgjerande for den innsikta eg har fått i problemstillinga, og som har resultert i denne oppgåva.

Anita Opheim

Stavanger 26.04.09

FORORD	2
SAMANDRAG	5
KAPITTEL 1: PRESENTASJON AV OPPGÅVA	6
1.1 Tema, problemstilling og fagleg kontekst	6
1.1.2 Problemstilling	7
1.1.3 Standardisering og differensiering	7
1.1.4 Kultur som strategi	8
1.1.5 Kulturhovudstadsprosjektet Norwegian Wood.....	9
1.1.6 Epistemologiske tilnærmingar.....	11
1.1.7 Norwegian Wood-prosjekta Siriskjær og Egenes Park.....	12
1.2 Prosjektet sin aktualitet	13
1.3 Kontekst	14
1.4 Avgrensing og introduksjon av empiri	15
1.5 Introduksjon av metode.....	16
1.6 Oppbygging av oppgåva.....	17
KAPITTEL 2: TEORI	19
2.1 Neoliberale strategiar	19
2.2 Neoliberale strategiar i Stavanger	21
2.3 Interurban konkurranse og globale byregionar.....	22
2.4 Kultur som økonomisk reiskap.....	23
2.5 ECOC-programmet	25
2.6 Standardisering og differensiering	27
2.7 Byar sin symbolske kapital.....	29
2.8 Gentrifisering	31
2.9 Entreprenørstrategiar i Noreg	32
KAPITTEL 3: STAVANGER	34
3.1 Framveksten av byen.....	34
3.2 Trehusbyen Stavanger	35
3.3 Byutviklingsstrategi	36
3.4 Oljeeventyret	37
3.5 Stavanger Øst og Urban Sjøfront	38
3.6 Universitetsby.....	39
3.8 Stavanger som kulturby 2008.....	40
3.9 Programstrategi	43
3.10 Kultur som byggjestein	44
KAPITTEL 4: NORWEGIAN WOOD – EIT KULTURHOVUDSTADSPROSJEKT .	46
4.1 Nyskapande arkitektur med trehusbyen Stavanger som utgangspunkt.....	46
4.2 Norwegian Wood-byggjeprojekt	47
4.3 Krav til prosjekta	48
4.4 Siriskjær-prosjektet	49
4.5 Egenes Park.....	51
KAPITTEL 5: METODE	53
5.1 Kvalitative metodar	53
5.3 Feltarbeid og observasjon.....	53
5.4 Intervju	56
5.5 Diskursanalyse	58
5.6 Epistemologiske tilgangar	61
KAPITTEL 6: ANALYSE	63

6.1 Neoliberalisme som diskursivt felt.....	63
6.2 Kultur som standardisert og differensiert strategi i Stavanger.	64
6.3 Norwegian Wood som differensierende satsingsområde.....	64
6.4 Stavanger som global aktør: hensikt og mål.....	65
6.5 ”Ka då ittepå”	68
6.6 Kulturhovudstad etter 2008	69
6.7 Diskursen om <i>europiske kulturhovudstader</i>	71
6.8 EU-søknaden: Tradisjonar som standardisering og trehusbyen som differensiering.....	73
6.9 Kultursatsing og neoliberale strategiar i byutvikling utover 2008: Stavanger Øst.	73
6.10 Siriskjær - motor for austre bydel som resultat av diskursive føringar? Siriskjær og Egenes Park som erfarte rom.	76
6.11 Konsekvensar og føringar av neoliberale byutviklingsstrategiar i Stavanger.....	80
KAPITTEL 7: AVSLUTNING.....	82
REFERANSAR:	85
Andre dokument:.....	86
Nettsider:.....	87
Aviser:.....	88
Figurliste:	89
SLUTTNOTER:	90

Samandrag

Med denne oppgåva ønskjer eg å sjå Stavanger som ein global aktør i den interurbane konkurransen, og framhever kultur som eit satsingsområde i denne samanheng. Eg vil peika på strategiar Stavanger brukar for å framheva seg som attraktiv by i ein global kontekst, og ser på kultursatsing som ein strategi for å byggja opp imaget til byen. Eg vil peika på Stavanger si orientering mot det eg kallar standardiserte og differensierte konkurransereglar i den interurbane konkurransen. Slik kjem eg inn på Stavanger si satsing som europeisk kulturhovudstad 2008, noko eg ser på som ei orientering mot standardiserte strategiar. I tillegg ser eg utviklinga av Stavanger Øst, der kulturnæring og gentrifisering spelar ei viktig rolle, som orientering mot ein slik standardisert strategi. Å bruka standardiserte strategiar kan vera med på å styrka imaget som global aktør. Slik set byen seg i samanheng med andre byar som nyttar same strategiar. Til dømes er Stavanger no i eit nettverk av tidlegare kulturhovudstader, noko som formar imaget til byen. Men i tillegg til å bruka standardiserte strategiar, er det eit mål å differensiera seg frå andre byar. Dette er viktig for å skapa seg eit image som gjer byen meir attraktiv som turistmål, arbeidsplass og bustadområde. Eg ser på arkitekturprosjektet Norwegian Wood som eit prosjekt Stavanger brukar for å skapa seg eit differensiert image som trehusby og kunnskapscenter for miljøvenleg, framtidsretta trearkitektur.

Eg ser kultur som ein viktig sektor, ikkje berre isolert sett, men i ein større samanheng. At Stavanger gjer ei eksplisitt satsing på kultur er eit uttrykk for ein klar politisk og økonomisk strategi. Denne utviklinga i Stavanger ser eg i samband med globale neoliberale urbaniseringsprosessar med eit økonomisk fokus. I den neoliberale diskurs spelar kultur ei rolle som økonomisk reiskap og som ein generator for urban regenerering. I Stavanger spelar kultursatsinga ei eksplisitt rolle i å gjera regionen til ein meir attraktiv stad å bu i, jobba i og vitja. Her blir kultur framheva som ei økonomisk søyle som kan vera med på å gjera byen mindre sårbar for svingingar i oljenæringa. I tillegg til å peika på Stavanger som ein brukar av standardiserte og differensierte strategiar, drar eg parallellar frå kultursatsing og imagebygging til politikk og økonomi, då offentleg-private samarbeid gjer seg gjeldande på byutviklingsstrategiane i byen.

Kapittel 1: Presentasjon av oppgåva

1.1 Tema, problemstilling og fagleg kontekst

I løpet av dei siste tretti åra har det skjedd så store endringar i føresetnadane til urbanismen at byar må konseptualiserast på nytt. Det ligg til grunn for ei ny omgrepsleggjering av by, der nye former for byliv, påverking, makt og økonomiske realitetar har ført til nye organiseringsmønster og nye måtar å skapa og tenkja bylandskap på. ¹ Byar har blitt sentrale knutepunkt i den globale økonomien og er i sterk vekst over heile verda. Store byregionar dukkar opp i både utviklings- og industriland, og slike byregionar blir stadig meir sentrale i samfunnet. Dette skjer fordi byregionar har blitt senter for ulike typar produktiv aktivitet, frå alle typar tenester til teknologi. Ofte spesialiserer byar seg på bestemte felt, slik at det oppstår ein enorm flyt av kunnskap og idear på det aktuelle området i byregionen. Suksessen til desse byane er sterkt knytt opp til etterspurnaden i verdsmarknaden, og byane orienterer seg etter globale forhold heller enn lokale og nasjonale. ² Det er ei gjensidig avhengnad og vekselverknad mellom urbaniserings- og globaliseringsprosessar, og dette påverkar den sosiale konstruksjonen av stader og landskap. ³ I danninga av ei ny omgrepsleggjering av by konstituerer neoliberalisme og globalisering kvarandre gjennom gjensidig påverknad. Ifølgje Brenner og Theodore representerer neoliberalisme i dag eit rammeverk av disiplinær, politisk autoritet som tvinger marknadsreglar inn på eit stadig større spekter av sosiale relasjonar i verdsøkonomien. ⁴ Den neoliberale doktrinen er grunnlagt på ein modell med premiss om at dei marknadsorienterte reformene vil ha identiske resultat, uansett by og kontekst. Slik blir ikkje variasjonar i byen anerkjent og framheva. ⁵ Ulike revitaliseringsprosjekt blir sette i gang i byar rundt om i verda, som eit ledd i den interurbane konkurransen om globale kapitalgode. Felles for ei rekkje av desse prosjekta er ei kopling som skil seg frå den lokale konteksten, slik at prosjekta ofte blir opplevde som framandgjorte og retta mot eksterne interesser. Slik blir globale interesser prioritert over lokale og sosiale behov når byar skal skapa seg ein plass på kartet. ⁶ I denne samanheng ser ein korleis neoliberalisme og globalisering konstituerer kvarandre gjennom gjensidig påverknad og avhengnad.

Transnasjonale konsern, høgteknologiske bedrifter og investorar har ein stor grad av geografisk fridom i sine lokaliseringsval, og på bakgrunn av dette prøver dei offentleg-private samarbeidskoalisjonane å tilby ei rekkje fasilitetar for å trekkja aktørar til sine byar. Strategiane for å trekkja til seg aktørar er prega av stadsmarknadsføring og imagebygging. Som eit ledd i dette er det viktig for ein by å kunna tilby eit rikt kulturliv. ⁷ Det går altså føre

seg ein konkurranse i internasjonal skala der byar blir påverka av internasjonal politisk økonomi, fordi økonomisk vekst og utvikling i aukande grad føreset transnasjonale kapitalinvesteringar i byen.⁸ På grunn av fokuset på og arbeidet med å gjera byen attraktiv, spelar kultur ei viktig rolle i den interurbane konkurransen om globale kapitalgode.

Neoliberalisme er eit paradigme som famnar om mange fagdisiplinar. Det er altså fleire innfallsvinklar som samlast i dette feltet. Mitt hovudfokus vil vera på neoliberalisme som uløyselig knytt til globaliserings- og urbaniseringsprosessar, og som eit bakanforliggjande aspekt ved byutvikling i dag. Eg fokuserer på neoliberalisme som ein politisk-økonomisk strategi, og eg jobbar med fenomenet ut frå ein kunst- og kulturfagleg kontekst.

Det er skrive mykje om neoliberalisme innanfor den angloamerikanske tradisjonen. Det er innanfor denne tradisjonen det meste av min kjeldelitteratur er henta. Viktige namn er David Taylor, Neil Brenner, Nik Theodore, Jamie Peck og Adam Tickell. Det er ei svakheit at det ikkje er skrive meir om dette feltet innanfor ein norsk kontekst, men viktige namn her er Oddrun Sæter, Heidi Bergsli og Marit Ekne Ruud. Trass i at det ikkje er skrive mykje om feltet i norske, urbane diskursar, meiner eg eksempla i den angloamerikanske tradisjon problematiserer norske kontekstar på ein måte som skil ut nokre sentrale hovudtendensar ved det nye paradigmet.

1.1.2 Problemstilling

Kvifor kan ein seia at Stavanger si eksplisitte satsing på kultur blir brukt strategisk i ein interurban konkurranse, og korleis kan forholdet mellom omgrepa standardisering vs. differensiering bidra til å forstå ei slik posisjonering?

1.1.3 Standardisering og differensiering

I oppgåva vil eg referera til den *interurbane konkurransen*. Eg definerer dette omgrepet som konkurransen som går føre seg mellom byar på den nasjonale så vel som den globale marknaden. Økonomisk vekst er eit særleg fokus i denne konkurransen, og for å gjera seg synleg på den globale marknaden, er det viktig å ha eit image som skil seg frå andre byar sitt. I denne samanheng er omgrepa *standardisering* og *differensiering* svært relevante. Arbeidet med å gjera byen attraktiv for viktige aktørar, baserer seg på imagebygging og

stadsmarknadsføring. I denne sammenheng er det viktig for byar å visa at dei er oppdaterte så vel som unike aktørar på den globale marknaden. I tillegg til å visa ein relasjon med andre konkurrerende aktørar i den interurbane konkurransen, er det viktig å skilja seg ut som ein særeigen og unik by. Det er dette paradokset mellom standardisering og differensiering som byar må forholde seg til i den interurbane konkurransen.

Bruk av utbreidde strategiar legg grunnlaget for at byar er oppdaterte aktørar på den globale marknaden. Bruken av desse utbreidde strategiane er noko som spreier seg frå by til by, og er ikkje nødvendigvis resultat av ei medviten planlegging av kvar einskild by. Det er heller eit resultat av den gjensidige påverkinga mellom neoliberalisme og globalisering som påverkar den sosiale konstruksjonen av stader og landskap.⁹ Det er eit mangfald av standardiserte strategiar som er i bruk i mange byar, og i oppgåva ser eg bruk av kultur som byutviklingsstrategi som ein slik strategi. Eg omtalar dei utbreidde strategiane som *standardiserte* konkurransereglar i den interurbane konkurransen. Dei standardiserte konkurransereglane blir kopierte og overførte til ein lokal kontekst. Bruk av standardiserte strategiar er resultatet av at stadig fleire byar tar opp globale trendar og overfører dei til sin lokale kontekst. Det er ei slik utvikling som har ført til at bruk av kultur i byutvikling kan omtalast som ein standardisert strategi. Standardiserte strategiar blir kopierte og til ein viss grad transformerte, men i lita grad tilført noko nytt. I tillegg til strategiar som blir kopierte, og som dermed finst i eit mangfald av byar, skjer det òg forsøk på differensiering. I tillegg til å ta i bruk standardiserte strategiar for å hevda seg i den interurbane konkurransen, gjer byar grep for å skilja seg ut frå andre byar. Samtidig som byar vil bli sett i samanheng med andre globale byar, er det eit mål å vera ulik desse ved å ha eit særeige image. Arbeidet med å skilja seg frå andre byar og målet om eit eineståande image, omtalar eg som *differensiering*. Medan ein gjennom bruk av standardiserte strategiar i lita grad tilfører noko nytt, kan det å tilføra strategien noko stadsspesifikt føra til differensiering.

1.1.4 Kultur som strategi

I oppgåva vil eg sjå på Stavanger si rolle som global aktør i den interurbane konkurransen, og eg tar for meg aspekt ved imagebygginga til byen i forhold til omgrepa standardisering og differensiering. Eg ser på neoliberalisme som eit viktig bakteppe for Stavanger som global by og hevdar at Stavanger som kulturhovudstad 2008 er eit ledd for å styrka byen sin posisjon i den interurbane konkurransen, og dermed som global aktør. Kulturhovudstadsprogrammet

(ECOC) inneber at vertsbysen kan omtala seg som europeisk kulturhovudstad i eitt år. Gjennomføringa av programmet krev økonomisk tyngd og satsing. At Stavanger valte å gjennomføra eit slikt kulturhovudstadsprogram, ser eg i samanheng med at dei ønskjer å oppnå eit image som kulturby i den interurbane konkurransen. Bruk av kultur innan byutviklingsprosessar er ein utbreidd strategi^{10 11}, og eg ser kulturhovudstadsstatusen i Stavanger som eit døme på korleis byar kopierer globale strategiar og overfører desse til ein lokal kontekst.

I oppgåva vil eg sjå på rolla kultur har som økonomisk reiskap, då eg drar parallellar til globale strategiar der kultur står i samanheng med urban, økonomisk og fysisk regenerering. Eg brukar ein utvida definisjon av omgrepet kultur, der eg i tillegg til å setja omgrepet i samanheng med kunst og arv, ser på kultur som eit økonomisk verktøy, ei vare med marknadsverdi og som ein verdifull produsent av salbare byrom. Eg ser kulturomgrepet i samanheng med det å produsera symbol. På denne måten er kultur ein måte for byar å skapa ei samanhengande og konsekvent merkevare på.¹² Bruk av kultur på denne måten vitnar om at det ikkje er ein isolert sektor, men at kultur spelar ei rolle i ein økonomisk og politisk kontekst. Eg ser bruk av kultur i byutvikling som ein standardisert strategi i den interurbane konkurransen. Som utbreidd strategi og global trend, kan ein slik bruk av kultur vera eit ledd i imagebygging. Gjennom å kopiera standardiserte strategiar, set Stavanger seg i samanheng med andre konkurrerande aktørar på den globale marknaden. Men det er ei dobbeltheit i forholdet mellom det å ha noko til felles med andre globale aktørar, og det å skilja seg frå dei. I tillegg til å imitera standardiserte strategiar for å byggja opp eit image som global aktør, søker Stavanger å ha eit image som differensierer seg frå andre kulturbyar. Slik jobbar byen for å skilja seg ut på den globale marknaden. Stavanger sitt kulturhovudstadsprogram og gjennomføringa av dette kan fortelja mykje om korleis byen ønskjer å forma imaget sitt, gjennom å ta i bruk både standardiserte og differensierte strategiar.

1.1.5 Kulturhovudstadsprosjektet Norwegian Wood

Eit viktig eksempel for meg i oppgåva vil vera eit av dei mest profilerte prosjekta til Stavanger 2008: Arkitekturprosjektet Norwegian Wood (NW). Som eit av dei mest sentrale prosjekta i kulturhovudstadsprogrammet, ser eg NW i samanheng med Stavanger sitt arbeid for å differensiera seg i den interurbane konkurransen. Prosjektet tar utgangspunkt i Stavanger som den største trehusbyen i Europa, og ønskjer å vidareutvikla denne byggjetradisjonen i

regionen. Arbeidet og marknadsføringa av NW som eit unikt prosjekt gjev eit godt grunnlag for å dra parallellar til teoriar om imagebygging og differensiering. Ideen om NW-prosjektet blei presentert då Stavanger søkte om å få bli europeisk kulturhovudstad. Utgangspunktet for NW skal vera den sterke tradisjonen Rogaland har for å byggja i tre, og slik vektlegg NW lokal kulturarv og tradisjon samtidig som fornying og innovasjonsevne står i fokus. Eg ser NW som eit prosjekt som tar i bruk standardiserte så vel som differensierte strategiar. Fokuset på kulturarv, lokalhistorie og tradisjon er i samsvar med kulturelle prosjekt andre stader.¹³ Det som gjev prosjektet differensierande element, er at det blir sett inn i ein lokal kontekst med stadsspesifikke referansar og relasjonar. NW peiker bakover til trehustradisjonen i regionen, samtidig som det peiker framover med såkalla nyskapande trearkitektur.¹⁴ Ved å spela på denne kontinuiteten frå fortid til notid, viser NW-prosjektet Stavanger-regionen sin særeigne karakter og tilfører differensierande element til imagebygginga her. Prosjektet blir omtalt som den største satsinga på miljøvenleg, framtidsretta trearkitektur i Noreg nokosinne. Prosjektet består av 14 såkalla nyskapande byggjeprojekt med framtidsretta og berekraftig trearkitektur. Prosjektet sin leiar i Stavanger, Grete Kvinnesland, uttrykkjer seg slik:

*Norwegian Wood skal bidra til å få frem forbildeprosjekt på moderne trehus, og videreutvikle trebyen, med en urban, moderne og bærekraftig trearkitektur i spennende samspill med den historiske byen. Norwegian Wood skal være en arena hvor muligheter innenfor miljøriktig trebyggeri utforskes og utprøves, og et utstillingsvindu både nasjonalt og internasjonalt.*¹⁵

Dette sitatet legg vekt på eit samspel mellom fortid og framtid. Det globale blir møtt med lokale referansar ved å dra parallellar mellom tradisjon og urbanitet. Eg ser desse parallellane mellom det lokale og globale, fortid og framtid, som forsøk på å setja NW inn i ein tradisjon som grunnleggjend både eit lokalt og globalt tilhøyrslø. Eg ser denne orienteringa som eit resultat av at Stavanger ønskjer å opptre som ein global aktør i ein interurban konkurranse. Slik orienterer dei seg mot lokale så vel som globale forhold. Kvinnesland påpeiker at prosjektet skal vera eit utstillingsvindauge både nasjonalt og internasjonalt. Dette gjev uttrykk for eit målretta arbeid med imagebygging, der trehusbyen Stavanger skal utvikla ein profil av å bestå av urban, moderne og berekraftig trearkitektur. Eit viktig aspekt med NW er at det ikkje berre skal vera eit byggjeprojekt. Intensjonen er at det òg skal fungera som laboratorium og læringsarena, både lokalt i Rogaland og vidare ut i verda. I forkant av utbygginga har det derfor blitt arrangert internasjonale arkitektkonkurransar, seminar og tverrfaglege workshops med dei fremste ekspertane i Noreg og Europa.¹⁶ Dette aspektet ser eg på som ein del av

marknadsføringa til prosjektet, noko som tilfører det meir differensialitet og som kan føra til ekstra merksemd nasjonalt og internasjonalt.

NW-prosjektet involverer mange aktørar: Mellom anna kommune, fylke, utbyggjarar, arkitektar og potensielle kjøparar. Det økonomiske aspektet gjer NW til noko meir enn eit reint kulturelt prosjekt, og slik denne oppgåva viser, er sterke marknadskrefter involverte. NW er eit døme på korleis Stavanger brukar standardiserte kulturelle strategiar for å styrka sin posisjon som global aktør i den interurbane konkurransen. Samtidig er NW ein søken etter differensiering ved at Stavanger-regionen brukar NW for å vidareutvikla eit unikt image som trehusby. Ein diskursanalytisk framgangsmåte vil vera ein viktig innfallspørt i arbeidet med å studera dei mentale, idémessige og retoriske konstruksjonane som omhandlar NW. Eg vil studera korleis diskursar påverkar oppfatninga av kva NW er, og korleis dei formar NW som imaginært og reelt prosjekt.

1.1.6 Epistemologiske tilnærmingar

I denne samanheng kjem eg inn på at diskursar skapar mentale førestellingar om korleis noko er eller korleis noko skal bli. Det er ofte skilnad mellom det imaginære og korleis realiteten er. Skiljet mellom reelle og imaginære rom vil eg diskutera ut frå Edward Soja sine tre epistemologiske perspektiv formulert som *firstspace*, *secondspace* og *thirdspace*.¹⁷ Desse tre epistemologiske inngangar gjev ulike perspektiv på korleis rom blir materielt produsert, diskursivt konstruert og til sist faktisk opplevd. I tillegg skapar dei eit teoretisk utgangspunkt for å analysera forholdet mellom reell, materiell røynd og ei omdømmeskapt og idealisert verd. Kort presisert skildrar *firstspace*-perspektivet eit materielt rom i den fysiske verda. Den fysiske byen Stavanger er eit døme på dette. Dette perspektivet tar for seg reint fysiske forhold, utan mentale fortolkingar. *Secondspace*-perspektivet tolkar røynda ut frå romlege representasjonar. I dette perspektivet spelar diskursar og mentale fortolkingar ei vesentleg rolle, inkludert omdømmebygging som tilfører meining til det materielle. Der *firstspace* tar for seg reint fysiske forhold, tar *secondspace* for seg dei representasjonar som er knytte til rommet. Det vi forstår om rommet, er derfor i stor grad basert på dei diskursane som til ei kvar tid dominerer. *Secondspace*-perspektivet dreier seg om tenkte forhold, der rommet blir forma av konkurrerande diskursar. Omdømmebygging slik det kjem fram gjennom NW, kan bli sett på som ein strategi for å styra diskursforståinga etter overordna hensikter, som i dette tilfellet har økonomiske siktemål. *Secondspace* blir derfor eit viktig perspektiv i denne

oppgåva. Gjennom *secondspace* kan eg sjå korleis diskursar formar våre fortolkingar av ulike rom. Til dømes vil eg sjå korleis konkurrerende diskursar formar NW og påverkar førestellingane om prosjektet som heilskap, og som delprosjekt med utgangspunkt i Siriskjær og Egenes Park. *Thirdspace*-perspektivet blir av Soja skildra som ein slags kreativ kombinasjon og ei forlenging som byggjer på *firstspace*- og *secondspace*-perspektiva. *Thirdspace*-perspektivet blir framstilt som eit både-og, og også- romleg perspektiv.¹⁸ *Thirdspace* kan forståast som ein kombinasjon av det reelle og det imaginære rom, ein kombinasjon som refererer til eit møte mellom det tenkte og det materielle rom, slik det blir opplevd gjennom kvardagslivet.¹⁹ Soja samanstillir sitt *thirdspace* med det Lefebvre kallar *lived space*.²⁰ Medan Soja skildrar *firstspace* som eit fysisk og *secondspace* som eit mentalt rom, skildrar han *thirdspace* som eit sosialt rom. *Thirdspace* er altså eit rom som er dominert og forma av sosial praksis. Slik kan ein forstå *thirdspace* som eit rom som blir forma i møte med kvardagen og den sosiale praksis som går føre seg til ei kvar tid.²¹

1.1.7 Norwegian Wood-prosjekta Siriskjær og Egenes Park

NW-prosjektet består av 14 ulike byggjeprojekt, med ein trehusby på Siriskjær som eit av dei mest profilerte delprosjekta. Denne trehusbyen er planlagt i eit av dei viktigaste transformasjonsområda i Stavanger. Med dette går NW inn som ein viktig del av gentrifiseringsprosessen i austre bydel, der byen sine tidlegare industriområde er i ferd med å bli transformerte til attraktive bustadområde. Med tanke på den tiltenkte imageskapande effekten NW har, vil prosjektet kunna ha mykje å seia for utviklinga av austre bydel og for den imagebygging som allereie har vore framtrekande i sal og marknadsføring av bustadprosjekt i dette området.

Eit anna delprosjekt i NW er Egenes Park, som ligg på Eiganes i Stavanger. I motsetnad til Siriskjær-prosjektet, er Egenes Park ferdigstilt. Dette var tiltenkt som eit bustadanlegg bestående av 56 leilegheiter og ein barnehage. Ut i fyrste halvdel av 2009 ser det derimot ut som at ein stor del av leilegheitene skal gjerast om til leilegheitshotell.²² Eit interessant aspekt med dette prosjektet er dei store vanskane det har hatt med å få seld einingane i leilegheitskomplekset., til trass for at prosjektet ligg i eit av dei mest attraktive bustadområda i Stavanger. Naboar til byggjeprojektet er sterkt imot at det skal gjerast om til leilegheitshotell og meiner det *er et stort tilbakeskritt som får betydelige konsekvenser for nabolaget*.²³ Det negative fokuset som er på prosjektet oppstår til trass for god marknadsføring og imaget NW

har jobba mot: At prosjektet tilbyr framtidsretta, nyskapande og berekraftig trearkitektur. NW skal vera vidareutviklinga og forlenginga av trehusbyen Stavanger, likevel trekkjer ikkje prosjektet nok kjøparar.

Både Siriskjær og Egenes Park vil inngå i ein refleksjon over dei tre spatiale perspektiva til Soja. Gjennom konkurrerande diskursar om NW, blir dei mentale førestellingane om Siriskjær- og Egenes Park-prosjekta forma. Dette legg grunnlaget for forholdet mellom diskursive førestellingar og imagebygging. Det blir gjennom imagebygging og diskursar framstilt forhold mellom det reelle og det imaginære som kan verka motstridande med røynda. Eg ser på gentrifisering som eit forsøk på å endra imaget til ein stad. Ved hjelp av gentrifiseringsprosessar blir det jobba aktivt for å endra karakteren til det aktuelle området. Dette er ein transformasjonsprosess som endrar dei fysiske og mentale representasjonane av rommet. Gentrifisering krev både fysiske inngrep og ei endring av diskursane som er etablerte om eit område. Ved å setja Siriskjær-prosjektet inn i ein slik samanheng, er det relevant å relatera det til Soja sine epistemologiske tilnærmingar. Egenes Park er eit realisert byggjeprojekt. Medan Siriskjær-prosjektet foreløpig berre er eit imaginært prosjekt, er Egenes Park både eit fysisk prosjekt og i tillegg forma av dei diskursive førestellingane som er knytte til prosjektet. I denne samanheng er det interessant å sjå korleis Egenes Park sitt møte med kvardagslivet har vore, og korleis det dermed fungerer som *lived space*. Dei tre epistemologiske tilnærmingane til Soja gjev rom for å diskutera Egenes Park som fysisk stad, som ein stad knytta til mentale førestellingar, og som ein stad som refererer til eit møte mellom det tenkte og det materielle rom slik det blir opplevd gjennom kvardagspraksis.

1.2 Prosjektet sin aktualitet

Med kulturbyåret friskt i minne er dette ei svært aktuell problemstilling for Stavanger-regionen. Eg ønskjer å setja fokus på kva strategiar som er i bruk i kulturbyåret, og kvifor. Ved å bruka Stavanger 2008 som eksempel, aktualiserer eg det eg kallar konkurransereglane i den interurbane konkurransen. Dette er eit felt som ikkje berre er aktuelt i Stavanger-regionen, men som gjeld byar generelt. Gjennom å observera og skildra prosessar i Stavanger, meiner eg å kunna skildra delar av globale urbaniseringsprosessar. Bruk av kultur innan byutviklingsprosessar er ein utbreidd strategi, og eg ser kulturhovudstadsstatusen til Stavanger som eit døme på korleis byar kopierer globale strategiar og overfører desse til ein lokal

kontekst. Dette gjer at eg set Stavanger-regionen inn i eit globalt perspektiv, samtidig som eg set fokus på strategiar som er gjeldande i mange mindre og store byar.

1.3 Kontekst

Eg vil setja Stavanger inn i ein global kontekst. Eit viktig fagleg og politisk aspekt i denne samanheng er neoliberalisme. Denne politisk-økonomiske teorien er eit viktig bakteppe for det som skjer i globale urbaniseringsprosessar. Slik situasjonen er, vil eg seia at neoliberalisme heng uløyseleg saman med globaliserings- og urbaniseringsprosessar verda over.²⁴ Slik Peck og Tickell formulerer det, verkar det som at neoliberalisme *er overalt*. Dei hevdar at denne varianten av økonomisk teori for fri marknad har blitt den dominerande ideologiske rasjonaliseringa for globalisering og samtidig statleg reform.²⁵ Neoliberalismen opnar opp for at private krefter og økonomi slepp inn på marknaden og på denne måten investerer i bybiletet. Det offentlege samarbeider med private og frivillige aktørar. Det økonomiske aspektet står sterkt i neoliberalismen, noko som fører til at mykje av aktiviteten i byen har sterke økonomiske intensjonar. Dette påverkar òg kulturpolitikken. Kultur framstår ikkje som ein isolert sektor, men rører ved fleire politiske felt. Kultur er blitt ein viktig faktor for å trekkja kunnskap og kompetanse til regionar. Dette er eit aspekt ved kulturpolitikken som gjer seg gjeldande også i Stavanger. Strategidirektøren til Stavanger 2008, Rolf Norås, hevdar at eit av hovudargumenta for at kommunen satsar på kultur, er at det vil auka attraktiviteten til regionen. Ifølgje Norås påverkar eit rikt kulturliv flyttemønsteret positivt, og på denne måten er kultur ein viktig faktor i å få kunnskap og kompetanse til regionen.²⁶

Eit sentralt aspekt ved neoliberalisme er interurban konkurranse. Byar spelar ei stadig større rolle på den globale marknaden og er ikkje lenger uløyseleg knytt saman med nasjonalstaten. Byar opererer som *globale byregionar*²⁷, ein posisjon som inneber at subnasjonale regionar går gjennom store endringar i lokal karakter og dynamikk på grunn av påverkinga av globaliseringa. Omgrepet *globale byregionar* kan sporast tilbake til konseptet om *verdsbyar*. Tidlegare var regionane verna frå ekstern turbulens på grunn av posisjonen til sentralstaten. No er det ein tendens til at fleire av regionane har ein meir sjølvstendig identitet og eiga kraft som politiske og økonomiske aktørar på verdsmarknaden.²⁸ Stavanger opererer i større grad som ein sjølvstendig aktør på verdsmarknaden. Dette fører Stavanger ut i ein kamp om å gjera seg sjølv konkurransedyktig på den globale marknaden. Imagebygging, entreprenørskap og kompetanseheving er her viktige stikkord for å setja Stavanger på kartet. Det er eit mål for

byar å gjera seg attraktive for næringsliv, ”riktige” samfunnsgrupper og entreprenørskap. Dette fører til at det har oppstått nokre standardiserte retningslinjer for kva ein global byregion skal innehalda. I tillegg er det viktig for byar å differensiera seg frå andre byar, slik at dei blir lagt merke til og kan hevda seg i den interurbane konkurransen, med tanke på økonomisk vekst, entreprenørskap, innovasjon og kompetanseheving.

1.4 Avgrensing og introduksjon av empiri

Mine data hentar eg hovudsakleg frå Stavanger, slik byen framstår i dag. Eg tar utgangspunkt i byen som europeisk kulturhovudstad 2008 og undersøker arkitekturprosjektet Norwegian Wood, som er eit av hovudprosjekta i 2008-programmet. Fokus for oppgåva er Stavanger i tida frå kulturhovudstadsprogrammet blei føreslått i Høgre sitt program møte i 1999²⁹ til månadane etter 2008. I tillegg har eg eit fokus på utviklinga av austre bydel i Stavanger, med utgangspunkt i den planlagde utbygginga av Siriskjær og gentrifiseringsaspektet her. Stavanger Øst blir av Rolf Norås skildra som det største byutviklingsområdet i Stavanger.³⁰ Dette området har dermed eit stort potensiale for bruk av kulturstrategiar. Utviklinga av dette området er i gang, men mykje gjenstår. Det er ikkje eit mål å byggja ein ny bydel, men strategien er å resirkulera og vidareutvikla ein eksisterande bydel med dei fortrinn, utfordringar, eigenskapar og potensiala dette inneber.³¹ Det blir jobba mot ein kulturell profil av bydelen som ein *spennande smelting mellom gammalt og nytt*.³² Arbeidet med utviklinga av området peiker utover det tidsaspektet eg jobbar med. Likevel er eg interessert i kva planar og strategiar som ligg til grunn for utviklinga av bydelen, og eg vil røra ved dette aspektet mellom anna ved å gå inn på gentrifiseringsaspektet ved Siriskjær-prosjektet. Mitt mål er å peika på strategiar som Stavanger har tatt i bruk, og å dra parallellar frå globale trendar til lokale kontekstar eksemplifisert gjennom prosjekt i NW. Ved å setja Stavanger inn i ein global samanheng, meiner eg å opna for ei breiare forståing av Stavanger som global aktør, og som brukar av kultur som konkurransefremjande strategi i den interurbane konkurransen.

Det er få av dei 14 NW-prosjekta som er fullrealiserte i skriveperioden, og nokre prosjekt er det framleis usikkert om vil bli oppførte. Siriskjær-prosjektet er eitt av desse. Likevel brukar eg Siriskjær-prosjektet som eksempel, fordi det gjev viktig informasjon og materiale om transformasjonsprosessane som er planlagde i austre bydel, og dei ideala som er sentrale for NW spesielt og kulturhovudstadsprogram generelt.

1.5 Introduksjon av metode

Eg vil ta i bruk tre metodar: *Observasjon i feltarbeid*, *intervju* og *diskursanalyse*. Alle desse metodiske inngangane er forankra i den kvalitative forskingstradisjonen. Eg har vald ein kombinasjon av metodar som eg meiner på ein best mogleg måte kan gje meg oversikt over det feltet problemstillinga rettar seg mot. Observasjon gjennom feltarbeid gjev meg høve til å sjølv ha erfaringar og opplevingar av forhold i feltet. Gjennom intervju kan eg kartleggja kunnskap, meiningar og uttalte strategiar frå personar med sentrale posisjonar i problemfeltet. Gjennom diskursanalyse kan eg studera korleis mentale førestellingar blir forma gjennom konkurrerande diskursar. Eg knyter dei tre epistemologiske tilnærmingane *firstspace*, *secondspace* og *thirdspace* opp til diskursar og viser korleis mentale førestellingar ikkje nødvendigvis står i relasjon med realiteten.

- Ein viktig del av forskingsarbeidet mitt gjorde eg ved **observasjon** under eit **feltarbeid** der eg var tilsett ved NW-utstillinga som blei sett opp i Stavanger kunstforening 12.11.08-21.12.08. Formidlingsopplegget var i regi av *Den kulturelle skulesekken* og var derfor primært retta mot barn og unge. Utstillinga var eit samarbeidsprosjekt mellom Norwegian Wood, Nasjonalmuseet for kunst, arkitektur og design og Norske Arkitekters Landsforbund (NAL)/ECOBIX. Dette feltarbeidet gav meg høve til å studera korleis NW blir framstilt som heilskap og som delprosjekt. Feltarbeidet la til rette for å møte mange av dei involverte i NW, både frå Stavanger kommune, NAL/ECOBIX og Nasjonalmuseet for kunst, arkitektur og design. I tillegg fekk eg høve til å delta på den internasjonale konferansen *Norwegian Wood Conference* som blei arrangert i Stavanger 12.-16.11.08 i samband med NW-prosjekta.
- I tillegg vil eg basera delar av oppgåva på **intervju** av eit utval sentrale personar som er involverte i 1) Stavanger 2008, 2) Norwegian Wood-prosjektet og 3) i utvikling av austre bydel i Stavanger. Målet med intervjuet er å avdekkja intensjonar og strategiar for dei ulike prosjekta og seinare setja desse i samanheng med teoriane om neoliberalisme, urbanisering, globalisering, gentrifisering og interurban konkurranse.
- I oppgåva vil eg utføra ei **analyse** av måten NW-prosjektet marknadsfører og framstiller seg på. I denne tilnærminga ønskjer eg å bruka nokre hovudprinsipp frå diskursanalyse. Dette metodiske perspektivet har tidlegare blitt brukt i liknande analysar, som i Sæter og Ruud si analyse av urbane regenereringsprosjekt i Gamle Oslo.³³ Hensikta med å bruka denne tilnærminga er å sjå på korleis og i kor stor grad

framstillinga av NW-prosjektet er resultat av ei satsing på standardiserte og differensierte strategiar, og dermed korleis prosjektet bidrar til Stavanger si interurbane konkurransedyktigheit. Eg fokuserer på kva kontekst prosjektet blir satt inn i og korleis dette prosjektet framstår som imagebyggande for Stavanger. Eg vil studera korleis kultursatsinga til kommunen generelt og NW-prosjektet spesielt har parallellar til dei globale teoriane eg jobbar med. På Siriskjær vil eg studera korleis imaget til NW er med på å omforma denne delen av Stavanger. Her ser eg NW-prosjektet som ein del av gentrifiseringsprosjektet i austre bydel. Diskursanalysen vil bli diskutert i samanheng med Soja sin secondspace-epistemologi som vektlegg ideologisering av rom og strategiar som byggjer rundt det imaginære rom.

1.6 Oppbygging av oppgåva

- I kapittel **1** gjev eg ein introduksjon til oppgåva, med mellom anna presentasjon av tema, problemstilling og kontekst.
- I kapittel **2** vil eg presentera teoriane eg jobbar ut frå. Dette vil vera teoriar som påpeiker korleis samanhengar mellom neoliberalisme, globalisering og urbanisering har tvunge fram ei ny omgrepsleggjering av by. Slik vil eg koma inn på teoriar om globale byregionar og interurban konkurranse, og omgrep som standardisering og differensiering relaterte til interurbane konkurransereglar. Andre viktige omgrep er imagebygging, gentrifisering, realitet og diskursive førestellingar.
- I kapittel **3** vil eg ta for meg Stavanger som by og gje ein presentasjon av aspekt ved byen som eg meiner har relevans for oppgåva. Eg ser på Stavanger med eit historisk og økonomisk blikk for å dra parallellar til kvifor byen vel å ta i bruk einiskilde globale strategiar i dag.
- I kapittel **4** vil eg gje ein introduksjon av kulturhovudstadsprosjektet Norwegian Wood, med særleg fokus på delprosjekta Siriskjær og Egenes Park.
- I kapittel **5** vil eg gjera greie for dei metodiske framgangsmåtane eg vil ta i bruk: observasjon i feltarbeid, intervju og diskursanalyse.
- I kapittel **6** skal eg analysera materialet eg jobbar med ved hjelp av dei metodiske framgangsmåtane eg har valt. Eg vil ha ei diskursanalytisk tilnærming til Stavanger 2008 og NW-prosjektet. Eg er opptatt av korleis konkurrerande diskursive førestellingar påverkar prosjektet. Spesielt blir delprosjekta Siriskjær og Eiganes Park viktige eksempel i denne samanheng. Vidare vil eg visa til kulturstrategiar brukte i

Stavanger, basert på intervju eg har gjort med sentrale personar i Stavanger 2008, Urban sjøfront og NW-prosjektet. Eg vil setja fokus på strategiar, hensikt og mål for dei ulike prosjekta. Deretter vil eg diskutera kva effektar Stavanger 2008 generelt og NW-prosjektet spesielt har på Stavanger si konkurransedyktigheit i den globale marknaden.

- I kapittel 7 skal eg prøva å nærma meg nokre konkluderande betraktningar som svarer på problemstillinga, og eg vil utleia nokre utfordringar for framtida.

KAPITTEL 2: TEORI

2.1 Neoliberale strategiar

Den neoliberale diskursen er resultat av eit politisk skifte på 1970-talet som la vekt på nye strategiar for å oppnå vekst og utvikling på lokalt, regionalt og nasjonalt plan. Desse politiske endringane har hatt mykje å seia for arealmessige restruktureringar og generell bypolitikk i dagens byar. Det fordistiske økonomiske systemet kjenneteikna perioden frå 1930 og fram til byrjinga av 1970-talet og var prega av industriell masseproduksjon og massekonsumpsjon. Den keynesianske politikken som regulerte systemet, innebar makropolitikk i form av sosial og geografisk utjamning, full mannleg sysselsetjing, breitt fokus på velferdsprogram i tillegg til kollektive forhandlingar. Krisetilstanden i det kapitalistiske systemet tidleg på 70-talet blei konfrontert med nye organisasjons- og produksjonsformer. Det blei eit skifte til tertiærnæring som sentral økonomisk sektor, og stikkord for dei nye organisasjons- og produksjonsformene var *differensiering* og *spesialisering*. Finansiell deregulering skulle bidra til å forenkla den globale og flyktige flyten av kapital. Neoliberale ideologiar vaks fram og utfordra postfordistisk økonomi på 70-talet, og desse blei fremja som betre alternativ for å stabilisera eit økonomisk system som var prega av usikkerheit og ubalanse. Thatcher er kjend for sin påstand ”*there is no alternative*”³⁴, der ho skildrar neoliberalisme som einaste fungerande økonomiske diskurs. Både Thatcher og Reagan stod for ei heilskapleg utøving av neoliberal politikk, der neoliberalisme hadde rolle som både politisk diskurs og praksis. Dei neoliberale strategiane finn vi i dag i byar og land på tvers av partigrenser og velferdsstatlege tradisjonar.³⁵

David Harvey stiller seg kritisk til dei harmlause forklaringane om at neoliberalisme blei innført som ein måte å koma ut av den økonomiske krisa på. Han støttar seg til påstandane om at det neoliberalistiske prosjekt heilt frå byrjinga av dreidde seg om å tilbakeføra klasse-makt.³⁶ Harvey meiner det er to måtar å tolka neoliberalisering på; anten som eit *utopisk* prosjekt for å realisera eit teoretisk design for reorganiseringa av internasjonal kapitalisme, eller som eit *politisk* prosjekt for å reetablera vilkåra for kapitalakkumulering og for å tilbakeføra makta til den økonomiske elite. Harvey sjølv argumenterer for at den andre tolkinga har dominert i praksis.³⁷

Neoliberal politikkføring inneber at nasjonalstaten si rolle blir svekka. Den private marknaden slepp til, og nøkkelord er fri handel og fri marknad. Privat verksemd og entreprenørinitiativ er sett på som nøklane til innovasjon og verdiskaping. Den neoliberale teorien baserer seg på at den beste måten å eliminera fattigdom på, er gjennom fri marknad og fri handel.

Neoliberalistar er spesielt opptatte av å privatisera aktiva. Mangelen på klare rettar for privat eigedom, som det er i mange utviklingsland, blir ifølgje Harvey sett på som den største institusjonelle barrieren for økonomisk utvikling og forbetringa av menneskeleg velferd. Konkurransen mellom individ, firma og territorielle einingar som byar, regionar, nasjonar og regionale grupperingar er halde for å vera ein primær dyd for neoliberalistane.³⁸

Opningssetninga i artikkelen *Neoliberalizing space* av Jamie Peck og Adam Tickell viser deira oppfatning av neoliberalisme: "*Neoliberalism seems to be everywhere*".³⁹ Dei påstår at denne økonomiske teorien for fri marknad har blitt den dominerande ideologiske rasjonaliseringa for globalisering og notidig statsreform. Neoliberalisme har bidratt med eit slags rammeverk eller "ideologisk software" for konkurrerande globalisering; det inspirerer vidtomspennande program av statleg restrukturering og omlegging over eit vidt spekter av lokale og nasjonale kontekstar.⁴⁰ Peck og Tickell drar parallellen mellom neoliberalisme og globalisering, og hevdar at begge diskursane blir presenterte som naturaliserte, ytre krefter med utanomjordiske kvalitetar. Desse kreftene blir kopla saman med påståtte tendensar mot homogenisering, utjamning og samanfall.⁴¹ Peck og Tickell kritiserer måten globalisering og neoliberalisme blir naturalisert på, og meiner det gjenstår mykje arbeid, både empirisk og teoretisk, i å spesifisera og utforska dei ulike prosessane i neoliberalisering.

Eit hovudpoeng er at ideologiane om neoliberalisme er produserte og reproduerte gjennom institusjonelle former og politisk handling, sidan det Peck og Tickell kallar "faktisk eksisterande" neoliberalisme alltid på ein eller annan måte er hybride eller samansette strukturar.⁴² Dei skildrar neoliberalisme som eit regime stimulert fram av myndigheitene, dette spesielt i ein nordatlantisk kontekst. Peck og Tickell hevdar at neoliberalisme i ein skandinavisk samanheng ikkje har blitt oppfatta som eit konkurrerande regime, men som ein viktig diskurs som konstruerer reglane i interlokal konkurranse. Her former neoliberalismen metrikken som regional konkurranse, offentleg politikk, felles innsats og sosial produktivitet er målt i: verdi for pengane, fleksibilitet, aksjeverdi, sosial kapital og så bortover.⁴³ Peck og Tickell argumenterer for at neoliberalisering ikkje kan reduserast til eit utfall eller ein bieffekt av det etter-Keynesianske miljøet. Staten si tilbaketrekking har ikkje automatisk frigjort

innebygde kumulative konkurransekrefter, slik det har blitt framstilt. Heller har framveksten av neoliberalismen ført til ein politisk konstruksjon av marknader, med ei medviten innføring av konkurranselogikk og privatisert forvaltning.⁴⁴

2.2 Neoliberale strategiar i Stavanger

Det neoliberale paradigmet gjer seg òg gjeldande i Stavanger, noko som i stor grad påverkar utviklingsstrategiane for byen. Neoliberale strategiar er aktuelle på det politiske og økonomiske plan, og er retningsgjevande for mykje av den utviklinga vi ser i byen i dag. Oljeverksemda i Stavanger-regionen er sterkt prega av store private næringselskap, og desse har stor påverknad på økonomien til byen. Dei private selskapa har sterke interesser i byen, og kapital frå desse styrer til ein viss grad utviklinga i byen. Denne innverknaden er tydeleg i til dømes budsjettet for kulturhovudstadsåret, der sponsorinntekter frå det lokale næringslivet spelar ei svært sentral rolle i finansieringa av kulturbyåret. Sponsorinntektene står for ca. ¼ av alle inntekter organisasjonen 2008 budsjetterer med i åra 2004-2009.⁴⁵ At sponsorinntektene er så høgt stipulerte, forsvarar Stavanger 2008 med at bedriftene i Stavanger er både økonomisk rusta til å støtta i stor skala, i tillegg til at dei internasjonale bedriftene er opptatte av kulturtilbod og lokal infrastruktur. Stavanger 2008 legg vekt på at både Stavanger 2008 og samarbeidspartnarane skal ha langvarige og positive effektar av samarbeidet. I EU-søknaden blir dei høgt stipulerte sponsorinntektene forklart slik:

*Sponsorinntekter, prosjektstøtte og andre inntekter kan synes høyt stipulert, men det er viktig å være klar over at regionens næringsstruktur er spesiell. På grunn av Stavangers status som norsk oljehovedstad har alle oljeselskapene sine norske hovedkvarterer her. (...) Det gir et tilfang av selskaper som er betydelig større og har mer økonomiske ressurser enn regionens størrelse skulle tilsi. Dessuten er det en kjent sak at internasjonale bedrifter med mange ikke-norske medarbeidere er svært opptatt av kulturtilbud og lokal infrastruktur. (...) Å inngå sponsoravtaler er forpliktende, både for den som gir og for den som mottar midler. Det er derfor viktig at et sponsorsamarbeid har som mål at begge parter skal ha langvarige og positive effekter av samarbeidet. For å nå de målene Stavanger 2008 har satt seg, vil vi knytte til oss samarbeidspartnere som på den ene siden støtter oss med nødvendige pengemidler, varer og tjenester, og som på den andre siden får igjen verdier som vil bidra til bedriftens utvikling og rennome.*⁴⁶

I sitatet blir det lagt vekt på at sponsorane skal få utbytte av å støtta kulturhovudstadsprosjektet. Imagebygging blir nemnd som ein viktig og motiverande faktor. Gjennom store investerte sponsormidlar, får næringslivet sterke interesser i kulturhovudstadsprogrammet. På denne måten er Stavanger 2008 i stor grad eit prosjekt som inkluderer både offentlege og private krefter og kapital.

2.3 Interurban konkurranse og globale byregionar

Byar er sentrale knutepunkt i den globale økonomien. Omgrepet *regionale byregionar*⁴⁷ kan sporast tilbake til konseptet om *verdsbyar*. Det viser til subnasjonale regionar som går gjennom store endringar i lokal karakter og dynamikk på grunn av påverknaden frå globaliseringa. Tidlegare var regionane verna frå ekstern turbulens på grunn av posisjonen til sentralstaten. No er det ein tendens til at fleire av regionane har identitet og kraft som politiske og økonomiske aktørar på verdsmarknaden. Store byregionar dukkar opp i både industriland og utviklingsland. Byar over heile verda held fram med å veksa. Slik har byregionane blitt stadig meir sentrale i samfunnet fordi dei har blitt senter for all type produktiv aktivitet, frå alle typar tenester til teknologi. Posisjonen som knutepunkt i den globale økonomien fører byar inn i ein konkurransesituasjon. Som eit resultat av at politiske diskursar opnar opp for fri marknad og konkurranseforhold, har dette lagt grunnlag for ei blanding av press og moglegheiter som drar byar inn i ein meir intensifisert konkurranse med kvarandre. Økonomisk vekst står i fokus, og det er viktig for byar å ha eit renommé som differensierer seg i forhold til andre byar. Ofte spesialiserer byar seg på bestemte felt og blir på denne måten globale senter for ein bestemt produksjon eller ei spesiell teneste. Slik oppstår det ein enorm flyt av kunnskap og idear på det aktuelle området i byregionen. Eksempel på slik spesialisering er filmindustrien i Hollywood, moteindustrien i Paris, og bank- og finanstenestene i London og New York. Suksessen til desse byane er sterkt knytta til krava frå verdsmarknaden. Slik fungerer globale byregionar som regionale motorar i den globale økonomien.⁴⁸

Stavanger sin identitet er i stor grad knytt opp til oljenæringa. Som *oljehovudstaden* i Noreg har byen skapt seg eit namn både nasjonalt og internasjonalt. Stavanger-regionen er eit knutepunkt for informasjon og tenester som knyter seg til oljenæringa. Dette gjer byen konkurransedyktig, men fører også til ei sårbarheit for endringar i næringa, til dømes om olja skulle ta slutt. Det er med eit medvite forhold til dette at Stavanger gjer ei eksplisitt satsing på

kultur som ein ny økonomisk base, ei satsing som kjem til uttrykk gjennom arbeidet med å bli europeisk kulturhovudstad 2008. ⁴⁹

2.4 Kultur som økonomisk reiskap

Mange byar opplevde ei krise i samband med vanskelege tider for industribasert økonomi. Frå 1970-talet har industribyar opplevd store utfordringar i forhold til det å skapa økonomisk vekst. I løpet av dei siste 30 åra har mange slike byar sett i gang eit skifte frå ein industribasert til ein serviceorientert økonomi. I denne samanheng har kulturindustri hatt ein revolusjon. I eit økonomisk perspektiv har det blitt ei aukande interesse for å bruka kultur som ein reiskap for urban regenerering. David Harvey peiker på at den sentrale rolla byar har hatt i kulturproduksjon og -innovasjon kan vera ein viktig del av strategien for urban overleving. Dette formulerer han på denne måten:

Big cities have long been important arenas of cultural production, forcinghouses of cultural innovation, centres of fashion and the creation of "taste". In a world in which large cities have lost many of their traditional manufacturing functions but in which the imperialism of shifting tastes and fashions appears ever more important, it may well be that this traditional role of large cities can become part of a vital strategy for urban survival. ⁵⁰

Sjølv om byar alltid har hatt kulturelle funksjonar, har utviklinga mot servicebasert økonomi plassert kultur i senteret for økonomisk utvikling. Garcia hevdar at den tradisjonelle oppfatninga av kultur som kunst og arv har blitt utfordra, og at kultur no blir sett på som eit økonomisk verktøy, ei vare med marknadsverdi og ein verdifull produsent av salbare byrom. ⁵¹ Ho meiner at ei endring skjedde mot midten av 80-åra, då kulturpolitikk gjekk frå å vera ein mekanisme som fremja samfunnsutvikling og oppmuntra til sosial medverking, til å bli erstatta med ei vektlegging av potensialet kulturpolitikk har som ein reiskap for urban, økonomisk og fysisk regenerering. Garcia gjengjev fire karakteristikkar som skal definera ein periode prega av kulturøkonomisk politikk: ⁵²

1. Aukande investeringar i infrastruktur nødvendig for kulturell produksjon, som studio og liknande. Andre viktige faktorar er marknadsføring, støtte og planlegging av kulturelle distrikt.

2. Lansering av kulturelle flaggskip som kunstutvikling og høgt profilerte arrangement i bykjernen. Slike flaggskip er ofte baserte på lokal kulturarv, for å oppmuntra til kulturturisme.
3. Opprusting av urbane offentlege rom.
4. Ein stor vekst i partnerskap mellom private og offentlege aktørar. Dette inkluderer utviklarar, bankar og selskap av nasjonal og internasjonal betydning. Dei samarbeider om urbane spørsmål, inkludert kulturelle avgjersler for byen.

Utviklinga i Stavanger har klare likskapstrekk med karakteristikkane Garcia gjev av ein periode prega av kulturøkonomisk politikk. Frå det blei klart at Stavanger skulle bli europeisk kulturhovudstad 2008, har byen i stor grad auka investeringar i det kulturelle felt. Det har vore ei satsing på kulturell infrastruktur, ikkje berre ved å støtta dei store kunstinstitusjonane, men òg ved å støtta opp om meir alternative kulturarenaar. Oppfølging, opprusting og til slutt oppkjøping av Tou Scene i austre bydel er eit eksempel på dette. Samtidig jobbar Stavanger fram mot eit nytt konserthus som etter planen skal stå ferdig i 2011. Fyrste byggjestein blei lagt ned under avslutningsseremonien til kulturhovudstadsåret 2008, og bygginga av konserthuset kan dermed bli sett på som ei slags forsikring om at slutten på kulturbyåret 2008 ikkje var slutten på kultursatsinga i byen. Slik Garcia skisserer, er bygginga av konserthuset eit døme på lansering av kulturelle flaggskip, slik også satsinga på statusen som europeisk kulturhovudstad er eit eksempel på. I tillegg profilerer Stavanger seg som *filmby*, og byen har den siste tida blitt nasjonalt anerkjent for å ha eit filmmiljø der såkalla *Stavanger-filmar* blir laga. Garcia nemner opprusting av urbane offentlege rom som ein av karakteristikkane som definerer ein periode prega av kulturøkonomisk politikk. Oppussinga av torget i Stavanger kan setjast i samanheng med dette, eit arbeid som tok til i 2005. Oppgradering og transformasjon av industriområde i austre bydel kan òg bli sett i denne samanheng, der det mellom anna blir fokusert på å laga ein ny sjøfront som skal opna opp mot havet. I samband med kulturhovudstadsåret har det vore ein vekst i samarbeid mellom private og offentlege aktørar i Stavanger. Det vitnar mellom anna dei store sponsorinntektene til Stavanger 2008 om. I Stavanger Øst er Urban Sjøfront AS danna som ein interesseorganisasjon beståande av private utbyggjarar i austre bydel, og fungerer som ein strategisk samarbeidspartnar for kommunen i eit offentleg-privat samarbeid om utviklinga i Stavanger Øst.⁵³

2.5 ECOC-programmet

ECOC-programmet (European Capital of Culture) er eit spesifikt eksempel på korleis kultur blir brukt som eit ledd i imagebyggingsstrategiar. Å kunna fronta seg som kulturby er eit heilskapleg image som kan medføra stor tilstrøyming av turistar. Då programmet blei unnfanga i 1983, blei det brukt som ein markør for å feira byar si allereie tydelege kulturelle relevans. Slik programmet har utvikla seg har det no ei rolle som katalysator for å akselerera urban regenerering. Programmet for europeisk kulturhovudstad tok form på initiativ frå Melina Mercouri, den dåverande greske kulturministeren.⁵⁴ Hensikten med programmet er av Garcia formulert slik:

*The purpose of the programme was to give a cultural dimension to the work of the European Community at a time when it did not have a defined remit for cultural action, and to celebrate European culture as a means of drawing the community closer together.*⁵⁵

Programmet oppstod altså i ei tid der europeiske myndigheiter enno ikkje hadde definerte strategiar for kulturfeltet. I dei fyrste åra gjekk kulturhovudstadstatusen til store europeiske kulturbyar, som Athen (1985), Firenze (1986), Amsterdam (1987), Vest-Berlin (1988) og Paris (1989). Alle desse byane brukte året til å feira den kulturbystatusen dei allereie hadde. I forkant av feiringa i 1990 skjedde det ei ny utvikling for programmet. Det var avklart at det var Storbritannia som skulle ha programmet, og for fyrste gong i historia blei det halde ein konkurranse for å avgjera kva britisk by som skulle bli europeisk kulturhovudstad. Ni byar konkurrerte, deriblant fleire industribyar som Liverpool, Edinburgh og Glasgow, og til slutt blei Glasgow utpeika som vinnar. Glasgow skil seg i stor grad ut frå dei føregåande byane som har deltatt i ECOC-programmet. Det var ein tidlegare industriby prega av mykje sosial og kulturell fattigdom. Historia fortalte om ei lang økonomisk og industriell nedgang saman med store problem med arbeidsløyse, fattigdom, nød og slumområde. Glasgow hadde nokre av dei største og mest intense geografiske konsentrasjonane av fattigdom og sosial eksklusjon i Storbritannia. Skotsk forskning viste at meir enn halvparten av veljarkretsen i byen var blant dei fattigaste 10 % av Skottland si befolkning sett under eitt.⁵⁶

Valet av Glasgow representerer ein overgang til ei tid der kultur blir brukt som strategi i bymarknadsføring. Glasgow var den fyrste byen som brukte ECOC-programmet som ein katalysator for å fremja urban regenerering, og dette fokuset var klart uttalt i søknaden om å få

programmet. Satsinga skulle medføra ein reformasjon av byen, og målet var å bli eit postindustrielt sentrum som skulle trekkja til seg ikkje-lokale investeringar gjennom kulturelle prosjekt og stadsmarknadsføring. Dette resulterte i eit ambisiøst kulturelt program med eit makelaust nivå av finansiering frå lokale myndigheiter og private sponsorar. Glasgow sette standarden for ei ny utvikling i ECOC-programmet ved å utvida kulturomgrepet til å gjelda meir enn kunst. Dei fokuserte på ulike former for kultur som reflekterte identiteten til byen, slik som design, ingeniørkunst, arkitektur, skipsbygging, religion og sport. Glasgow ville gjennom programmet oppnå ei kulturell regenerering av byen. Kulturelle aktivitetar skulle ikkje berre gå føre seg inne i bykjernen, men skulle omfatta utkantane av byen, slik at heile lokalsamfunnet skulle få ta del i det som skjedde. Dei ville oppmuntra lokale nykomarar og unge organisasjonar samtidig som dei helste internasjonale selskap og store nasjonale selskap velkommen.⁵⁷

Med Glasgow skjedde det altså ei endring i funksjon og orientering for ECOC-programmet. Frå å vera eit program som var mest aktuelt for byar som allereie var kulturelle senter, blei kulturbyårstatusen ein viktig katalysator for byar som gjerne ville bli kjent for kulturen sin. Ikkje minst blei kultur ein akseptert byutviklingsstrategi. Det blei eit mål for Glasgow å skapa eit heilskapleg image som kulturby, med påfølgjande effektar av auka turisme og økonomisk vekst. Den såkalla *Glasgow-effekten* blei eit kjent omgrep i etterkant av kulturbyåret i Glasgow. Dette omgrepet viser til den økonomiske veksten Glasgow opplevde i etterkant av 1990. Den urbane regenereringa har ført til at økonomien i byen viser dei mest optimistiske tala på 30 år. Den økonomiske veksten har altså halde fram etter 1990, og byen har i stor grad blitt noko turistar vil sjå og oppleva. Arbeidsmarknaden i Glasgow har gått gjennom store endringar. Frå å vera ein arketypisk industriby, og kanskje den fattigaste av alle britiske byar, var 82,5 % av arbeidskrafta i 2003 engasjert i servicenæringa.⁵⁸ Desse tala gjev eit klart signal om at Glasgow er på veg *opp*, og denne såkalla Glasgow-effekten har blitt eit mål for mange byar som no satsar på kulturbasert byutviklingsstrategi med økonomisk gevinst for auget.

Trass i at Stavanger har ein svært sterk økonomi, ser byen likevel til Glasgow for å læra av den effekten ECOC-programmet har hatt på byen. I løpet av januar 2009 reiste utsendingar frå 2008-administrasjonen i Stavanger til nettopp Glasgow for å få retningslinjer for vidare utvikling for Stavanger etter at kulturhovudstadsåret var omme. Rolf Norås grunngav valet av reisemål med at dei oppfatta Glasgow som den byen som har hatt størst utbytte av ECOC-programmet. Norås meiner at Stavanger, i likskap med Glasgow, har behov for ei økonomisk

regenerering. Dette ser han i samanheng med at Stavanger ikkje kan ha den noverande økonomiske situasjonen som ei sovepute.⁵⁹ Ein forskingsrapport som er utført av Telemarksforskning-Bø på oppdrag frå Næringslivets Hovedorganisasjon (NHO) konkluderer med at Stavanger er den beste næringsregionen i Noreg, for tredje år på rad. Rapporten rangerer regionane i Noreg med omsyn til lønnsemd, vekst og nyetableringar. Desse delindikatorane, i tillegg til storleiken på næringslivet, inngår i ein næringslivsindeks som gjev ein samla karakter for næringsutviklinga i regionane. Rapporten tar òg omsyn til kva som kan forklara variasjonane i næringsutviklinga mellom regionane, i tillegg til FoU-aktiviteten til bedriftene.⁶⁰ I tillegg til denne rapporten, der altså Stavanger kjem best ut, presenterer Telemarksforskning ein rapport som graderer norske regionar ut frå attraktivitet. Attraktivitet er i denne samanhengen definert som eit område si evne til å trekkja til seg nye innbyggjarar gjeve utviklinga i arbeidsmarknaden i det same området. I attraktivitetsbarometeret for 2008 har det blitt fokusert på attraktivitet spesielt for to ulike grupper: Unge vaksne mellom 18-28 år, og barnefamiljar.⁶¹ På attraktivitetsbarometeret kjem Stavanger ut som den 72. mest attraktive regionen, med berre 12 regionar bak seg. Attraktivitetsbarometeret tar utgangspunkt i flyttemønsteret. Her er flytting som kjem som ein direkte konsekvens av ny arbeidsplass ikkje tatt med, og ein står dermed igjen med talet på kor mange som flyttar til og frå kvar region av andre grunnar enn jobb.⁶² Ut frå desse rapportane kan ein lesa at næringslivet i Stavanger går svært bra, men at Stavanger i mindre grad enn andre storbyar lokkar til seg unge og flytteklare. Ifølgje Rolf Norås har kultur evna til å auka attraktiviteten til ein stad.⁶³ I eit slikt perspektiv kan den omfattande satsinga på kultur, til dømes satsinga på Stavanger 2008, bli sett på som eit verkemiddel for å gjera regionen meir attraktiv, ikkje berre for turistar og næring, men òg for innbyggjarar og tilflyttarar.

2.6 Standardisering og differensiering

Fokuset på kultur i bypolitikken kan setjast i samanheng med imagebygging. I staden for å satsa på einskildelement, søker byregionen å promotera ei heilskapleg merkevare. Individuelle attraksjonar og bygningar blir samla under infrastrukturen som omgjev dei, for å skapa ei samla kjensle av destinasjon og stad. Den overordna merkevara rettleier planlegginga og avgjerslene for destinasjonen som heilskap. Eit viktig element i den urbane neoliberale diskursen er nødvendigeita av å differensiera seg frå andre byar. Med ei sterk merkevare tiltrekkjer byar seg turistar og konsumentar, og ein har høve til få seg ein posisjon i forhold til andre destinasjonar. Ein slik posisjon gjev tilgang på økonomiske fordelar og

marknadsandelar, og er ein klar motivasjonsfaktor ved imagebygging.⁶⁴ Den omfattande konkurransesituasjonen mellom byar gjer at mange av innovasjonane og investeringane som er designa for å gjera spesielle stader meir attraktive som kulturelle og konsumerande senter, raskt blir imiterte andre stader. Ingen vil bli hengjande etter i utviklinga av livsstil, kulturelle former og servicetilbod, noko som fører til ei intensiv blanding av press og moglegheiter for byar. Målet er å selja byen sin som ein stad for aktivitet. Derfor er det avgjerande å lukkast med å skapa eit attraktiv urbant image.⁶⁵

Ein kan sjå danningar av standardiserte konkurransereglar i den interurbane konkurransen. Ved at mange imagefremjande strategiar blir imiterte, er det tydelege likskapar mellom byar som fokuserer på kultur, konsum og innovasjon. Ønsket om å framstå som unik har paradoksalt nok medført ei standardisering. Urbaniseringsprosessar i dag oppstår ikkje i eit lokalt eller nasjonalt vakuum, men i ein internasjonal kontekst. Heidi Bergsli viser korleis ein òg i norsk kontekst er innforstått med korleis entreprenørstrategiar blir brukt i interurban konkurranse, og korleis byutvikling blir instrumentalisert i marknadsføringa av byar. Bergsli siterer frå utredninga *Fjordby eller Havneby? Om Oslos havne- og sjøside* som er utført av Plan- og Bygningsetaten: *"havnefronten er blitt områder hvor byene skal vise sitt nye ansikt. I en stadig mer globalisert utvikling er byutvikling blitt et virkemiddel til å profilere seg i internasjonal konkurranse"*.⁶⁶ Men samtidig som byar tydeleg lar seg inspirera av internasjonale og globale trendar og strategiar, er det eit mål å ikkje bli ein kopi av andre byar. Ein kombinasjon av attributtar skal til saman skapa eit unikt uttrykk. Utviklinga i Oslo er eit eksempel på ei slik satsing. Dei arbeider fram mot eit image som *Fjordbyen*, der ei restrukturering av hamneverksemnda langs fjorden skal leggja til rette for nye bruksområde innan serviceøkonomien. Operaen er flaggskipet som skal gje Oslo og Bjørvika det imaget dei ønskjer, og er ein eksplisitt sentralstatleg strategi i profileringa av Oslo og Noreg. I tillegg til operaen skal bydelen vera prega av bustader, ein stor andel næringsverksemd, store kulturinstitusjonar som Universitetets Kulturhistoriske Museum og Deichmanske bibliotek, akvarium og mindre kunst- og kulturføretak.⁶⁷ Oslo har eit eksplisitt mål om å differensiera seg frå andre byar. Dette ønskjer dei å oppnå ved mellom anna å gjera Bjørvika til ein arena og generator for kreativitet, innovasjon og verdiskaping. Bydelen skal styrkja Oslo som teknopol, sidan Bjørvika skal tilby eit strategisk rom for innovasjon.⁶⁸

Stavanger er inne i ei omfattande satsing på byutvikling, med merkbare referansar til internasjonale og globale strategiar. Det er absolutt relevant å sjå på Stavanger med eit blikk

på korleis byen følgjer standardiserte konkurransereglar i den interurbane konkurransen, og på kva grep Stavanger tar for å differensiera seg frå andre byar. Dagleg leiar for Urban Sjøfront, Kristin Gustavsen, seier at organisasjonen stadig ser til andre byar for å læra av tilsvarande byutvikling av bydelar. Byar ho nemner som inspirasjonskjelder, er store europeiske byar som Amsterdam, Rotterdam, København, London og Oslo. På denne måten kan organisasjonen ta lærdom av kva andre byar har gjort, og vidare inkludera og ekskludera strategiar i utviklinga av Stavanger Øst. ⁶⁹

2.7 Byar sin symbolske kapital

Ein by er avhengig av økonomiske faktorar som areal, arbeid og kapital. Men refleksjonen over kva som skal vera synleg og ikkje, konsept om orden og uorden, og bruk av estetisk makt, er også viktige moment. I lys av dette har byar alltid hatt ein symbolsk økonomi. ⁷⁰ Ifølgje Sharon Zukin har det sidan 1970-talet skjedd ei utvikling av den symbolske økonomien. Det som i dag representerer byen, er det biletet ein sel av byen på eit nasjonalt og globalt nivå. Den symbolske økonomien er ein kombinasjon av bilete og produkt. ⁷¹ Det visuelle spelar ei viktig rolle i å definera offentleg kultur. Det er dei med politisk og økonomisk makt som har størst føresetnadar for å forma offentleg kultur ved å kontrollera bygningane i dei offentlege romma, sjølv om dei offentlege romma er meinte å vera grunnleggjande demokratiske. Zukin hevdar at ein ikkje kan snakka om byar i dag utan å forstå korleis byar brukar kultur som ein økonomisk base. ⁷² Ho peiker på at kultur forsyner den grunnleggjande informasjonen, inkludert symbol, mønster og mening, til nesten heile serviceindustrien. Kulturomgrepet har utvikla seg til å bli ein abstraksjon for nesten ein kvar økonomisk aktivitet. Sidan kultur er eit system for å produsera symbol, er alle forsøk på å prøva å få folk til å kjøpa eit produkt ein del av kulturindustrien. På bakgrunn av dette seier Zukin at kultur er samanfletta med kapital og identitet i produksjonssystema til byen:

(...) the word culture has become an abstraction for any economic activity that does not create material products like steel, cars, and computers. Stretching the term is a legacy of the advertising revolution of the early 20th century and the more recent escalation in political image making. Because culture is a system for producing symbols, every attempt to get people to buy a product becomes a culture industry (...) Culture is intertwined with capital and identity in the city's production systems. ⁷³

I lys av dette kan ein spekulera i at byar med attraktive kulturelle institusjonar etablerer ein konkurransefordel i forhold til andre byar ved å trekkja til seg nye forretningsselskap og firma. Kultur blir ein måte å skapa ei samanhengande og konsekvent merkevare på. I løpet av 1970-talet byrja lokale politikarar og forretningsalliansar å ta i bruk kultur som ein del av entreprenørske strategiar i amerikanske og europeiske byar. I skiftet til etteretterkrigsøkonomien blei til dømes bygginga av store moderne kunstmuseum sett på som eit vitalitetsteikn for den økonomiske sektor. På same måte blei revitaliseringa av gamle industri- og hamneområde sett på som eit uttrykk for vitalitet og moglegheiter for ekspansasjon i byen.⁷⁴ Paradoksalt blei avindustrialiserte område arenaer for ein ny kulturell og symbolsk industri, der rustikk arkitektur blei basis for nytt formspråk og nye funksjonar. Satsinga på utvikling av *waterfront* har vore ein utbreidd regenereringsstrategi for europeiske og amerikanske byar sidan 1970-åra og fram til i dag. Canary Wharf i London er eit anerkjent waterfrontområde og Aker brygge er døme på ein av dei fyrste waterfrontane i norsk kontekst. I dag har dei fleste byar i nærleiken av vatn ein waterfront som opnar byen opp mot sjøen, og som gjev tidlegare hamne- og industriområde ein ny arkitektur.

Teoriane om symbolsk kapital og satsing på kultur i byutviklingsstrategiar er ikkje berre noko som gjer seg gjeldande i dei største amerikanske og europeiske byane. At Stavanger no gjer ei eksplisitt satsing på kultur, er eit eksempel på at òg mellomstore og mindre byar tar i bruk desse kulturstrategiane. På same måte som Zukin skildrar, tar Stavanger i bruk kulturelle verkemiddel for å skaffa seg konkurransefordelar i forhold til andre byar, og for å skapa eit namn og ei heilskapleg merkevare for byen. I samband med utbygginga av austre bydel og utviklinga av sjøfronten, har Stavanger fått sin waterfront. Austre bydel består av 600 dekar som geografisk har alle føresetnadar for å bli eit attraktivt bustad- og næringsområde, med lang strandlinje, nærleik til sentrumskjernen og tilgang til store friområde.⁷⁵ Området ligg i forlenginga av det eksisterande Stavanger sentrum og ligg ved sjøen, mot aust. Lervig Brygge er namnet på eit storstilt utbyggingsprosjekt langs sjøen i austre bydel som med utgangspunkt i moglegheiter for utfylling i reguleringsplanen har ei tomt på om lag 65 dekar. Utbygginga av Lervig Brygge vil føregå over ein periode på 10 -15 år. Området er planlagt utbygd med ca. 900 bustader og attraktive næringsareal.⁷⁶ I dette arbeidet er det tydeleg korleis Stavanger jobbar fram ein waterfront i tråd med globale trendar for urbane restrukturingsstrategiar, slik Zukin skisserer det.

2.8 Gentrifisering

Slik Zukin framstiller det, er fysiske inngrep i byen viktig i arbeidet med å skapa kulturelle symbol på økonomisk vitalitet og moglegheiter til utvikling. Ein kan sjå mange typar regenereringsprosjekt i byar i lys av dette, ikkje minst *gentrifiseringsprosjekt* skjedd på bakgrunn av waterfrontbygging. Omgrepet gentrifisering skildrar ein prosess der karakteren til eit område blir endra, og nye befolkningsgrupper flyttar til. Omgrepet blei fyrst brukt av sosiologen Ruth Glass i 1964, i eit forsøk på å skildra nokre distinkte prosessar av urban endring som fann stad i indre London. Dei endringane ho skildra er no kjende som *klassisk gentrifisering*:

One by one, many of the working-class quarters of London have been invaded by the middle class -upper and lower. Shabby, modest mews and cottages- two rooms up and two down – have been taken over, when their leases have expired, and have become elegant, expensive residences. (...) The current social and value of such dwellings are frequently in inverse relation to their status, and in any case enormously inflated by comparison with previous levels in their neighbourhoods. Once this process of “gentrification” starts in a district it goes on rapidly until all or most of the original working-class occupiers are displaced and the social character of the district is changed. ⁷⁷

I utgangspunktet var gentrifisering forstått som ei rehabilitering av forfalne bustader i arbeidarklassestrøka i store byar. Mot slutten av 1970-talet byrja ei breiare konseptualisering av omgrepet å ta form, og ved byrjinga av 1980-talet hadde det blitt utvikla ei vidare forståing av fenomenet gentrifisering. På 1980-talet blei rehabiliteringar av bustadområde sette i samanheng med prosessar for spatial, sosial og økonomisk restrukturering. Gentrifisering stod fram som ein synleg komponent på denne transformasjonen. Utviklinga var tydeleg i framveksten av waterfronts, hotell, eksklusive shoppinggater, luksuskontor og utvikling av bustadområde i store byar. ⁷⁸ Slik har fenomenet gentrifisering gjennomgått ein mutasjon og er i dag ein prosess som inngår i regenereringsstrategiar i byar over heile verda.

Neil Smith har lagt vekt på forholdet mellom globalisering, neoliberalisme og den skiftande rolla til staten i notidig gentrifisering. Han argumenterer for at gentrifisering no fungerer som ein *global urban strategi* som er knytt saman med ein ny globalisme og ein beslekta ny urbanisme. ⁷⁹ Smith skildrar gentrifisering som ein global, urban strategi for

kapitalakkumulering. Han brukar uttrykket *urban regenerering* for å skildra den strategiske bruken og generaliseringa av gentrifisering som eit middel i den globale, interurbane konkurransen. Sidan 1990-talet har gentrifisering blitt ein utbreidd byutviklingsstrategi for offentleg-private koalisjonar rundt om i verda.⁸⁰ Smith argumenterer for at den neoliberale staten no er agenten til marknaden, heller enn regulatoren. I tillegg argumenterer han for at gentrifisering har blitt eit globalt fenomen. Det er ikkje lenger eit fenomen avgrensa til Nord-Amerika, Europa og Oseania, men er blitt ein generalisert strategi i krinsløpet til global kapital og kulturell sirkulering.⁸¹

Gentrifisering er ikkje lenger eit fenomen som kun er avgrensa til dei største byane. Seinare i oppgåva vil eg sjå på korleis Stavanger som ein mindre by òg tar i bruk desse strategiane i utviklingsprosessane i austre bydel. Innanfor norsk forskning var det Oddrun Sæter og Marit Ekne Ruud sine analysar av Gamle Oslo som viste skiftet i karakteren til gentrifiseringa; frå individuelle og privat initierte småskalaprojekt, til å bli ein politisk offentleg initiert strategi.⁸² Det er nettopp denne tilnærminga som vil bli viktig for mitt fokus på gentrifisering i Stavanger Øst. Saman med Heidi Bergsli sine analysar av transformasjonsprosessar i Bjørvika⁸³, viser denne forskinga frå Oslo korleis kultur blir brukt som byutviklingsstrategi i gentrifiseringsområde for å tiltrekkja nye sosiale grupper. I tillegg kjem det fram korleis ny estetikk, arkitektur og sosial samansetning gjev byar høgare symbolsk kapital og dermed ein betre posisjon innanfor interurbane konkurransesystem.

2.9 Entreprenørstrategiar i Noreg

Oddrun Sæter og Marit Ekne Ruud peiker på ei utvikling frå sosialdemokratiske tradisjonar til entreprenørpolitikk i Noreg.^{84 85} I ei skildring av Oslo hevdar dei at det har vore eit skifte i diskurs og politikk, frå bustadforbetring til byforedling. Ansvar for det offentlege har heile tida vore til stades, men strategiane har endra seg frå sosialdemokratiske til entreprenørpolitiske prosjekt. Utviklinga har gått frå offentleg ansvar til større privat ansvar. Likevel meiner Sæter og Ekne Ruud at denne utviklinga ikkje er eit klart uttrykk for eit politisk skifte frå venstre til høgre i Oslo. Politikarane frå begge fløyer er opptatte av å marknadsføra byen. Interesse for offentlege rom er stor, særleg med tanke på salbarhet og attraktivitet. Oppgraderinga held fram i samarbeid med private aktørar. Nye aktørar blir inviterte inn, både på produksjonssida og konsumpsjonssida.⁸⁶

Stadsmarknadsføring spelar ei sentral rolle i byar sine økonomiske strategiar. Byar er finansielle senter i den globale økonomien, samtidig som dei er møtestader for kunnskap og ekspertise. Det personlege møtet er like viktig som det elektroniske, og som konsekvens av dette er byane ikkje berre finansielle senter, men òg senter for kulturell produksjon og kulturelt konsum. Slik kan ein forstå kvifor kulturindustrien i byar veks i takt med globalisering av næringslivet.⁸⁷ Det er ei tydeleg utvikling mot at teoriar sine gyldigheitsområde blir utvida. Mange av dei prosessane som tidlegare har blitt skildra for store vestlege byar, kan no registrerast i mindre byar i Norden.⁸⁸ Stavanger er symptomatisk her, slik ein kan kjenna igjen utbreidde strategiar om urban regenerering og kultur som økonomisk strategi i byen sine byutviklingstiltak.

Kapittel 3: Stavanger

3.1 Framveksten av byen

Stavanger by vaks fram i mellomalderen, og ein reknar bystatusen frå 1125, året då Stavanger bispedømme blei oppretta og Domkirka blei bygd. I 1801 var folketalet på berre 2460 personar, noko som gjorde byen til den åttande største i landet. Etter å ha vore vekke frå Rogalandskysten i 25 år, kom silda tilbake i enorme mengder i 1808. Som konsekvens av dette, investerte kjøpmenna i Stavanger i skuter, sjøhus, i produksjon av tønner og import av salt. Bøndene strøymde til frå landet for å ta del i sildefisket, og i løpet av 1800-talet blei befolkninga i Stavanger tolvdobla, frå 2460 i 1801 til 38 000 i 1910. I periodar var befolkningsauka tre gonger så stor i Stavanger som i resten av landet.⁸⁹ Det blei trongt om plassen innanfor byen sine dåverande grenser, og ein del av ekspansasjonen som fann stad i denne perioden skjedde derfor utanfor dei gamle bygrensene, særleg austover. Her voks det fram ei stor mengd bustadhus, og slik byrja Stavanger Øst å ta form i fyrste halvdel av 1800-talet.⁹⁰ I 1840 hadde Stavanger passert Bergen både som den viktigaste eksportbyen for sild og som sjøfartsby.⁹¹

Men så tok silda slutt, like brått som ho hadde kome. Nokre år seinare kom konsekvensane. I 1882 blei dei fyrste handelsmenna og handelshusa slått konkurs, og fleire skulle det bli. Dei store fall fyrst. Eit sitat av Kielland viser kven som leid mest då dei mektigaste falt: ”Sparepenger forsvunnet, barns og kvinners fond inndratt i virvelen, arbeidsfolk uten arbeid, de små handlende med ubetalte regninger”.⁹² Då silda forsvann, forsvann òg alle sesongarbeidsplassane på land som hadde fiske som føresetnad. Nokre år seinare forsvann òg den store arbeidsmarknaden på sjøen. At silda forsvann var skjebnesvangert for dei mange arbeidarane som var knytte opp til fiskenæringa i Stavanger. Eit tilsvarande stort problem for økonomien til byen var at skipsflåtane i Stavanger var seglskuter, medan framtida låg i dampskip. Dei som hadde kapitalen sin bunde opp i sild og segl stod utsett til.

Hermetikkindustrien skulle bli redninga for byen. Mot slutten av 1870-talet byrja Stavangerfolk å hermetisera brisling. Sildeperioden hadde lært folk rundt Vågen til å handla med utlandet, og Stavanger overtok leiinga i eit nytt norsk industrieventyr. Frå 1890 til 1914 endra byen karakter. Antalet industriarbeidarar blei mangedobla. Stavanger blei den tredje største industribyen i Noreg, etter Kristiania og Bergen. Samtidig blei skipsindustrien viktig for Stavanger, og hjørnesteinsbedrifta Rosenberg-verftet er framleis i drift i dag.⁹³

3.2 Trehusbyen Stavanger



Figur 1: Gamle Stavanger⁹⁴

Kjelde: www.gamle-stavanger.com

Stavanger har gjennom Stavanger 2008 og NW blitt framstilt som den største trehusbyen i Europa.⁹⁵ Slik blir trehusarkitektur kopla til identiteten til byen. Tre blei brukt til å byggja båtar så vel som hus, ein tradisjon som er typisk for den vestnorske kystkulturen.⁹⁶ Medan andre byar tok til å byggja i mur, bidrog fråveret av store bybrannar etter 1860 til at Stavanger heldt fram med å byggja i tre. Slik opprettheldt bykjernen sitt opphavlege preg. Dette blei forsterka ved at byen heldt fram med å byggja små ein- og tomannsbustader, sjølv etter at byen hadde blitt så stor at det var grunn til å venta ei utvikling mot tettbygde leigegardar i mur. Busetnaden på 1800-talet hadde eit nøkternt preg, til dømes samanlikna med den langt større byen Bergen. Her var bygningane rikare ornamentert og stilimpulsane tydelegare. Mønsteret med frittliggande bustadhus, som i 1890 talte 1500 einingar, gjorde at det utbygde arealet i Stavanger etter 1900 fekk ei langt større utstrekking enn det folketalet i byen skulle tilseia.⁹⁷ NW tar utgangspunkt i at Stavanger er den største trehusbyen i vår kulturkrets og meiner at den vestnorske trehusarkitekturen fortel historia om vår kystkultur. NW vil bidra til å sikra og vidareutvikla trehusbyen, og peiker samtidig på at arkitekturturisme er ein vaksande trend internasjonalt. Gjennom fokus på moderne og nyskapande arkitektur, meiner NW å kunna gje grunnlag for auka internasjonal profilering og reiselivsutvikling.⁹⁸

Samtidig som det er fokus på trearkitekturen i regionen gjennom NW, blir det stadig vedtatt å riva delar av trearkitekturen i Stavanger sentrum for å plass til til dømes nybygg og parkeringsanlegg. Arkeologisk Museum i Stavanger sine planar om å riva ei rekkje med verneverdige trehus for å gjera plass til eit nybygg, og tidlegare planar om å riva ni verneverdige trehus på Nytorget i Stavanger, er eit døme på dette. Antikvar Carl Egil Buch sa i 2006 dette om rivingsplanane på Nytorget:

*Det er av de eldste husene i byen fra 1840-50-60-tallet. Alle er bygget i klassisistisk stil i utgangspunktet, men senere ombygget slik at noen fremstår som sveitserhus og ett har til og med fine jugend-detalljer. Dette er unike detaljer som er viktig i det stavangerske stilspråket. Vi kan sikkert bygge opp noe nytt og fint her, men vi vil neppe kunne bygge noe som står til gaterommet like godt som disse husene gjør. Ingenting kan erstatte den formen og kvaliteten som det som ligger her.*⁹⁹

I dette tilfellet på Nytorget gjekk kommunen i 2007 likevel imot riving av åtte av dei ni aktuelle husa på Nytorget, då det ikkje var klare planar for kva tomte skulle brukast til.¹⁰⁰ Vedtaket om å riva fire trehus ved Arkeologisk Museum står framleis, sjølv om det er politisk usemje om dette.¹⁰¹ At kommunen går inn for å riva delar av trehusbyen står i kontrast med verdiane som blir ytra gjennom NW, der det nettopp er Stavanger som den største trehusbyen i Europa som står i fokus. Dette vitnar om trehusbyen som eit konfliktfelt, mellom bevaring av den historiske byen på den eine sida, og riving og fornying på den andre.

3.3 Byutviklingsstrategi

Etter andre verdenskrig ville Stavanger-politikarane utføra nokre grep for å gjera byen attraktiv for den nye importvara: turistane. I 1946 vedtok eit einstemmig bystyre å riva heile sentrum, bortsett frå Domkirka, Valbergtårnet, den gamle tollbua på Straen og Petrikirka. Nybygga i mur, som Atlantic hotell, skulle representera gjennombrøtet til moderniteten. Men på 50- og 60-talet var økonomien i byen igjen på hell. Hermetikkindustrien var i nedgangstider, og økonomien i byen var så skral at planen om å riva sentrum blei skrinlagd. Arkitekten Einar Hedèn engasjerte seg i at byen burde ta vare på bygningsmassen på Straen. Fem år seinare vedtok bystyret, med knappast mogleg margin, ein ny reguleringsplan som bevarte ein ørliten del av dei kvite små husa.¹⁰² I dag har husa i Gamle Stavanger høg vernestatus og er ein stor turistattraksjon og ein viktig del av identiteten til byen.¹⁰³ Gamle Stavanger blir omtala som sjølv hjartet i trehusbyen og består av hus som stort sett er bygde på 1800-talet. Den viktige posisjonen Gamle Stavanger spelar for byen i dag blir skildra slik i eit saksframlegg i kommunalstyret for byutvikling:

Det arbeidet som har vært utført i nesten to generasjoner, av utallige personer i utallige sammenhenger, men som startet opp med en visjonær fagmann: Arkitekt og tidligere

*byantikvar Einar Hedéns ustoppelige innsats, har båret synlige frukter. Gamle Stavanger ble i 1960-årene et pionerprosjekt i nordisk bygningsvern og satte Stavanger på det internasjonale kartet i bygningsantikvarisk virksomhet”. (...) Stavangers innsats i vern av eldre trehusmiljøer er kjent ikke bare i Norge, men etter hvert også i Norden, og ikke bare av fageksperter! Det såkalte ”Trehusbyen”-prosjektet i Kommuneplanens arealdel (1994-2005) vil fokusere innsatsen ytterligere og medvirke til Stavangers ”image” som historisk kystby og turistby. I trehusbyen regnes Gamle Stavanger som selve kjernen.*¹⁰⁴

Husa i Gamle Stavanger blei opphavleg sette opp av handverkarar og sjøfolk, og i 1865 budde det i gjennomsnitt 10 personar i kvart av dei små trehusa.¹⁰⁵ Endringane Gamle Stavanger har vore gjennom kan lesast som ei form for gentrifisering, der området har gått frå å vera eit bustadområde for arbeidarklassen, til å bli eitt av dei mest profilerte bustadområda i Stavanger. Gjennom opprusting har dette området endra karakter og attraktivitet, og nye samfunnsklassar har flytta inn. Gamle Stavanger har blitt eit salsobjekt som trekkjer turistar og merksemd til området. I tillegg lagar området i dag ei overgangssone mellom sentrum og transformasjonsområdet i Bjergsted. Dette området vil spela ei stadig større rolle for byen, på bakgrunn av det nye konserthuset som etter planen skal stå ferdig her i 2011. Dermed blir Gamle Stavanger og trehusa her ein naturleg inngangsportal til eit nytt kulturelt flaggskip for byen. Eg ser statusen som trearkitekturen har fått gjennom Gamle Stavanger i samheng med motivasjonen til å ta tak i eit prosjekt som NW. Slik eg ser det, har Gamle Stavanger sin status fremja interessa for trearkitektur, og den særeigne trehusbebygginga i regionen har på den måten blitt ein viktig del av identiteten til Stavanger. Slik Gamle Stavanger er viktig for Stavanger, kan NW oppfattast som eit produkt av posisjonen trearkitekturen har fått i byen.

3.4 Oljeeventyret

I byrjinga av september 1969 blei det funne olje på norsk sokkel. Dette var ein lottogevinst av dei sjeldne for Noreg. Det store spørsmålet blei no kva norsk by som skulle bli sentrum for oljeverksemda i landet. Dåverande ordførar i Stavanger, Arne Rettedal, innsåg raskt at dei amerikanske oljeselskapa kom til å velja den byen som la forholda best til rette. Politikarar og næringsfolk i Stavanger såg moglegheitene i olja raskare enn konkurrentane i Bergen og Trondheim. Dei amerikanske oljefolka ville ha engelskspråkleg skule til barna og gode hus. Alt dette blei lagt til rette for i rekordtempo, og amerikanarane var nøgde. Like viktig var det å overbevise regjering og storting kor den nye oljehovudstaden burde liggja. Stavanger freista

med store areal på Forus, med basane som var etablert i Dusavika og Risavika, den nyoppretta amerikanske skulen, det fine hotellet ved Breiavatnet, og med flyruter og eige oljeraffineri. Stortinget stemde med stort fleirtal Stavanger fram som den nye norske oljehovudstaden. ¹⁰⁶

Olja skulle visa seg å bli svært lønsam for byen. Det tok berre ti år før Stavanger passerte Oslo i nettoinntekt per skatteytar. At byen blei rikare, gjorde seg synleg i bybiletet. Dette viste seg i flotte einestader, og i bygging av flotte offentlege bygg; som kunstmuseet ved Mosvatnet, kulturhuset på Arneageren, konserthuset i Bjergsted og bydelshus i dei nye bydelane. Byen blei igjen større, han vaks frå 80 000 innbyggjarar i 1970 til 90 000 i 1980, 100 000 i 1993 og 110 000 i 2003. I takt med denne positive økonomiske utviklinga, blei befolkninga i Stavanger prega av ein meir liberal økonomisk tenkjemåte, som i heile denne perioden har vore støtta av ei høgreorientert lokalpolitisk styring. Ikkje berre misjonen, men også arbeidarrørsla blei drive på defensiven av dei nye verdiane. ¹⁰⁷

3.5 Stavanger Øst og Urban Sjøfront



Figur 2: Visjon for den nye sjøfronten i Stavanger Øst ¹⁰⁸
Kjelde: www.tu.no

Stavanger Øst opplevde ei stagnering etter nedlegginga og fråflyttinga av hermetikkindustrien. Tidleg på 1980-talet engasjerte fleire næringsdrivande seg kollektivt, og Næringsforeininga Stavanger Øst (NSØ) blei etablert. Ei rekkje tiltak blei gjennomførte i samarbeid med Stavanger kommune for å fremja utvikling i området. Satsinga gav nokre konkrete resultat, men i konkurranse med andre næringsområde uteblei den ønskede utviklinga. I 1996 blei det etablert ei offentleg-privat samarbeidsgruppe som starta arbeidet med ein strategiplan for området. I samband med kommuneplanen i 1997, innførte Miljøverndepartementet restriksjonar om å frigje meir landbruksareal på Forus. Dette skjedde før kommunen gjennomførte ei betre utnytting av eksisterande område, som mellom anna Stavanger Øst. Arbeidet med strategiplanen gav eit ekstra fokus på området og blei

avgjerande for det fokuset området har hatt dei siste åra, og posisjonen området har som eit av dei viktigaste byutviklingsområda i Stavanger. ¹⁰⁹

Vidare blei det utvikla ein strategiplan for Stavanger Øst. Ei av hovudoppgåvene var å marknadsføra området. I tillegg kom behovet for ei felles referanseramme for grunneigarane og føringar for nye reguleringsplanar. Utfordringane blei samanfatta i arbeidet *Urban Sjøfront Storhaug – visjon for sentrumsnær byutforming*, som blei lansert sommaren 1999. Visjonen fekk brei oppslutning og blei lagt til grunn for opprettinga av eit meir formelt samarbeidsprosjekt. Samarbeidsprosjektet tok namnet *Urban Sjøfront* frå visjonen. Prosjektet blei tildelt oppgåva med å utarbeida felles reguleringsplanar for to av tre delområde. I tillegg valde styringsgruppa på eige initiativ å setja i gang ei rekkje nøkkelprosjekt. *Urban Sjøfront* stod fram som ein aktør i byutviklinga, og behovet for ein meir formell organisasjon utvikla seg. Ni grunneigarar gjekk saman om å stifta det private non-profit-selskapet *Urban Sjøfront AS* sommaren 2002. I åra vidare slutta fleire seg til, og selskapet blir i dag eigd av 21 grunneigarar og andre aktørar i området. Målsetjingar, strategiar og oppgåver er vidareførte frå samarbeidsprosjektet, og selskapet blir i dag finansiert gjennom prosjektoppdrag, tilskot og eigarbidrag. ¹¹⁰

Urban Sjøfront AS jobbar aktivt med å utvikla Stavanger Øst. Dagleg leiar i selskapet, Kristin Gustavsen, framhever bydelen som ei forlenging av Stavanger sentrum. Ho påpeiker at det er eit mål å gjera Stavanger til ein meir samansett by som kan tilby noko meir til innbyggjarar, innflyttarar og turistar. I denne samanheng har bydelen hatt det ho kallar *ein spennande vekst på kulturnæring*. ¹¹¹ Ho nemner ulike merkenamn som har vore og er viktige for denne utviklinga av Stavanger Øst: Kafeen Ostehuset, Tou Scene, BI, Johannes læringscenter, Atha Yoga, Kjelve-parken (skatepark) og ein ny temporær skatehall. Gustavsen meiner det er viktig å leggja til rette for næring som trekkjer ein del folk til bydelen. Eit mål er å tilby konsept og samansetjingar av tilbod som ikkje finst i sentrum eller andre stader. ¹¹²

3.6 Universitetsby

Sidan 1969 har eit område på Ullandhaug bore eit namn som vitnar om ambisjonar: *Universitetsområdet*. I 1969 var ikkje *Rogaland distriktshøgskole* større enn ein grendaskule, med fire tilsette og 55 studentar. Men utover 1970-talet skjedd det store endringar. Fyrst blei det oppretta lærarhøgskule, deretter hotellfagskule. I 1971 blei det lagt til rette for

petroleumsstudentar. I 1971 hadde 55 studentar blitt til 600. Målet var klart: Stavanger skulle bli ein universitetsby. Stavanger-regionen møtte motstand frå den norske sentralmakta, men heldt fram med arbeidet sitt. I 1989 gjekk regjeringa inn for at Noreg ikkje skulle ha fleire universitet enn dei fire som allereie var oppretta. Likevel blei det i 2004 vedtatt at Stavanger skulle bli universitetsby: Høgskulen i Stavanger fekk status som universitet frå og med 2005.

113

Den amerikanske forfattaren og økonomen Richard Florida skildrar økonomien i dag som ein grunnleggjande kreativ økonomi. Han meiner at dei grunnleggjande økonomiske ressursane ikkje lengre er kapital, naturressursar eller arbeid, men viten. Han ser på kreativitet, altså skapinga av nyttige, nye former som spring ut av denne viten, som den avgjerande drivkrafta i samfunnet. Han formulerer viten og informasjon som kreativiteten sitt materiale og reiskap. Innovasjon er, anten i form av ein ny teknologisk artefakt eller ein ny forretningsmodell, kreativiteten sitt produkt.¹¹⁴ Florida skildrar det å ha eit større forskingsuniversitet som ein grunnleggjande infrastrukturell komponent i den kreative økonomi. Han meiner dette er ein viktigare komponent enn det kanalar, jernbanar og motorvegar var i tidlegare tider, og skildrar universitet som ei enorm potensiell kjelde til å skaffa seg konkurransefordelar.¹¹⁵ I denne samanheng kan ein sjå på Stavanger sin status som universitetsby som eit viktig element i byen si konkurransedyktigheit i den interurbane konkurransen. Gjennom å vera universitetsby, kan Stavanger lettare trekkja til seg det Florida kallar *den kreative klasse*, og som han meiner er den ultimate økonomiske ressurs. Den kreative klasse består av menneske som tenkjer globalt, som set pris på kunst, kvalitet og autensitet, og som lar seg inspirera av andre kreative menneske i arbeid og fritid.¹¹⁶ Han meiner evna til å få nye idear og finna på betre måtar å gjera ting på i siste instans er det som fører til auka produktivitet og dermed auka levestandard.¹¹⁷ Med utgangspunkt i Florida sine påstandar om at viten er den ultimate økonomiske ressurs¹¹⁸, kan eit universitetsmiljø oppfattast som eit viktig grunnlag for ei treeining mellom kunnskap, kultur og kapital. På bakgrunn av dette kan ein lesa at ein slik fusjon av intellektuell og kulturell kapital som eit universitetsmiljø kan bidra til, er viktig for byar si konkurransevne i den interurbane konkurransen om globale kapitalgode.

3.8 Stavanger som kulturby 2008

2004 blei eit viktig år for Stavanger, med store ringverknader for framtida. I tillegg til å få status som universitetsby, blei Stavanger dette året tildelt statusen som europeisk

kulturhovudstad 2008. Fem år tidlegare hadde ideen blitt lufta under ein uformell diskusjon i Stavanger Høgre om programmet for kommunevalet 1999. Ideen blei presentert under oppmodinga om at Stavanger må våga å tenkja stort og sikta høgt.¹¹⁹ At Stavanger sikta mot å bli europeisk kulturhovudstad kan setjast i samanheng med å leggja til rette for ein kreativ økonomi. Som ny universitetsby, kunne Stavanger no satsa mot ein fusjon av kulturell og intellektuell kapital og ein sterkare samanheng mellom kunnskap, kapital og kultur. Ei satsing på kreativ økonomi kan i lys av Florida sine omgrep og teoriar styrkja Stavanger sin posisjon i den interurbane konkurransen.

Stavanger sin søknadsprosess til ECOC-programmet byrja allereie i 2001, og det var ein lang veg fram til godkjenninga i 2004. Her er søknadsprosessen skissert:¹²⁰

Søknadsprosessen i korte trekk:

1. 1. oktober 2001: Bystyret i Stavanger ønskjer at Stavanger og regionen skal søkja om status som europeisk kulturhovudstad i 2008.
2. Partnerskapsavtale mellom Stavanger kommune, Sandnes kommune og Rogaland fylkeskommune. Stavanger kommune går inn med 50 mill kroner. Sandnes kommune og Rogaland fylkeskommune med 25 mill kroner kvar.
3. Tilknyttinga til England er viktig; Liverpool søkjer same status som Stavanger-regionen.
4. Status som europeisk kulturhovudstad er eit fenomen som krev eit nasjonalt engasjement. Byane Oslo, Bergen, Trondheim, Tromsø, Kristiansand, Drammen, Fredrikstad og Bodø støttar opp om kandidaturet til Stavanger-regionen, og vil delta i eit samarbeid om kulturhovudstadsprosjektet.
5. 16. juni 2003: Stortinget gjev klarsignal og garanterer for inntil 100 millionar kroner.
6. 25. februar 2004: Søknaden blir presentert for fagjuryen til EU.
7. 10. mars 2004: Innstillinga til juryen blir oversend til ministerrådet til EU.
8. 27. mai 2004: Ministerrådet avgjer at Liverpool og Stavanger-regionen blir Europa sine kulturhovudstader i 2008.

Stavanger-regionen sin søknad til europeisk kulturhovudstad er i to delar:

Del 1 omhandlar dei verdiar, visjonar, prioriteringar og føresetnadar som Stavanger-regionen har for å oppnå kulturhovudstadstatus.

Del 2 er meir konkret og gjev mellom anna ein presentasjon av nokre prosjekt.¹²¹

Som søknadsskissa viser, var førebuingane for søknaden ein omfattande prosess. Mange pengar blei investert, både av Stavanger, Sandnes, Fylkeskommunen og den norske stat via Stortinget. Dette gjev inntrykk av at kulturbyåret var ei investering. Samtidig låg det eit nasjonalt engasjement bak søknaden, sidan andre norske byar var villige til å delta i eit samarbeid om kulturhovudstadprosjektet. Slik påberopar Stavanger-regionen seg både nasjonale og internasjonale tilknytningar, sidan òg forholdet til England blei vektlagt.

Sjølvve intensjonen og motivasjonen for å søkja om kulturhovudstadsstatusen kjem fram i fyrste del av EU-søknaden. Her blir det lagt stor vekt på at regionen skal bli meir attraktiv, særleg for dei unge; den framtidige generasjonen. For å forklara potensialet som ligg i regionen, brukar dei omgrep som *autensitet*¹²² og *kulturarv*¹²³ og viser regionen sine spor heilt tilbake til bronsealderen. Stavanger-regionen blir skildra som ein møttestad for lokale tradisjonar og utanlandsk påverknad. Kjende namn blir nemnde som eksempel på føregangsmenn som ikkje var redde for det ukjende; Fridtjof Nansen, Roald Amundsen, Thor Heyerdal, Sam Eyde, Henrik Ibsen, Edvard Grieg og Edvard Munch. I søknaden hevdar Stavanger-regionen at dei vil vera like uredde for det nye og ukjende, og har som mål å gripa framtida. Dei vil henta inspirasjon frå Europa og samtidig la Europa sjå regionen. Som det står i søknaden: *We invite Europe to explore Norway. We will revitalize Norway culturally and expand our horizons.*¹²⁴ I søknaden marknadsfører Stavanger-regionen ein lang kulturtradisjon og brukar internasjonalt kjende nordmenn for å visa sin rettmessige plass i europahistoria. I tillegg til ei kulturell feiring, blir kulturbyåret framstilt som ein sjanse til å setja Stavanger-regionen på kartet, og på den måten trekkja til seg nye innbyggjarar, verdiskaping, turisme og økonomisk vekst. Slik skildrar dei i søknaden aspekta som kan følgja kulturbyåret:

*The European Union's support for the Capitals of Culture has become an important event on the European tourist's agenda. The status has given the chosen cities a higher cultural profile both during the year itself and in the following years. Previous cities have been put on the map as a destination for tourists interested in culture, and these cities have improved their image.*¹²⁵

Slik drar altså Stavanger ein parallell til rekkja av byar som har hatt ECOC-programmet. Den positive effekten som blir skildra i søknaden kjenner vi igjen i den såkalla Glasgow-effekten. Imagebygging blir omtala som noko som fører til at byar blir sette på kartet som destinasjonar for kulturinteresserte turistar. Gjennom imagebygging vil regionen oppleve auke i turisme og som Stavanger òg legg vekt på i søknaden; regionen vil bli ein attraktiv stad for framtidige innbyggjarar. Verdiskaping og økonomisk vekst blir nøkkelord òg i Stavanger-regionen sitt ECOC-program.

3.9 Programstrategi

Sjølve strategien for kva Stavanger ønskjer å få ut av kulturbyåret kjem fram i EU-søknaden. Det blir lagt vekt på at statusen som europeisk kulturhovudstad vil vera starten på ein ny æra for regionen. Året vil vera oppstarten på utviklinga av ein ny visjon for Stavanger-regionen; ein visjon som omfattar dei kollektive effektane av regionen før, i løpet av og etter kulturhovudstadsåret i 2008.

Programstrategien slik han blir framstilt i EU-søknaden:

- *A sharper focus on the role of culture for the region's future and on culture as the factor in development.*
- *A modern and pulsating region, based on identity, tolerance, respect and dialogue.*
- *An attractive region for creativity and the performing arts, which guarantees good working relationships and opportunities for exposure.*
- *New creativity, energy and engagement from the region's inhabitants and a more qualified and quality-conscious public.*
- *An attractive region for skilled professionals and the establishment of business enterprise, with good forums for interaction in cultural life.*
- *A region that builds networks and partnerships with other regions, cities and cultural organisations nationally and internationally.*
- *A region that brings in considerable resources from public, private and other sources.*
- *A unique opportunity to profile Stavanger as a modern city-region on the periphery of Europe.* ¹²⁶

Gjennom programstrategien blir kultur framheva som ein viktig del av regionen si framtid og utvikling også på felt som ligg utanfor kulturfeltet. Regionen skal bli ein attraktiv stad for profesjonelle og for etablering av nye forretningsidear og føretak. Ved hjelp av kulturhovudstadstatusen, skal Stavanger-regionen bli profilert som ein moderne byregion i periferien av Europa. Eit anna viktig punkt i strategien er at Stavanger-regionen skal bringa inn ressursar både frå offentlege, private og andre kjelder. Dette ligg nært opp til dei entreprenørstrategiane som blir forfekta gjennom neoliberalismen. Innhaldet i hovudstrategien blir ytra gjennom eit marknadsføringspråk som rettar seg mot attraktive interurbane konkurransekriterium og dermed mot ei målretta posisjonering av Stavanger si interurbane konkurransedyktigheit.

3.10 Kultur som byggjestein

I søknaden kjem det fram at Stavanger satsar på kultur som ein byggjestein i moderne regionsutvikling. Regionen ønskjer å ha fleire søyler å byggja økonomien på. I dag er regionen sterkt avhengig av oljeverksemd, både økonomisk og posisjonsmessig på den internasjonale marknaden. Dei ønskjer å ha ein sterk økonomi som ikkje er avhengig av kun olje, og kultur er eitt av dei satsingsområda som skal føra til ein meir mangfaldig og mindre sårbar økonomi. Eit viktig poeng er at satsinga på ein meir mangfaldig økonomi skjer no når regionen framleis har handlingsrom og ressursar til å etablera nye satsingsområde. Både korleis erfaringar med olje gjev føresetnadar for å reisa kultur som ny økonomisk plattform, og viktigheita av kultur som ny næring, kjem til uttrykk i følgjande sitat:

Mer enn noen gang opererer Stavanger-regionen på et internasjonalt marked. Siden slutten av 1960-årene har regionen opplevd kraftig vekst i og med utbyggingen av oljeindustrien, takket være store funn i Nordsjøen. Stavanger-regionen kan imidlertid om få tiår bli rammet av nedgang i sin sterkt oljeavhengige økonomi når oljefeltene i Nordsjøen gradvis tømmes. Men regionen har ennå handlingsrom og ressurser til å kunne møte en slik fremtidig utfordring. Det kan bare gjøres ved å etablere en mer mangfoldig og mindre sårbar økonomi som hviler på flere søyler enn i dag. Både politikere, næringsledere og folk flest har pekt på kultur som en slik søyle. Kultur har sin åpenbare egenverdi, men kan i tillegg være et velegnet virkemiddel i arbeidet for å fremme næringsliv, utdanning og helse. Internasjonaliseringen gjennom oljeeventyret har gjort regionen skikket og villig til en betydelig satsing på internasjonalt samarbeid og handel.¹²⁷

Slik blir kulturen sin økonomiske funksjon framhevd. Eigenverdien til kulturen kjem i skuggen av rolla som verkemiddel i arbeidet med å fremja næringsliv, utdanning og helse. Kultur blir brukt instrumentelt som ein strategisk reiskap for næringsutvikling. Stavanger 2008 har som eksplisitt mål å utfordra dei tradisjonelle skilja mellom økonomi og kultur. Det er òg eit mål å utfordra skilja mellom offentleg finansierte og kommersielle, profittbaserte aktivitetar. Dette samspelet meiner dei er avgjerande for å halda på profesjonelle aktørar og tiltrekkja nye talent til felt som teknologi, kommunikasjon, kunst og vitskap. Det er òg viktig for moderniseringa av kunsten i regionen.¹²⁸ Avgjerande for dette prosjektet er korleis desse strategiane har utgangspunkt i ein neoliberal byutviklingsstrategi, der kulturen si nye instrumentelle rolle får ein uttalt posisjon for regional næringsutvikling og interurban posisjonering.

Kapittel 4: Norwegian Wood – eit kulturhovudstadsprosjekt

4.1 Nyskapande arkitektur med trehusbyen Stavanger som utgangspunkt.

Norwegian Wood var eitt av hovudprosjekta i Stavanger 2008, og var ein del av kulturbyåret heilt sidan EU-søknaden blei presentert i 2004. Prosjektleiari i NAL/ECOBOX, Ellen Devold, skildrar prosjektet som eitt av dei viktigaste prosjekta i EU-søknaden og som ein viktig faktor for valet av Stavanger som kulturhovudstad 2008.¹²⁹ Ideen bak NW går ut på å finna nye, rasjonelle måtar å byggja i tre, og prosjektet er fronta som den største satsinga på miljøvenleg, framtidretta arkitektur i Noreg nokosinne. Bakteppet for prosjektet er at Stavanger er den største trehusbyen i Europa, og NW vil vidareutvikla denne tradisjonen gjennom å byggja 14 nyskapande prosjekt. I forkant av utbygginga har det blitt arrangert internasjonale arkitektkonkurransar, seminar og tverrfaglege workshops med dei fremste ekspertar i Noreg og Europa. Alle dei 14 byggjeprojekta er underlagde kriterium der dei skal visa lågt energiforbruk og designprinsipp for universell utforming. I tillegg skal dei ta i bruk miljøvenlege materiale og nye byggesystem i tre, og framstå med ein høg arkitektonisk kvalitet.¹³⁰

NW er eit breitt samarbeidsprosjekt leia av *Norske Arkitekters Landsforbund* (NAL) og ECOBOX. Samarbeidspartnarar er Stavanger 2008, Stavanger kommune, Sandnes kommune, Innovasjon Noreg, Enova, Husbanken, Byggekostnadsprogrammet, Statens bygningstekniske etat, Miljøverndepartementet og Trenæringen.

Mot slutten av 2008 blei det arrangert ein internasjonal konferanse med over 400 deltakarar frå heile verda¹³¹, utstilling og befaringar til ulike byggjeprojekt; alt i tilknytning til NW-prosjektet. Gjennom konferansen og utstillinga hadde NAL/ECOBOX som mål å presentera og debattera resultata av NW, og vidare dela erfaringar og kompetanse med byggenæringa, politikarar, planleggjarar og brukarar. Eit eksplisitt mål med NW er å bidra til at Stavanger-regionen blir eit utstillingsvindaug både nasjonalt og internasjonalt for moderne og miljøvenleg trearkitektur.¹³² Prosjektleiari i Stavanger kommune, Grete Kvinnesland, meiner at Stavanger har sett seg sjølv på kartet gjennom NW, og at det slik sett har vore eit vellukka prosjekt. Dette er til trass for at ikkje alle byggjeprojekta har blitt realiserte enno, som til dømes Siriskjær-prosjektet. Kvinnesland meiner NW har skapt ein viktig arena for

trehusbygging i regionen, og at det no er kortare mental veg til etablert forskning på miljøvenleg arkitektur.¹³³ Dette er noko Stavanger-regionen kan byggja vidare på, og Devold legg nettopp vekt på at kompetansen på miljøvenleg trehusbygging har vakse i Rogaland i løpet av bygginga av NW-prosjekta. Ho peiker på at fleirtalet av aktørar og entreprenørar var frå Rogaland, og at desse no har tileigna seg kunnskap som dei kan ta med seg inn i nye prosjekt.¹³⁴

4.2 Norwegian Wood-byggjeprojekt

Desse prosjekta blei realiserte i 2008:

- Jåtten Øst B7 - Bustadområde med rekkehus på Jåtten i Stavanger (April Arkitekter, Noreg).
- Lanternen - Utandørs amfiscene i Sandnes sentrum (Atelier Oslo / BLM/AWP Paris).
- Preikestolhytta - Ny turistforeiningshytte ved Preikestolen (Helen & Hard AS, Noreg).
- Egenes Park - Femtiåtte urbane bustader og barnehage i Stavanger (HLM arkitektur og plan, Noreg / Onix, Holland).
- Bogafjell 2 - Tjueseks einebustader og rekkjehus, Sandnes (CODE, Noreg).
- Marilunden - Ti einebustader i kjede, Godeset, Stavanger (Sivilarkitekt Wilhelm Eder, Noreg / Noncon:form, Østerrike).
- Lierdal gård og kulturlandskap - Tilbygg til einebustad/gardstun (Helge Schjeldreup Sivilarkitekter MNAL, Noreg).

Desse prosjekta finst det planar om å realisera etter 2008:

- Jåtten Øst B8 - Bustadområde med rekkehus på Jåtten i Stavanger (April Arkitekter, Noreg).
- Valenheimen - Kunstnarhus i Fartein Valens landskap, Valevåg, Sveio (Arkitektgruppen Valenheimen, Noreg).
- Siriskjær – Hundre og femti leilegheiter i Stavanger (Studio Ludo, Noreg /A.A.R.T. Danmark).
- Bogafjell 1 - Tjuefire einebustader og rekkehus, i tillegg til parkeringshus, Sandnes (RAMP, Noreg / YOUMEHESHE, UK).
- Trebru over Eideåna - Gang-/sykkelbru over Eideåna som del av Nordsjøruta, Egersund (Arne Eggen Arkitektkontor, Noreg).
- Tilbygg Stavanger (arkitekt Christian Schöberle, Noreg).

- Gangbru på Forus (Selberg Arkitektkontor, Noreg)

4.3 Krav til prosjekta

Prosjekta er ulike i utforming og funksjon, men felles for alle er at dei oppfyller dei strenge krava NW stiller til lavt energiforbruk, designprinsipp for universell utforming, miljøvenlege materiale og byggesystem i tre. I tillegg skal dei ti mest brukte produkta i kvart prosjekt gjennomgå ei miljøvurdering i henhold til *ECO-product*. Her er ei utdjuing av dei fire hovudkriteria i NW, slik dei blir framstilt av NAL/ECOBIX: ¹³⁵

Treteknikk:

Det fyrste kriteriet i NW er at det skal byggast i tre. Det skal brukast tre i både konstruksjonar, overflater og detaljar. Det skal vera høg arkitektonisk kvalitet på prosjekta, og dei skal vera nyskapande. Rasjonelle, moderne produksjonsmåtar skal brukast på ein moderne, stadstilpassa og mangfaldig måte. Bygga skal framstå som førebilete for framtida og dermed bidra til å vidareføra god byggjeskikk. Rasjonell trebygging handlar om å organisera byggjeprosessen på best mogleg måte. Prefabrikkering, som går ut på at bygningselement blir ferdig produserte på førehand, er eit mål. På denne måten blir byggjetida på byggeplassen kortare. Dei nye byggjemåtane i tre tar utgangspunkt i dei kjende konstruksjonane laft, bindingsverk og stav, men er ei vidareutvikling av desse.

Miljøvenlege materiale:

NW framhever viktigeita av å bruka miljøvenlege materiale i byggjeprosessen. I dag står byggjebransjen for 40% av materialressursane og 40% av avfallsproduksjonen i Noreg. Framstilling av byggjemateriale er ofte svært ressurskrevjande. Materiala blir transportert langt og inneheld ofte helse- og miljøfarlege stoff. Tremateriala skal helst koma frå område i nærleiken av der husa blir bygde, slik at ein slepp miljøskadeleg transport. Maling og andre produkt til handsaming av treet skal vera miljøvenlege produkt.

Energieffektivitet:

SINTEF si nye energimerkeordning trer for fullt i kraft i 2009. NW har som krav at alle byggjeprosjekta skal tilfredstilla minimum klasse B. NW- byggjeprosjekta ligg på eit høgare nivå enn dei nye forskriftene og har ein reduksjon av energiforbruket på mellom 30-70% i forhold til vanleg forbruk. Byggjeprosjekta har ulike løysingar på denne utfordringa. Dei har ein kombinasjon av såkalla passive og aktive tiltak. Passive tiltak omhandlar sjølve

bygningsskroppen; kompakt bygningsskropp, tjukkare vegger, høgisolerte vindauge og god detaljering for å unngå såkalla kuldebruer. Aktive tiltak kan til dømes vera varmpumpe, balansert ventilasjon og varmevekslar. Det gjeld å bruka minst mogleg energi og ha effektiv utnytting av energien som blir tilført.

Universell utforming:

Universell utforming handlar om å byggja slik at alle kan bruka bygningane og uteareala på ein likestilt måte. Det blir lagt til rette for ulike behov: for rørslehemma, rullestolar, barnevogner, synshemma, blinde, allergikarar med meir. Alle skal ha moglegheit til å bruka omgjevnadene med verdigheit og på lik linje.

4.4 Siriskjær-prosjektet



Figur 3: Vinnarforslaget til byggjeprojektet på Siriskjær: ”Innanfor Utanfor” ¹³⁶
Kjelde: www.otium.no

Det er planlagt ein ny trehusby på Siriskjær, som ligg i eit transformasjonsområde i Stavanger Øst. Utbygginga er ein profilert del av NW-prosjektet, noko som delvis kan forklarast med plasseringa i den nye bydelen i Stavanger Øst. Her blir det i stor grad blir bygd og planlagt innanfor rammene av ein kulturbasert infrastruktur. Siriskjær er planlagt som eit blanda bustadområde som ligg på grensa av eit utvida Stavanger sentrum. Slik skildrar NAL prosjektet:

Det nye boligområdet fortsetter sjøhusrekken langs Vågen og skaper en variasjon av sammensatte volumer og smug. Strukturen gir lun innside mot byen og en åpen utside mot hav og horisont, flettet sammen av smugene som skaper gjennomganger. En tilsvarende irregularitet av rom og volumer finnes i sentrumskjernen og i Gamle Stavanger, som er tilnærmet fri for rette, regulære gateløp. Siriskjær skal skape gode rom langs vannet, som

behersker de ulike, og raskt skiftende værforhold, og som skaper et nytt offentlig rom langs den værharde sjølinjen. Strukturen er likevel åpen nok til å tilgodese uterommene med kontakt til sjøen. Området gir byen oppholdssteder ved vannet, men også ly når dette er nødvendig.

137

Plasseringa av Siriskjær-prosjektet er spesielt interessant. Stavanger Øst er det største byutviklingsområdet i Stavanger, og per i dag blir det mellom anna jobba med å få opp attraktiviteten til området. Som i mange andre avindustrialiserte bydelar, har austre bydel i Stavanger vore prega av ei sosial stigmatisering. Arbeidet med bydelen inneber eit fokus på å revitalisera bydelen slik at fleire ønskjer å bu og jobba her. Det er òg eit klart mål å etablere ny næring her, og på denne måten la austre bydel bli ei forlenging av sentrum.¹³⁸ Siriskjær-prosjektet representerer noko nytt for Stavanger og austre bydel, og blir fremja som eit viktig ledd i arbeidet med å gjera Stavanger Øst til ein meir attraktiv stad å bu. Kvinnesland framhever Siriskjær som eit viktig og prioritert prosjekt for kommunen på bakgrunn av at det kan bli ein motor for austre bydel.¹³⁹ Tomta blei selt av kommunen med krav om at eit NW-prosjekt skulle bli bygd der. Finanskrisa har derimot sett ein mellombels stoppar for realiseringa av prosjektet, og utbyggjar ønskjer no å selja tomte tilbake til kommunen. Framleis rådar det stor usikkerheit om framtida til Siriskjær-prosjektet og kva som eventuelt vil koma på den aktuelle tomte om prosjektet ikkje blir realisert.¹⁴⁰

4.5 Egenes Park



Figur 4: Egenes Park ¹⁴¹

Kjelde: www.moelvenmassivtre.no

Dette prosjektet blei realisert i løpet av 2008 og er eit bustadanlegg som består av 56 leilegheiter og ein barnehage. Egenes Park ligg, i motsetning til Siriskjær-prosjektet, på *en av Stavangers beste adresser*. ¹⁴² Eiganes er vestkanten av Stavanger, ein bydel som i stor grad består av gamle ærverdige trehus og villaer. Her er bustadprisane tradisjonelt sett i det øvste sjiktet. Egenes Park ligg på tomta til gamle Stavanger fotballstadion; dette er ei adresse dei fleste i Stavanger har eit forhold til. Slik skildrar NAL prosjektet:

Prosjektet Egenes Park består av boliger og en barnehage. Med løsningen søker arkitektene å tilpasse seg den lille skalaen, med eksisterende trehusbebyggelse i syd, og med rekkehus på tvers av tomten. Mot stadionområdet og den store skalaen i nord legger vi et langstrakt bygningsvolum på tre etasjer med mesanin. Dette grepet gir gode visuelle og fysiske forbindelser mellom eksisterende bebyggelse langs Bretlandsgaten og det nye parkområdet på stadion. De ulike bygningsvolumene er samlet i en beskyttende «energikåpe» med hette, som åpner seg mot syd og beskytter mot nord. Hoveddelen av hagearealet er felles, og det er lagt vekt på å finne en løsning som både ivaretar den enkeltes behov for en skjermet uteoppholdsplass og fellesområder. ¹⁴³

Egenes Park har vist seg å vera eit vanskeleg prosjekt å selja. Prosjektet kom på bustadmarknaden på eit tidspunkt der finanskrisa hadde slått til, og det rådde uro i

verdsøkonomien. Sjølv om media hevdar at bustadmarknaden i Stavanger ikkje har blitt prega av finansuroa i like stor grad som i andre norske storbyar, har Egenes Park slite med salet.¹⁴⁴ Ved byggjestart hadde utbyggjar berre seld 12 av 56 leilegheiter.¹⁴⁵ Etter ferdigstilling blei det søkt om å få innvilga mellombels bruksendring frå bustader til leilegheitshotell inntil leilegheitene blei selde. Kommunalstyret for byutvikling har gjeve midlertidig dispensasjon frå gjeldande reguleringsplan slik at inntil 30 leilegheiter kan brukast som leilegheitshotell.¹⁴⁶ Det føreligg protestar frå samtlege naboar i Bretlandsgata (16 stk) som viser til at bruksendringa vil vanskeleggjera vidareutviklinga av eit stabilt og godt bustadmiljø. Stavanger kommune har derfor sett dispensasjonen til ein periode på 3 år til maksimalt 5 år, slik at prosjektet så snart som mogleg skal gå over til faste bustader og bli det *stabile barnefamilieområdet som naboane ønskjer*.¹⁴⁷

Kapittel 5: Metode

5.1 Kvalitative metodar

Denne oppgåva er ein studie av Stavanger som global aktør i eit interurbant konkurranseforhold. Eg har valt kvalitativ til fordel for ei kvantitativ metodisk tilnærming. Dette er gjort på bakgrunn av problemstillinga, som i staden for å leggja opp til eit studie av kor stor utbreiinga av den interurbane konkurransen er, legg opp til å studera kva fenomenet går ut på og korleis det blir konstituert, politisk akseptert og nøytralisert gjennom diskursive strategiar.¹⁴⁸ Eg set funna eg gjer i Stavanger i samanheng med aspekt i andre byar fordi eg meiner at dei urbaniseringsprosessar som kan kartleggjast i Stavanger uttrykkjer globale endringsprosessar. Når eg har valt eit avgrensa utval, vil det vera vanskeleg å generalisera. Derimot kan eg med fokus retta mot nokre utbreidde strukturar i fleire byar dra parallellar til Stavanger og på den måten setja Stavanger inn i ein global kontekst.

Eg vil bruka til saman tre ulike metodar i arbeidet med oppgåva: Observasjon under feltarbeid, diskursanalyse og intervju. Dette er metodar som bidrar til ei kvalitativ tilnærming til problemstillinga.¹⁴⁹

5.3 Feltarbeid og observasjon

Observasjon og feltarbeid som metode:

Observasjon er ein nærliggjande metode når ein vil studera fenomen i sine naturlege omgjevnadar. Brukt som metode, inneber observasjon at forskaren brukar sansane sine på ein meir disiplinert og gjennomtenkt måte enn det han gjer til dagleg. For å danna seg ei meining om det ein observerer, er det nødvendig å vita meir enn det sjølve observasjonen fortel. Til dømes må ein vita kva meining aktøren sjølv tillegg handlinga. Som forskar må ein òg vurderer om dei som blir observerte hadde opptredd annleis om dei ikkje visste at dei blei observerte. Observasjon skjer som oftast i feltet, og deltakande observasjon kan vera nyttig når det kjem til å studera felt der ein ikkje har definert kva spørsmål ein vil ha svar på.¹⁵⁰ I tillegg kan feltarbeid opna moglegheiter til å få tilgang til arenaer ein elles ikkje hadde hatt tilgang til. I mitt forskingsprosjekt var dette tilfellet, då min status som formidlar i utstillinga *Norwegian Wood – et laboratorium* gav meg tilgong til den internasjonale konferansen *Norwegian Wood conference*, som hadde ei anna målgruppe enn meg som kunst- og

kulturvitskapsstudent. At eg hadde ein definert status på feltet som formidlar og dermed som ein av dei tilsette i NW-prosjektet, utvida mine moglegheiter til å observera.

Ein kan bruka observasjon anten strukturert eller ustrukturert. Ved strukturert observasjon vel forskaren på førehand ut bestemte aktivitetar som skal observerast, medan ein ved ustrukturert observasjon ikkje avgrensar interessa til å gjelda bestemte aktivitetar.¹⁵¹ Vidare kan observasjon vera direkte eller indirekte. Direkte observasjon inneber at dei observerte veit dei at blir observerte og kva som er hensikta. Ved indirekte observasjon veit ikkje dei involverte kva som er hensikta med observasjonen.¹⁵² Når ein utfører eit feltarbeid, må forskaren innta ein eller fleire statusar. Dette er nødvendig for å kunna samhandla med dei ein vil studera. Ein vellukka deltakande observasjon føreset at forskaren lukkast med å etablera relasjonar til informantane. I tillegg må forskaren ha eit reflektert forhold til statusen han blir tildelt og til si eiga rolleutforming.¹⁵³

Metoden si relevans for oppgåva mi:

Ved hjelp av feltarbeid og observasjon fekk eg høve til å studera førebuingane til og formidlinga av utstillinga *Norwegian Wood – et laboratorium*. Feltarbeidet strekte seg over perioden 10.11.08-12.12.08 og hadde bakgrunn i at eg var tilsett som ein av tre formidlarar som hadde omvisingar for 5.-7. klassar i utstillinga på Stavanger Kunstforening. Denne utstillinga tok for seg dei 14 ulike byggjeprojekta i NW, frå idèskisse til planskisser, og i somme tilfelle til ferdige prosjekt. I denne samanheng fekk eg opplæring av fleire involverte i NW-prosjektet, mellom anna av Grete Kvinnesland. I tillegg til samtalar om og munnleg presentasjon av NW-konseptet, utstillinga og dei ulike byggjeprojekta, fekk eg tilgang til store mengder skriftleg materiale. Det skriftlege materialet bestod av brosjyrar og anna informasjonsmateriale som gav innblikk i einskildprosjekta og NW som konsept.

Konferansen *Norwegian Wood conference* blei arrangert i Stavanger 12.-16.november og var meint som ei markering på avslutninga av NW som Stavanger 2008-prosjekt. Her skulle resultata av NW bli presenterte og vidare skulle ein drøfta desse både i forhold til internasjonal standard for moderne, miljøvenleg trearkitektur og i forhold til den tradisjonelle trearkitekturen i Rogaland. Konferansen henvendte seg til arkitektar, rådgjevarar, utbyggjarar, entreprenørar, planleggjarar, politikar og øvrige aktørar i byggjenæringa, nasjonalt og internasjonalt.¹⁵⁴ Med status som tilsett på NW-prosjektet, fekk også eg tilgang til konferansen. Denne statusen gjorde at eg kunne observera andre involverte i NW-prosjektet

og studera korleis marknadsføringa av prosjektet blei lagt opp. Eg opplevde dermed mi rolle som omvisar som ein dørøpnar til meir kunnskap om NW og til diskursane som omhandla prosjektet. Stort sett visste ikkje dei observerte at eg var forskar, og dei visste ikkje kva hensikter eg hadde med å observera. I deira auge var eg formidlar i utstillinga, og det var denne statusen dei forheldt seg til. Men det går an å ha fleire statusar på same felt. Grete Kvinnesland visste at eg brukte NW som aspekt i masteroppgåva mi, då eg fortalde ho det under eit møte tidleg i opplæringsprosessen. Dette reagerte ho på med å føreslå at eg kunne bruka informasjonen eg tileigna meg gjennom prosessen til å danna meg eit bilete av dei ulike byggjeprojekta og NW-konseptet. På denne måten var ho innforstått med og aksepterte min status som forskar og det same gjeld dei to formidlarane eg jobba med i utstillinga.

Som formidlar i utstillinga fekk eg innblikk i kva aspekt ved NW-konseptet dei ansvarlege vil fokusera på. Feltarbeidet gav meg ein klar fordel i forhold til å tileigna meg desse kunnskapane. Som masterstudent hadde aktørar i NW gjerne vore hjelpsame med informasjon om prosjektet, men eg er overtydd om at eg ikkje hadde fått studera faktorar ved prosjektet på ein like tilfredsstillande måte. Til dømes hadde eg ikkje hatt moglegheit til å delta på den internasjonale konferansen. Gjennom tildelt skriftleg materiale, utstillingsmateriale og observasjon av ulike aktørar og ustrukturerte samtalar med desse, har eg i løpet av feltarbeidet danna meg eit bilete av dei diskursive føringane som blir formidla av dei ansvarlege. I samsvar med tema for oppgåva, har eg i løpet av feltarbeidet kontinuerleg vurdert korleis desse mentale føringane står i forhold til røynda.

Svakheit ved metoden:

Ei svakheit med observasjonsmetodar er *kontrolleffekten*, fordi sjølve etterforskningsprosessen kan påføra ei endring i dei fenomena som forskaren ønskjer å studera. Folk si åtferd kan bli påverka av at dei veit dei blir observert. Ei anna svakheit ved metoden er *effekten av avgrensa perspektiv*, noko som spesielt er ei svakheit ved deltakande observasjon. Ved deltakande observasjon vil forskaren måtta innta ei spesiell rolle. Dette inneber at forskaren kan få ei avgrensa oppleving av det miljøet som skal studerast. Denne avgrensinga kan ein unngå ved å gå inn i fleire roller. Ei anna utfordring er å studera sitt *eige felt*. Ein fare som blir nemnt ved dette er at ein kan vera så nær dei observerte, til dømes ved å vera eit gruppe medlem, at ein identifiserer seg for sterkt med dei. Slik kan ein mista den kritiske distansen som kan vera nødvendig for å skapa eit heilskapleg bilete av det ein studerer.¹⁵⁵ Sidan eg var tilsett i NW-prosjektet, kan mitt feltarbeid oppfatast som å forska i mitt eige felt. Men sidan eg berre var

tilsett her i ein kort periode, knytte eg ingen nære relasjonar til dei observerte, og meiner eg var i stand til å halda ein kritisk distanse til feltet eg studerte.

5.4 Intervju

Intervju som metode:

Intervju er ein relevant metode når forskaren er interessert i fenomen som allereie har skjedd, som er av privat karakter, eller som forskaren av andre grunnar ikkje har høve til å observera sjølv. Forskaren kan samtala med eller intervju personar som har fyrstehandskunnskap til dei fenomen eller sosiale system som forskaren er interessert i.¹⁵⁶ Det finst ulike former for intervju. Til dømes kan ein skilja mellom *strukturerte* og *ustrukturerte* intervju. Ved strukturerte intervju har forskaren fastlagde spørsmål som han stiller intervjuobjektet. Ved ustrukturerte intervju har ikkje forskaren fastlagde spørsmål, men lar intervjuobjektet styra meir av samtalen. Ustrukturerte intervju byggjer gjerne på ein intervjuguide som er forma med utgangspunkt i det som er problemstillinga for prosjektet, altså ei liste over dei tema som skal berørast under intervjuet. Det som er felles for ustrukturerte intervju er at dei er uformelle, og at dei ikkje skjer på ein standardisert måte ved at forskaren på førehand har utarbeidd spørsmål. Derimot skal spørsmåla følgja gangen i samtalen.¹⁵⁷ Ein kan leggja opp intervju på ulike måtar. Til dømes kan ein intervju fleire personar om same tema, og på denne måten samanlikna svara ein får. Slik kan ein til dømes kartleggja utbreiinga av eit fenomen, eller ulike haldningar til det. Ein annan framgangsmåte er å plukka ut respondentar som forskaren er spesielt interessert i å kartleggja kunnskapane og haldningane til. Styrken med uformelle intervju samanlikna med formelle intervju, er at intervjupersonen ikkje blir tvinga inn i ein spesiell måte å tenkja på, men kan uttrykkja seg mykje friare. Samanlikna med å studera folk i sine naturlege omgivningar, vil intervju og samtalar vera ein kunstig situasjon.

158

Metoden sin relevans for oppgåva mi:

Eg vil intervju fem personar som på ulike måtar har innsikt i tema i oppgåva. Eg har gjort dette utvalet av personar både fordi dei har sentrale posisjonar i felta eg studerer, og fordi dei har ulike epistemologiske tilgongar til feltet og slik representerer ulike diskursive innfallsvinklar. På den måten vil dei inneha og presentera ulik kunnskap om feltet. Ved å intervju personar frå ulike diskursive innfallsvinklar, meiner eg å kunna skildra feltet på ein meir heilskapleg måte. Dei fem personane er:

- Rolf Norås. Er permittert frå stillinga som kultursjef i Stavanger for å vera strategidirektør i Stavanger 2008. Går tilbake i stillinga som kultursjef i Stavanger frå september 2009.
- Kristin Gustavsen. Dagleg leiar i Urban Sjøfront, eit privat non-profit aksjeselskap eigd av 21 grunneigarar og andre aktørar i Stavanger Øst.
- Grete Kvinnesland. Prosjektleiar for Norwegian Wood i Stavanger kommune.
- Ellen Devold. Prosjektleiar for Norwegian Wood i NAL/ECOBIX.
- Hild Sørby. Professor på Universitet i Stavanger. Hadde innlegg på den internasjonale konferansen *Norwegian Wood conference* 14.11.08 under temaet *Utvikling av trehusbyen*.

I forkant av intervjuet har eg skissert opp spørsmåla eg skal stilla. Slik førebur eg til ein viss grad strukturerte intervju. Likevel vil eg ikkje styra intervjuobjekta for mykje, og kan tilpassa intervjuet slik at ikkje alle spørsmåla eg har sett opp blir svarte på. Dei oppsette spørsmåla fungerer på mange måtar som ein intervjuguide, som skal hjelpa meg med å berøra alle tema eg ønskjer at intervjuobjektet skal uttala seg om. På bakgrunn av dette har intervjumetoden eg nyttar meg av element av både strukturert og ustrukturert intervjuform. Eg skal ikkje bruka same intervjuguide og spørsmål til dei fem intervjuobjekta. Dette er fordi eg forventar at intervjuobjekta representerer ulike epistemologiske tilgangar, og eg formar intervjuet etter kva kompetanseområde dei har på tema i oppgåva. Nokre spørsmål overlappar likevel, og eg får på den måten fleire innfallsvinklar på einskilde spørsmål.

Svakheit ved metoden:

Det kan vera ei utfordring å *tolka svara* ein får frå intervjuobjektet. Det er viktig at tolkinga samsvarer med det intervjuobjektet meinte å fortelja. Ord er ikkje alltid dekkjande for det intervjupersonen meiner. Svara må tolkast ut frå mimikk, tonefall og kroppsspråk, og nye spørsmål må gjerne stillast for å kontrollera at tolkinga er dekkjande for det intervjupersonen meiner.¹⁵⁹ Ein måte å unngå feiltolking av svar på, er å la intervjuobjektet lesa gjennom intervjuet i etterkant. Ved å kunna gje tilbakemeldingar til det forskaren har skrive ned, har intervjuobjektet moglegheit til å kontrollera at tolkingane til forskaren samsvarar med sine egne. I etterkant av intervjuet eg skal gjera, vil eg la alle intervjuobjekta få moglegheita til å lesa gjennom og gje tilbakemelding på intervjuet.

Ei viktig feilkjelde er at intervju gjerne kan bli påverka av den *kontekst* intervjuet føregår i. Synlege eigenskapar hos intervjuaren, som kjønn, alder, rase, klede, utsjånad og oppførsel, kan påverka intervjusituasjonen. I tillegg kan *skjulte haldningar hos intervjuaren* påverka kva svar som blir gjeve. Eg meiner derfor det er viktig at intervjuaren opptretr nøytralt og ikkje

fortel om sine egne verdier og meninger under intervjuet. Ved strukturerte intervju der spørsmåla er formulerte på førehand, må ein vera merksam på at intervjuobjektet kan bli *ført inn i ein spesiell måte å tenkja på*. Dette gjer at intervjuobjektet ikkje er like fritt til å uttrykkja og utdjupa meiningane sine. ¹⁶⁰

5.5 Diskursanalyse

Diskursanalyse som metode:

Ordet *diskurs* blir brukt med utgangspunkt i ideen om at språket er strukturert i forskjellige mønster som utsegna våre følgjer når vi agerer innan ulike sosiale domene. ¹⁶¹ Slik kan ein definera diskursar som ein bestemt måte å snakka om og forstå verda på. Diskursanalysen er ein analyse av desse språklege mønstra, men òg ein analyse av korleis det språkleg og diskursivt skapte blir normalisert gjennom politisk og institusjonell praksis. ¹⁶² Utstillinga *Norwegian Wood – et laboratorium* kan bli sett som ei institusjonalisering av NW sine hovudidear. Slik kan ein også sjå prosjektet si rolle i Stavanger 2008. Jorgensen og Phillips hevdar at våre måtar å snakka om verda på ikkje avspeglar omverda, identitetar og sosiale relasjonar på ein nøytral måte, men derimot spelar ei aktiv rolle i å skapa og endra dei. ¹⁶³ Diskursar kan, i henhold til Soja sine tre epistemologiske inngangar, plasserast innanfor eit *secondspace*. ¹⁶⁴

Laclau og Mouffe tar utgangspunkt i eit poststrukturalistisk perspektiv. Dei hevdar at diskursar konstituerer den sosiale verda, og at meining om verda aldri kan fastlåsast på grunn av den ustabile strukturen til språket. ¹⁶⁵ Diskursar er i konstant endring gjennom møte med andre diskursar. Ved hjelp av språket skapar vi representasjonar av røynda. Representasjonane er aldri ei spegling av ei allereie eksisterande røynd, men er derimot med på å skapa ho. Dette tyder ikkje at røynda ikkje finst; både meiningar og representasjonar er verkelege. Den fysiske verd eksisterer òg, men kan berre få meining gjennom diskursane. ¹⁶⁶ På denne måten er språket ikkje berre ein kanal som ein kommuniserer gjennom, men er òg ein slags maskin som konstituerer den sosiale verd. ¹⁶⁷ Laclau og Mouffe hevdar at det pågår ein konstant kamp for å oppnå diskursivt hegemoni med det mål å fastlåsa språket si meining på ein bestemt måte. Målet til diskursanalysen er å kartleggja kampen om meningsdanning på alle sosiale og strukturelle nivå. ¹⁶⁸

Vår viten om verda kan ikkje umiddelbart forståast som objektiv sanning. ¹⁶⁹ Røynda er berre tilgjengeleg for oss gjennom våre kategoriar. Vår viten og verdsbilete er ikkje spegelbilete av røynda *der ute*, men er eit produkt av våre måtar å kategorisera verda på. ¹⁷⁰ For å plassera diskursen om NW innanfor ein diskursanalyse, kan ein omtala prosjektet som beståande av nodalpunkt. Nodalpunkt blir aksiom som all anna kunnskap blir ordna rundt, og som dei får meining i forhold til. Dei blir posisjonar som strukturerer større system av meining. Slike nodalpunkt eller aksiom fastlegg nettverk av meiningsrelasjonar. Dei blir knutar i nett av meiningsrelasjonar som blir produserte og produserte på NW sine premiss, og som blir aktiverte gjennom politisk og institusjonell praksis. ¹⁷¹ Diskursen om NW blir etablert gjennom å utelukka alternative relasjonar og kunnskapssamanhengar. Slik er diskursen om NW ein reduksjon av moglegheiter, ved at andre meiningar som kunne ha skapt andre relasjonar og dermed andre meiningsdanningar, blir reduserte. ¹⁷²

Med dette som utgangspunkt kan ein sjå at vårt syn på - og viten om verda, alltid er kulturelt og historisk innleira. Derfor er dei aspekta som vi forstår og representerer verda gjennom, historisk og kulturelt spesifikke og kontigente; våre verdsbilete og identitetar kunne ha vore annleis, og dei kan endrast over tid. Diskursiv handling er ei form for sosial handling, som er med på å konstruera den sosiale verda. Gjennom dette opprettheld ein visse sosiale mønster. ¹⁷³ Når personar som tilhøyrer ulike diskursar skal uttala seg om same fenomen, kan dette avdekkja diskursive samanfall, men òg diskursive motsetningar. På NW-konferansen var dette tilfellet då professor Hild Sørby skulle halda eit innlegg om nokre utvalde byggjeprojekt i NW. Etter å ha levert frå seg manus, opplevde Hild Sørby å bli ringt opp av Ellen Devold, prosjektleiar for NW i NAL/ECOBX. Ifølgje Sørby blei ho bede om å dempa det Devold oppfatta som kritikk av Egenes Park i innlegget. ¹⁷⁴ Under intervjuet mitt med Devold, påsto ho at Sørby ikkje hadde gjort noko anna enn det ho hadde blitt bede om, og at det derfor ikkje var eit dårleg innlegg. ¹⁷⁵ Den framstillinga Devold gav meg av si eiga oppfatting av innlegget, skil seg dermed frå det inntrykket Sørby sat igjen med etter å ha blitt oppringt av Devold. Dei motstridande oppfattingane av Egenes Park ser eg som eit resultat av at Sørby og Devold representerer ulike diskursive forankringar. Medan Devold er representant for diskursen om NW, representerer Sørby ein fagleg diskurs der ho mellom anna vurderer NW i samspel med annan arkitektur i nærmiljøet. ¹⁷⁶ Slik representerer Sørby og Devold to konkurrerande diskursar om NW.

Devold sitt forsøk på å *sensurera* innlegget til Sørby kan oppfattast som eit forsøk på å låsa diskursen om NW. Fastlåsing av ein diskurs skjer gjennom utvalde kunnskapsfelt og deira institusjonalisering, der kunnskap og objekt blir ordna og plassert. Diskursar får kraft gjennom institusjonalisering og gjennom politisk praksis og legitimering. Gjennom låsing av diskursar kan ein styra kva representasjonar som blir gjeve av det diskursive feltet.¹⁷⁷ NW institusjonaliserer viten gjennom til dømes den internasjonale konferansen og gjennom utstillinga *Norwegian Wood – et laboratorium*. Gjennom desse foruma blir objekt og kunnskap om NW ordna og plassert. At Devold ville styra kva innlegget til Sørby skulle innehalda, er eit døme på korleis ho ønska å låsa diskursen om NW til å bestå av utvald kunnskap om prosjektet.

Metoden si relevans for oppgåva mi:

Eg ønskjer å bruka aspekt ved diskursanalyse for å studera korleis diskursane kring neoliberalisme og Stavanger 2008, eksemplifisert ved NW, blir legitimerte gjennom politisk praksis og ved institusjonalisering på ulike nivå og verknadsfelt. Eg ser korleis diskursane blir fremja som ein sjølvsgagt og naturleg del av røynda, slik Margaret Thatcher i si tid skildra neoliberalisme som det einaste alternativet for økonomisk regime.¹⁷⁸ Eg oppfattar derimot neoliberalisme som ein strategi som blir produsert og reproduisert gjennom politisk praksis og institusjonell legitimering. Slik Peck og Tickell framstiller det, ser eg neoliberalisme som eit resultat av marknadskrefter stimulert fram av myndighetene, heller enn som drive fram av ytre, naturaliserte krefter. Eg er opptatt av korleis diskursane kan bli låste ved at aktørar prøver å definera kva viten er. Ei form for låsing av diskursar skjer gjennom imitering av globale byutviklingsstrategiar, slik at aspekt i ulike byar blir like. Slik evnar ein ikkje å sjå utover diskursen og dette resulterer i standardisering av globale trendar i den interurbane konkurransen om globale kapitalgode.

Eg ønskjer å studera diskursane om neoliberalisme og NW ved å sjå på omgrep som er spesielt profilerte på felta. Når det gjeld NW kan dette gjerast ved å studera korleis prosjektet er framstilt gjennom skriftleg marknadsføring og institusjonalisering i form av den internasjonale konferansen og utstillinga *Norwegian Wood – et laboratorium*. Eg vil sjå NW sin bruk av spesielle ord og uttrykk, som til dømes det å trekkja ei linje mellom tradisjon og urbanitet, som eit forsøk på å skapa ein lokal diskurs som snakkar med ein global diskurs om neoliberalisme. Eg ser NW som ein del av ein neoliberal diskurs og vil derfor leggja vekt på

samanfall mellom språket og verdiane i dei to diskursane. Gjennom NW kan ein sjå døme på korleis den neoliberale diskursen påverkar bruk av kultur i byplanlegging.

Svakheit ved metoden:

Som forskar er ein gjerne *sjølv ein del av den kulturen ein undersøker*. Dermed deler ein mange av dei sjølvtagne oppfatningane som ligg i materialet, og som er nettopp det ein vil avdekkja. Dette medfører at ein i størst mogleg grad må prøva å framandgjera seg frå materialet, for å kunna avdekkja korleis nokre utsegn blir naturleg aksepterte som sanne og andre ikkje. Ved å sjå verda gjennom ein bestemt teori, kan ein framandgjera seg frå nokre sjølvtagne oppfatningar og stilla andre spørsmål enn ein gjer ut frå si kvardagsforståing.¹⁷⁹

5.6 Epistemologiske tilgangar

Ved å ta i bruk Soja sine tre epistemologiske tilgangar om *firstspace*, *secondspace* og *thirdspace*,¹⁸⁰ vil eg røra ved spørsmål om kven som definerer kva eit rom er og korleis denne kunnskapen blir konstruert. I denne samanheng ser eg korleis ein i eit *secondspace*-perspektiv dannar kunnskap om rom ved hjelp av mentale og diskursive førestellingar. Mentale førestellingar er i stor grad grunnlaget for kva viten som til ei kvar tid er gyldig om eit rom. Med bakgrunn i korleis Soja skildrar *secondspace* som ein stad for mentale representasjonar¹⁸¹, ser eg *secondspace* i samanheng med diskursive felt. Diskursar blir konstruerte ved at meningsrelasjonar blir strukturerte i eit større meningssystem.¹⁸² Diskursen jobbar for å definera kva viten og kunnskap er på det aktuelle feltet. *Secondspace* er ein epistemologisk tilgong som gjev perspektiv på korleis diskursar er mentale konstruksjonar av rom. Diskursen om NW blir forma gjennom dei representasjonar som blir gjort av prosjektet. Diskursane styrer dermed kva kunnskap som er aktuell på feltet. Men Soja sine epistemologiske tilgangar viser at det alltid er konkurrerende diskursar på eit felt, og kunnskap blir danna i møtet mellom desse. Sjølv om det blir gjort forsøk på å låsa diskursar, slik Devold prøvde med NW, vil kunnskap om eit felt alltid innehalda innslag av fleire konkurrerende diskursar. Sjølv om NW blir framstilt på ein bestemt måte av til dømes prosjektleiaren, er det ikkje nødvendigvis desse representasjonane av prosjektet som dominerer. Dette er grunnen til at eg valde intervjuobjekta til denne oppgåva på bakgrunn av at dei representerte ulike epistemologiske inngangar og diskursive felt. Slik ønskte eg å få eit meir heilskapleg bilete av feltet ved å avdekkja fleire konkurrerende diskursar som opererer på same felt.

Den viten som finst om eit rom er produkt av noko meir enn ein kombinasjon av det fysiske rom (*firstspace*) og dei mentale representasjonar som er gjort om rommet gjennom diskursar (*secondspace*).¹⁸³ Det vil alltid vera konkurrerande diskursar som definerer kva kunnskap som er legitim på eit felt.¹⁸⁴ Gjennom *thirdspace*-perspektivet kan ein sjå korleis viten om rom blir forma i møte med kvardagslivet, det Lefebvre kallar *lived space*.¹⁸⁵ Trass i at NW har framstilt prosjektet på ein viss måte og på den måten prøvd å styra kva viten som er gyldig, er det ikkje denne framstillinga som nødvendigvis har gjort seg gjeldande i prosjektet sitt møte med bustadmarknaden. I lys av NW-prosjektet kan ein sjå at marknaden påverkar definisjonen på kva som er god viten om arkitektur, eit felt som arkitektane vanlegvis definerer. Men når NW-prosjektet Egenes Park ikkje får seld einingane i prosjektet, er det ei tydeleg orientering om at det er marknaden som konstruerer viten om denne arkitekturen og ikkje arkitektane bak prosjektet. Om arkitektane hadde hatt makt til å definera kva som er god viten om Egenes Park, hadde ikkje prosjektet hatt problem i møte med bustadmarknaden. Denne forflyttinga av definisjonsmakt viser korleis den epistemologiske tilgongen *thirdspace* gjer seg gjeldande i konstruksjonen av kva som er viten om eit felt. Rom er ikkje kun eit resultat av fysiske kvalitetar og mentale representasjonar gjennom diskursar, men har i tillegg ein kvalitet som tar form i møte med erfaringar, altså eit opplevd rom.

Med utgangspunkt i desse epistemologiske inngangane, kan ein sjå at det ikkje nødvendigvis er ein samanheng mellom det reelle og det imaginære. Rom blir påverka av kven som definerer viten og kva som blir legitimert som kunnskap. Gjennom omdømmebygging kan ein innanfor eit diskursivt felt påverka korleis noko blir framstilt og kva som dermed er god kunnskap. Ved å bruka dei tre epistemologiske tilgangane til Soja, kan ein få perspektiv på korleis rom blir materielt produsert, diskursivt konstruert og til sist faktisk opplevd. Dette skapar eit teoretisk utgangspunkt for å analysera forholdet mellom reell, materiell røynd og ei omdømmeskapt og idealisert verd.

Kapittel 6: Analyse

6.1 Neoliberalisme som diskursivt felt

Neoliberalisme er eit viktig diskursivt felt og i stor grad eit rammeverk for Stavanger som by og global aktør. Som oljeby er Stavanger allereie ein etablert aktør i den interurbane konkurransen om globale kapitalgode. At olja snart kan ta slutt, ser byen som ein grunn til å opparbeida fleire økonomiske søyler som regionen kan støtta seg til. I EU-søknaden kjem det fram at Stavanger ønskjer at kultur skal vera ei slik økonomisk søyle. Under møtet mitt med Rolf Norås, stadfesta han at det å søkja om kulturhovudstadstatusen dreidde seg om meir enn ei feiring av kunst- og kulturliv. ECOC-programmet er ei satsing som vedkjem fleire politikkområde, og han hevdar at eit godt kulturliv aukar attraktiviteten til ein region.¹⁸⁶

Denne satsinga på kultur ser eg som eit resultat av at neoliberale strategiar blir tatt i bruk i Stavanger, og at den neoliberale diskursen pregar byutviklingsstrategiane her. At byar har blitt sentrale aktørar på den globale marknaden, og slik knutepunkt i den globale økonomien, har ført til endringar i føresetnadane til urbanismen, og byar har blitt konseptualiserte på nytt.¹⁸⁷

Nye former for byliv, påverknad, makt og økonomiske realitetar fører byar inn i ein intensifisert konkurranse med kvarandre, der ulike strategiar blir brukte for å auka attraktivitet og konkurransedyktigheit i den interurbane konkurransen.¹⁸⁸ I denne nye omgrepsleggjeringa av by konstituerer neoliberalisme og globalisering kvarandre gjennom gjensidig påverknad.

¹⁸⁹

Det neoliberale paradigmet framhever økonomisk vekst som ein ønskt effekt av byutvikling. Diskursen om neoliberalisme er bygd opp av eit nettverk av meningsrelasjonar, slik Jorgensen og Phillips framstiller oppbygging av diskursar.¹⁹⁰ Desse meningsrelasjonane fungerer som aksiom, som underbyggjer og legitimerer kvarandre. At kultur blir framstilt som ein attraktiv byutviklingsstrategi, ser eg i samanheng med at diskursen om neoliberalisme legitimerer dette. På bakgrunn av dei diskursive føringane om at økonomisk vekst forutset transnasjonale kapitalinvesteringar i byen¹⁹¹ og at kultursatsing aukar attraktiviteten til ein stad¹⁹², blir kultur legitimert som eit strategisk satsingsområde for å auka ein by si konkurransedyktigheit i eit interurbant konkurranseforhold. Dei diskursive føringane påverkar byar si oppfatning av kva strategiar dei skal satsa på for å utvikla byen. Eg ser Stavanger si satsing på kultur i samband med dette, der kulturstrategiar i henhold til den neoliberale diskurs spelar ei rolle som økonomisk reiskap og strategisk satsingsområde.

Gjennom arbeidet med å fremja byar som attraktive globale aktørar, har det utvikla seg globale trendar. Posisjonen kultur har fått i byutviklingsstrategiar har ført til ei standardisering av somme kulturstrategiar, slik at einskilde aspekt blir imiterte og kopierte frå ein by til ein annan. Men å vera attraktiv på den globale marknaden inneber ei evne til å skilja seg ut frå andre aktørar. Dette inneber at sjølv om byar tar i bruk standardiserte strategiar som er i samsvar med den neoliberale diskursen, er dei òg nøyddde til å differensiera seg frå andre byar. Slik kan byen opparbeida seg eit unikt image og dermed auka attraktiviteten og sine økonomiske konkurransefordelar. Dette paradokset mellom standardisering og differensiering ser eg på som eit sentralt aspekt ved den neoliberale diskurs.

6.2 Kultur som standardisert og differensiert strategi i Stavanger.

I Stavanger sitt tilfelle forstår eg ei omfattande satsing på kultur nettopp som å ta i bruk standardiserte strategiar i henhold til den neoliberale diskurs. Sidan ECOC-programmet blir gjennomført nye stader kvart år, og på den måten blir imitert, kopiert og overført til nye kontekstar, kan det oppfattast som ein standardisert strategi for å oppnå nye konkurransefordelar i den interurbane konkurransen. Slik ser eg ECOC som ein standardisert strategi i arbeidet med å gjera byar attraktive gjennom kultursatsing. Men strategien om å gjera seg meir attraktiv gjennom satsing på kultur, inneber at byen må differensiera seg frå andre byar som også har kultur som satsingsområde. For å oppnå dette, må Stavanger si kultursatsing vera ulik andre byar si. Satsinga på ECOC-programmet er å følgja ein global trend, men sjølv utforminga og innhaldet i Stavanger 2008-programmet er det som gjer at Stavanger kan differensiera seg gjennom å formidla eit unikt image. Stavanger løyser altså paradokset ved standardisering og differensiering i den neoliberale diskursen ved å kopiera standardiserte strategiar og tilføra dei differensierande element. Som eitt av hovudprosjekta i EU-søknaden, ser eg NW som eit viktig element når det gjeld å skapa ein unik og differensiert profil for Stavanger 2008.

6.3 Norwegian Wood som differensierande satsingsområde.

Eg ser NW-prosjektet som eit døme på korleis standardiserte konkurransereglar i den neoliberale diskurs blir kopierte og overførte til ein lokal kontekst. Men i staden for at prosjektet blir ein rein kopi av det ein kan sjå i andre byar, blir det lagt vekt på element som gjer prosjektet meir stadsspesifikt. Det blir sett fokus på arkitekturhistoria til regionen, og slik

blir prosjektet forankra og legitimert gjennom lokal tradisjon. At NW på denne måten viser seg som eit stadsspesifikt prosjekt, fører til at prosjektet får ei lokal forankring og dermed ein særeigen profil som underbyggjer Stavanger sitt image som kulturell by og som den største trehusbyen i Europa.

I marknadsføringa til NW dukkar det opp fleire skildringar som viser prosjektet si orientering mot urbaniserings- og globaliseringsprosessar, samtidig som dei viser forankring og tilhøyre i det lokale.¹⁹³ Desse skildringane kan bli gjengjeve i omgrep som: *fortid-framtid*, *globalt-lokalt* og *urbanitet-tradisjon*. At NW marknadsfører prosjektet ved hjelp av desse motsetningspara, ser eg på som eit resultat av at prosjektet vil profilera både eit lokalt og eit globalt tilhøyre. Ved å gjera det, kan prosjektet legitimerast både som ein global aktør i den interurbane konkurransen, og som eit stadsspesifikt og særeige prosjekt med lokale kvalitetar. At prosjektet er stadsspesifikt og har særeigne aspekt, fører til at prosjektet differensierer seg frå arkitekturprosjekt andre stader. Gjennom å posisjonera seg i ein global samanheng, blir NW legitimert som eit prosjekt av global interesse og dimensjon. Begge desse aspekta, både lokalt og globalt tilhøyre, er derfor nødvendig for å vera konkurransedyktig i den interurbane konkurransen om globale kapitalgode. Det økonomiske aspektet ved NW kjem fram, ikkje berre som prosjekt med evne som imagebyggjar for regionen, men også som eit bustadprosjekt for sal. NW involverer både private og offentlege aktørar; som kommune, fylke, utbyggjarar, arkitektar og potensielle kjøparar. Det økonomiske aspektet vitnar også om at det er noko meir enn eit reint kulturelt prosjekt, og at det er sterke marknadskrefter involvert, slik den neoliberale diskurs legg opp til. Dei sterke marknadskreftene har vist seg å få konsekvensar for delprosjekt i NW, noko som har resultert i at Siriskjær-prosjektet enno ikkje er bygd på bakgrunn av lita økonomisk lønsemd for dei private utbyggjarane, og at Egenes Park ikkje blir seld på grunn av lite interesse for prosjektet på bustadmarknaden.

6.4 Stavanger som global aktør: hensikt og mål.

Stavanger jobbar medvitent for å byggja opp eit image for byen, der kultur og næring er sentrale aspekt. Å vera oljehovudstad i Noreg er allereie ein viktig del av identiteten til byen og ligg til grunn for dei sterke økonomiske forholda her. At Stavanger ser utover nasjonale grenser for å finna inspirasjon til utvikling, vitnar både om eit ønske om å vera ein konkurransedyktig global aktør, og om eit ønske om å vera sikra økonomisk når olja ein dag tar slutt. Samtidig som Stavanger har tatt opp kampen om å bli Noreg sin nye energihovudstad

¹⁹⁴, har dei òg investert mykje kapital, tid og energi i å bli ein kulturhovudstad, også utover året 2008.

At byen gjer ei så omfattande satsing på kultur som ECOC-programmet er eit døme på, vitnar om ei haldning til at eit levande kulturliv er bra for byen. Under mitt møte med Rolf Norås, framheva han at regionen har eit stort behov for kompetanse og kunnskap. Kultur er ein viktig sektor i denne samanheng. Han poengterer at kommunen ser verdien av kultur, både isolert sett, men òg sett i ein større samanheng. Eit godt kulturliv aukar attraktiviteten til ein region. Han framhever barn og unge som sjølve parameteret på ein attraktiv region, og at einkvar kommune sitt mål er at dei unge blir buande i regionen, og at nye flyttar til. Norås peiker på at eit rikt kulturliv påverkar flyttmønsteret positivt. Attraktivitet blir altså nemnt som eit hovudargument for at byen satsar på kultur. ¹⁹⁵ Slik oppfattar eg kultursatsinga i Stavanger som bruk av neoliberale strategiar om økonomisk vekst gjennom auka attraktivitet.

Den økonomiske tilstanden i Stavanger legg grunnlaget for den satsinga byen gjer på kulturstrategiar. Ved å sjå på det økonomiske grunnlaget til Stavanger legg ein umiddelbart merke til to aspekt:

- 1) Byen er liten av storleik, men framstår som kanskje ein av dei rikaste byane i verda.
- 2) Økonomien er i stor grad knytt opp til olje- og gassnæringa.

Ut frå dette ser ein at byen er rik, men i ein sårbar posisjon. Om og når olja tar slutt, vil dette påverka økonomien til Stavanger dramatisk. Dette er eit faktum som politikarane i Stavanger tar stilling til, og dei søkjer aktivt arvtakarar som kan overta plassen oljenæringa har i byen.

Om ein ser historisk på Stavanger, er det lett å dra slutningar om den utviklinga som skjer i dag. Stavanger har gjennom tida hatt store suksessar, men òg store krisar. På 1800-talet var byen avhengig av silda. Då silda forsvann, forsvann livsgrunnlaget for dei fleste i byen. Seinare fekk byen stor suksess med hermetikkindustrien. Ein ny krise ramma byen då hermetikkindustrien møtte motstand. Rosenberg-verftet og skipsindustrien blei Stavanger si neste store hjørnesteinsbedrift. Gjennom 1950- og 1960-åra var Rosenberg Stavanger sin desidert største arbeidsplass. Då det blei funne olje på norsk sokkel og Stavanger blei base for det meste av oljeverksemda, gjekk byen inn i ein ny gullalder. ¹⁹⁶ At olja kan ta slutt om få tiår, er noko politikarane i Stavanger tar på alvor. Dei vil ha fleire økonomiske bein å stå på, slik at ein ny økonomisk krise ikkje rammar byen like hardt som tidlegare svikt i ressursgrunnlaget. Denne satsinga er tydeleg, til dømes gjennom arbeidet Stavanger legg ned

for å bli Noreg sin energihovudstad. Eit anna fokusområde er Expo-arrangementet, som byen vurderer å søkja om å arrangera i 2017 eller 2018. Expo-arrangementet er ei verdsutstilling som varer i tre månader, og som er stipulert til å trekkja til seg opptil 4,7 millionar besøkjande, det vil seia over 52 000 tilskodarar kvar dag i dei tre månadane arrangementet varer.¹⁹⁷ Dette arrangementet vil derfor i stor grad kunna setja Stavanger på kartet og profilera byen som eit attraktivt reisemål. Begge desse døma vitnar om ein by som søkjer utvikling og som ikkje anser den gode økonomiske situasjonen i dag som stabil.

Under intervjuet med Rolf Norås spurde eg han kvifor Stavanger ønskte å søkja om å bli europeisk kulturhovudstad. På dette svarte han med å dra fram nettopp den økonomiske historia til byen, der økonomien i stor grad har vore avhengig av òi stor hjørnesteinsbedrift. At denne hjørnesteinsbedrifta har vore internasjonalt orientert, har gjort byen sårbar for ytre påverknad og konjunkturar. Stavanger ønskjer å unngå at ei ny økonomisk krise rammar byen, og søkjer derfor fleire bein å stå på økonomisk. Kultur blir sett på som eit viktig satsingsområde i denne samanheng. Arbeidet med å bli europeisk kulturhovudstad 2008 vitnar om denne satsinga på kultur, slik EU-søknaden skildrar kultur som ei søyle som kan gje byen ein meir mangfaldig økonomi.¹⁹⁸

Norås poengterer at dei var ei brei tverrpolitisk semje blant politikarane i Stavanger, med unntak av Framstegspartiet, om å søkja ECOC-programmet. På spørsmål om det er økonomisk strategisk å satsa på kultur, svarer Norås at det er det inga tvil om. Han påpeiker at kultursektoren tradisjonelt sett må rettferdiggjera pengebruken på ein heilt annan måte enn andre sektorar, og han meiner at Noreg har prioritert bevillingar til kultur i mindre grad enn mange andre land. Men Norås meiner at kultursatsing absolutt er økonomisk strategisk og at kultur genererer stor kapital, mellom anna fordi det involverer mange aktørar. Dette set han i samanheng med at kultur er ein sektor som ikkje berre har ein eigenverdi, men som også berører andre sektorar. At kultur aukar attraktiviteten til ein region, og dermed trekkjer til seg kunnskap og kompetanse, ser han på som ein av dei viktigaste effektane kultursatsing kan føra med seg.¹⁹⁹ Norås si forståing av den samfunnsmessige verdien til kulturen, samsvarer med Florida sin teori om kreativ næring som nødvendig konkurranseelement for urban berekraft.

6.5 "Ka då ittepå"

Det kjem tydeleg fram, mellom anna i EU-søknaden og av samtalen med Rolf Norås, at Stavanger si satsing på kultur ikkje enda ved utgangen av 2008. *Ka då ittepå* er eit slagord som har engasjert både kommune, media og mannen i gata i spørsmålet om kva kulturhovudstadstatusen tyder for Stavanger. *Ka då ittepå* er eit spørsmål formulert av den lokale biletkunstnaren Trond Hugo Haugen. Det er ei kampanje der Haugen fokuserer på kva som skal skje etter at kulturåret 2008 er slutt. På nettsidene til kampanjen ser ein at medan kommunen hadde nedteljing til kulturhovudstadsåret, hadde nettsidene nedteljing til året 2009; det som blei skildra som *ittepå*.²⁰⁰ I august 2008 gjorde kommunen det tydeleg at dei tok opp initiativet. Då blei Rolf Norås lansert som ein slags *Ka då ittepå*-direktør i Stavanger Aftenblad. Norås slutta i jobben som strategidirektør for Stavanger 2008 for å leia eit prosjekt som tar for seg langtidseffektane av kulturhovudstadsåret. I intervjuet forklarar han omstenda rundt jobbskiftet sitt på denne måten:

*Det er nå 100 dager igjen til avslutningen av kulturhovudstadsåret. Etter hvert vil organisasjonen bli avviklet og det er derfor nødvendig og fornuftig å foreta organisatoriske grep som sikrer en god oppfølging av langtidseffektene av kulturåret.*²⁰¹

Norås skal altså jobba for å sikra langtidseffektane av kulturåret. Til avisa hevdar han at 1/3 av alle 2008-prosjekta har ei levetid utover kulturbyåret. Han trekkjer også fram at 34 % av alle arrangementa har føregått utandørs, og 2/3 av desse på heilt nye stader for kulturformidling. I samtalen med meg legg han vekt på at kommunen jobbar med ein arenabruksplan der regionen skal ta opp erfaringar frå nye arenaer brukt i 2008. Det er eit mål at dei nye arenaene skal brukast vidare, og at dei dermed har ei levetid utover 2008. Fokuset på desse nye arenaane ser eg som eit uttrykk for målsetjinga om at Stavanger skal vera ein kulturby, også utover 2008. Ved å kunna visa til nye fysiske arenaer som eit direkte resultat av kulturhovudstadsåret, er dette eit aspekt som kommunen kan promotera og visa til for å illustrera at dei tar *ka då ittepå*-spørsmålet på alvor. Fysiske arenaar vil stå som synlege resultat av den kultursatsinga som kommunen gjorde i 2008, og er tilrettelagte for vidare bruk utover kulturhovudstadsåret. Slik kan kommunen visa til og bruka desse arenaene i vidare kultursatsing og imagebygging av Stavanger som kulturby.

Eit sentralt aspekt ved kulturhovudstadsåret 2008 er at Stavanger-regionen kan bruka statusen i vidare marknadsføring. På spørsmål om korleis kommunen vil bruka kulturbystatusen i vidare marknadsføring, svarer Norås at merkenamnet til Stavanger skal byggja vidare på slagordet *open port* og på kvalitetsgarantien det er å ha vore europeisk kulturhovudstad. Han meiner det er strategisk viktig å formidla at byen har hatt ECOC-programmet, då dette er eit kvalitetsstempel. Eit viktig forum for kommunen blir eit nettverk der alle tidlegare kulturhovudstader er representerte. Dette er ei nettside der turistar og andre interesserte kan finna informasjon om regionen.²⁰² På spørsmål om kor viktig turisme er i satsinga til Stavanger-regionen, svarer Norås at Stavanger ikkje er blant dei kulturhovudstadane som har satsa mest på turisme. Like fullt er det ein faktor også her. Satsinga på turisme kjem tydeleg fram i EU-søknaden: *The Stavanger region wishes to make use of possible status as Capital of Culture to develop new forms of cultural tourism.*²⁰³ Det kjem klart fram av sitatet at Stavanger ønskjer at kulturhovudstadstatusen skal verka akselererande på turismen i regionen. Satsinga på turisme ser eg som eit uttrykk for fokuset på attraktivitet for å generera økonomisk vekst, slik den neoliberale diskurs legg opp til. Kultur blir ein måte å skapa ei samanhengande og konsekvent merkevare på, slik Zukin skildrar det.²⁰⁴ Ein godt utarbeida kulturell infrastruktur vil bli oppfatta som eit uttrykk for vitalitet og moglegheiter for ekspansasjon i byen, og dette kan etablere ein konkurransefordel ved å trekkja til seg ikkje berre turistar, men også forretningselskap og anna næring.

6.6 Kulturhovudstad etter 2008

Det er sett av 18 millionar til eit etterbruksfond som Norås meiner skal visa ein *ambisjon*. Dette fondet er meint å vera ein pott som lokale aktørar kan søkja frå, og som på den måten kan verka som ei forlenging av kultursatsinga i 2008. Norås tilrår at midlane skal fordelast over tre år. Han meiner det beste er at midlane blir fordelt på få store, heller enn mange små prosjekt.²⁰⁵ Dette etterbruksfondet var nemnt allereie i EU-søknaden, der det blei omtala som ein moglegheit til å kunna *videreføre og heve kvaliteten innen regionens kunst- og kulturfelt.*²⁰⁶ Fondet framstår dermed som ein måte å illustrera det fokuset Stavanger-regionen har på kultur, også utover 2008. Slik Norås formulerer det, ytrar etterbruksfondet ein ambisjon og gjev eit klart signal om at Stavanger vil oppfattast som ein kulturby. Eg tolkar dette som at det er som kulturby Stavanger vil gjera seg konkurransedyktig i den interurbane konkurransen. I januar 2009 tok Stavanger kommune initiativ til å senda utsendingar til ein tidlegare kulturhovudstad for å få idear om korleis tida etter kulturhovudstadsåret skulle brukast.

Ordfører i Stavanger, Leif Johan Sevland, spurde Norås om kva by han ville anbefala å reisa til. Norås føreslo fire tidlegare kulturhovudstader som han meinte hadde hatt stor effekt av ECOC-programmet: Lille i Frankrike, Rotterdam i Nederland, Graz i Austerrike og Glasgow i Skottland. Det blei bestemt at utsendingane, deriblant Norås, skulle reisa til Glasgow. Norås omtalar Glasgow som den byen som kanskje har hatt aller mest effekt av ECOC-programmet. Dei hadde ifølgje Norås ein annan modell av ECOC-programmet enn Stavanger, då dei brukte programmet som ein måte å regenerera byen på. Men det som var spesielt viktig i Stavanger sine auge, var at Glasgow klarte å halda trykket oppe etter at kulturhovudstadsåret var omme. Ifølgje Norås har dei hatt ein auke i turisme på 80 % i løpet av og i etterkant av 1990, året dei hadde ECOC-programmet. Samtidig meiner Norås at Stavanger i likskap med Glasgow, har eit behov for økonomisk regenerering. Dette ser han i samanheng med at Stavanger ikkje kan ha noverande økonomisk situasjon som ei sovepute.²⁰⁷

Det utsendingane fyrst og fremst lærte av Glasgow, ifølgje Norås, er at Stavanger-regionen er inne i ein kritisk fase no. Det er viktig å halda trykket etter kulturhovudstadsåret oppe. Ein annan ting dei blei inspirerte av, er korleis Glasgow har lagt til rette for frie grupper innan kunst- og kulturlivet. Glasgow har støtta opp om slike grupper og har gjeve dei innbydande lokale å jobba i. I tillegg har Glasgow bygd opp eit kunstsenter for unge. Dette er i flittig bruk i Glasgow og er noko Stavanger ser med interesse på.²⁰⁸ Satsinga på barn og unge er direkte relevant for profilen og satsingsområda til Stavanger 2008, slik det er uttrykt i EU-søknaden.²⁰⁹ At Stavanger ser til Glasgow for å læra av deira effekt av ECOC-programmet, ser eg på som eit resultat av eit ønske om tilsvarende økonomiske vekst som Glasgow har hatt. Dette gjev perspektiv på kva Stavanger legg i det eksplisitte ønsket om *attraktivitet*, og viser element ved kultursatsinga i Stavanger som refererer til den neoliberale diskursive tradisjon om økonomisk vekst og konkurransefordelar i den interurbane konkurransen. At Stavanger satsar på kultur utover 2008 ser eg på som eit resultat av at ECOC-programmet fungerer som ein inngangsport for Stavanger si kultursatsing. Programmet har eit etablert namn i forkant av 2008, og har allereie eit kvalitetsstempel som Stavanger kan dra nytte av. Det etablerte globale merkenamnet *europisk kulturhovudstad* fungerer som eit standardisert konkurranseelement som byar kan dra nytte av for å oppnå visse konkurransefordelar. Ved å ta i bruk det utbreidde og velkjende ECOC-programmet, kan Stavanger stilla seg inn i ein global tradisjon av andre tidlegare kulturhovudstader. Dette legitimerer Stavanger som ein global og kulturell aktør på linje med desse. Ved å vera ein del av nettverket av tidlegare kulturhovudstader, er Stavanger no knytt opp til nokre spesielle forventingar og kriterium som

kulturbystatusen genererer. Dette tilhøyret blant europeiske kulturhovudstader legg grunnlaget for vidare utvikling i Stavanger, og vil fungera som ei viktig legitimering og imagebygger av Stavanger som framtidig kulturell by.

6.7 Diskursen om europeiske kulturhovudstader

I EU-søknaden tar Stavanger tydeleg stilling til at dei vil ta del i tradisjonen av europeiske kulturhovudstader. Med bakgrunn i rolla kultursatsing har i den neoliberale diskurs, ser eg dette som eit ønske om å gjera byen attraktiv, og å leggja til rette for økonomisk vekst. I EU-søknaden kjem det tydeleg fram kvifor Stavanger ønskjer å ta del i ECOC-programmet, gjennom skildringa av kva effektar byen meiner kulturhovudstadsstatusen fører med seg. Desse effektane blir mellom anna skildra i programstrategien, som eg har sitert frå på side 43.

210

Fleire stader trekk søknaden fram programmet sitt potensiale til å fremja attraktiviteten til regionen. I tillegg blir det lagt vekt på den unike moglegheita programmet har til å profilera Stavanger som ein moderne byregion. Dette ser eg på som eit eksempel på at byen ønskjer å bruka ECOC-programmet for å følgja ein global trend og på den måten visa seg som ein aktuell, oppdatert og det som i søknaden blir skildra som ein *moderne* global aktør.²¹¹ Eg ser Stavanger sin motivasjon for å ta i bruk ECOC-programmet som eit eksempel på korleis standardiserte strategiar blir brukte for å framstå som ein meir attraktiv og oppdatert global by.

Vidare ønskjer Stavanger at programmet kan tilretteleggja for eit omfattande samarbeid mellom private og offentlege krefter. Dette ser eg som ei positiv innstilling til den neoliberale diskurs, og at Stavanger ved hjelp av ECOC-programmet ønskjer å i større grad ta i bruk neoliberale strategiar for byutvikling. Eit utstrakt samarbeid mellom private og offentlege krefter i Stavanger har i stor grad blitt realisert gjennom ECOC-programmet, der sponsorinntektene stod for ca. ¼ av alle stipulerte inntekter.²¹² Det utstrakte samarbeidet mellom kommunen og den privateigde organisasjonen Urban Sjøfront vitnar òg om eit sterkt samarbeid mellom offentlege og private krefter i Stavanger. Søknaden viser såleis at denne type samarbeid er noko regionen ønskjer å utvikla vidare. Etter å ha skildra effektane regionen meiner å kunna få av ECOC-programmet, prøver Stavanger-regionen å grunngje kvifor dei

fortener å vinna programmet. Slik søker regionen å få innpass i diskursen *europaisk kulturhovudstad* ved å setja regionen inn i samanhengar som er relevante for diskursen.

Ved å skildra den industrielle historia til Stavanger i EU-søknaden ²¹³, set byen seg inn i tradisjonen av kulturhovudstader som har brukt kulturhovudstadsåret til å danna grunnlag for ei ny servicenæring. Denne samanhengen kjem mellom anna fram ved at dei i søknaden refererer til Glasgow sin store auke i turistnæringa etter dei hadde programmet i 1990. ²¹⁴ Referansar til andre industribyar som har vore kulturhovudstader, kan tyda på at Stavanger ønskjer å nytta seg av ECOC-programmet på ein måte som fremjar kultur som strategi i byutvikling. Glasgow var den fyrste byen som brukte programmet som ein katalysator for å fremja urban regenerering, og at utsendingar frå Stavanger reiste til nettopp denne byen for å læra korleis å best nytta tida etter 2008, er eit klart teikn på at Glasgow er ei inspirasjonskjelde. Dette gjev eit bilete av korleis Stavanger ønskjer å bruka ECOC-programmet, og korleis byen vil dra nytte av å tilhøyra diskursen *europaisk kulturhovudstad*. Å dra parallellar mellom Stavanger-regionen og tidlegare kulturhovudstader, ser eg på som eit verkemiddel for å visa Stavanger sin rettmessige plass i diskursen. I søknaden blir regionen sine internasjonale kontaktar eit poeng. Her blir det lagt vekt på Stavanger sin internasjonale populasjon, som er eit resultat av oljenæringa. Kulturelt mangfald og internasjonale nettverk blir framheva ²¹⁵ og særleg relasjonen med Liverpool, ²¹⁶ som òg søkte ECOC-programmet og fekk status som kulturhovudstad saman med Stavanger.

Eit anna aspekt ved søknaden, som eg meiner gjev eit innblikk i diskursen Stavanger ønskjer å vera ein del av, er fokuset på *arv* og *tradisjon*. Stavanger framhever regionen som *et historisk knutepunkt* ²¹⁷ og drar parallellen tilbake til *da regionen var utgangspunkt for vikingferder mot og over Nord-Atlanteren*. ²¹⁸ Det er tydeleg at Stavanger i søknaden ønskjer å visa til regionen som ein stad med lange tradisjonar. Ved å dra parallellar frå bronsealderen til i dag, framstiller søknaden regionen som ein møtestad for Noreg og Europa. ²¹⁹ Arkitektur spelar ei sentral rolle i EU-søknaden til Stavanger, og eit viktig poeng er den store konsentrasjonen av trehus i byen. ²²⁰ Arkitekturprosjektet NW profilerer dette sambandet mellom fortid og notid, tradisjon og innovasjon. Prosjektet tar utgangspunkt i eigenarten Stavanger har som trehusby og vil bruka dette som ein inspirasjon i nybygg. ²²¹ Gjennom å knyta trearkitektur opp til lokal tradisjon, blir NW framstilt som ein naturleg del av Rogaland sin kulturarv. Ved å profilera NW som eit prosjekt med lange historiske tradisjonar, og slik referera til omgrepsparet fortid-framtid, blir prosjektet legitimert som eit prosjekt som kombinerer nye

globale referansar med historisk lokal forankring. Slik blir prosjektet profilert som aktuelt i både lokal og global kontekst, og fungerer som eitt av dei viktigaste imageskapande elementa for Stavanger-regionen.

6.8 EU-søknaden: Tradisjonar som standardisering og trehusbyen som differensiering.

Diskursen *europaisk kulturhovudstad* opnar opp for både standardiserte og differensierte strategiar. Stavanger sitt arbeid med å få innpass i diskursen blir uttrykt gjennom å søkja om få ECOC-programmet. EU-søknaden er derfor eit viktig dokument for å studera korleis Stavanger gjekk fram for å få innpass i diskursen. Eit viktig verkemiddel er å setja regionen inn i ein samanheng som er samanliknbar med tidlegare kulturhovudstader. Å kunna visa til internasjonale tradisjonar og likskapar med andre byar er derfor viktig. Dette oppfattar eg som eit forsøk på å oppfylle nokre standardar som krevjast for å tilhøyra diskursen *europaisk kulturhovudstad*.

Gjennom arkitekturprosjektet Norwegian Wood prøver Stavanger å differensiera seg som kulturby. Ved å setja fokus på noko spesielt for Stavanger, viser ikkje berre regionen ei tilknytning til internasjonale tradisjonar, men òg særpreget til byen. For å setja Stavanger på kartet, blir trehusbyen fremja. Det særeigne med NW blir profilert gjennom den historiske forankringa trehusarkitekturen har i byen, og med bakgrunn i Stavanger som den største trehusbyen i Europa. Medan kvalitetsstempelen som er knytt til ECOC-programmet gjev Stavanger publisitet og anerkjenning som ein konkurransedyktig, global aktør, gjev NW-prosjektet Stavanger høve til å promotera eit unikt image som trehusby. Slik balanserer Stavanger bruk av både standardiserte strategiar, ved å bruka det anerkjende ECOC-programmet, og differensierte strategiar, ved å promotera byen gjennom eit unikt image som trehusby. På bakgrunn av dette styrkjar Stavanger sin posisjon i den interurbane konkurransen, ved å profilera seg som ein oppdatert, men likevel særeigen global aktør.

6.9 Kultursatsing og neoliberale strategiar i byutvikling utover 2008: Stavanger Øst.

Tida vil visa korleis kultursatsinga til Stavanger vil manifestera seg i vidare utvikling av byen. Stavanger Øst blir sett på som eitt av dei største byutviklingssområda i Stavanger, noko Rolf

Norås stadfester ²²², og er viktig å diskutera i denne samanheng. Stavanger Øst er ein aktuell stad å sjå til nettopp for å studera korleis kultur blir brukt som ein strategi for å transformera område i Stavanger. At NW-prosjektet Siriskjær er planlagt nettopp i denne bydelen, vitnar også om betydninga kultur spelar for utviklinga her. I arbeidet med å skapa eit meir spennande bybilet, ønskjer Stavanger Øst å ta tak i gamal historie ved til dømes å bruka forlatne industrilokale, slik det har blitt gjort ved BI og Tou Scene. Dei vil bruka gamle lokale med historiske rammer for å skapa noko nytt. Dette framhever Kristin Gustavsen som ein del av profilen til bydelen, som ho formulerer som *ein spennande smeltedigel mellom gammalt og nytt.* ²²³

Samtidig som ein kan studera Stavanger Øst ut frå dei grepa som blir gjort for å skapa ein kulturell profil, er bydelen eit godt døme på korleis neoliberale strategiar gjer seg gjeldande i eit utbreitt samarbeid mellom private og offentlege aktørar. Urban Sjøfront AS består av 21 grunneigarar og sentrale aktørar i Stavanger Øst. Gustavsen meiner at utviklinga av Stavanger Øst ikkje hadde vore mogleg i same grad om det ikkje hadde vore for dei private kreftene. Medan det er kommunen som har planmyndigheit og det overordna ansvar, er det private krefter som skal realisera prosjekta. Dette er bakgrunnen til at Gustavsen meiner det er ein utopi at det offentlege fullt ut kan styra slike transformasjonsprosessar som pågår i Stavanger Øst. Private krefter er sentrale fordi det er dei som skal finansiera store delar av prosessane og byggjeprojekta. ²²⁴ At private interesser er villige til å investera i kulturstrategisk transformasjon og utvikling av Stavanger Øst, ser eg i samanheng med økonomisk motivasjon. Å gjera bydelen meir attraktiv, vil vera økonomisk lønsamt for investorane og utbyggjarane. Denne motivasjonen og medvitet om at det er økonomisk lønsamt å jobba mot eit heilskapleg image for bydelen, kjem fram gjennom det Gustavsen framstiller som ei dugnadsånd blant private krefter. Gustavsen seier at for at bydelen skal få eit attraktivt image, er det viktig med ein heilskapleg profil. Ho skildrar det som ei utfordring å få private aktørar til å gjennomføra konsept som ikkje nødvendigvis er like økonomisk innbringande som andre planar. Løysinga er ofte at dei private brukar litt av konseptet i delar av prosjektet, noko Gustavsen omtalar som *bykrydder.* ²²⁵ At private aktørar går med på desse kompromissa, ser eg på som eit resultat av at dei innser at ved å bidra til ein heilskap til profilen i bydelen, blir bydelen meir attraktiv. Slik kan dermed satsinga gje meir økonomisk avkastning på sikt.

Urban Sjøfront ser til andre byar for å studera prosessar som føregår i forhold til tilsvarande byutvikling som i Stavanger Øst. Gustavsen framhever europeiske byar som Amsterdam,

Rotterdam, København, London og Oslo som byar dei følgjer med på. Sjølv om det er fleire likskapar mellom byane og element som Stavanger kan læra av, framhever Gustavsen aspekt som gjer at Stavanger skil seg ut. I utviklinga av Bjørvika i Oslo, peiker Gustavsen på at bydelen har blitt forma ut frå ei avgjersle om å plassera Operahuset i området. I Stavanger har ei tilsvarande forming av ein bydel blitt gjort ved bygginga av konserthuset på Bjergsted. Bydelane Bjørvika og Bjergsted har dermed begge blitt forma med utgangspunkt i store kulturelle flaggskip som har blitt plasserte i området. Gustavsen legg vekt på at kulturindustrien som har vakse fram i Stavanger Øst, er resultat av ein annan type byutvikling. Her har det ikkje vore vedtak om å etablera store kulturinstitusjonar. Den utviklinga som har skjedd her, mellom anna gjennom framveksten og etableringa av Tou Scene, er resultat av det Gustavsen kallar ei utvikling *innanfrå, gjennom kunstmiljøa*. Tou Scene er altså ikkje eit resultat av offentlege vedtak, men av kunstnarlivet som operer i Stavanger Øst. At Stavanger kommune har kjøpt Tou Scene ser Gustavsen svært positivt på. Dette meiner ho tyder på at kommunen har tatt lærdom av gentrifiseringsprosessar som har funne stad i andre byar. Gustavsen meiner kommunen har lært at det å transformera område kan føra med seg uheldige konsekvensar for eksisterande miljø og innbyggjarar i området. Til dømes er det ein tendens til at leigeprisane i gentrifiserte område stig, og på den måten pressar opphavlege leigetakarar og bebuarar vekk. Ved å kjøpa Tou Scene kan kommunen styra leigeprisane til anlegget, og på den måten sikra at ikkje kunstnarane og verksemda som held til i bygget blir drivne vekk av stigande leigeprisar. Ifølgje Gustavsen sikrar kommunen dermed vilkåra til kunstnarane i bydelen.²²⁶

På spørsmål om det er eit eksplisitt mål å gentrifisera Stavanger Øst, får eg eit tvetydig svar. Umiddelbart har Gustavsen eit positivt forhold til omgrepet gentrifisering, og framhever gentrifisering som eit mål i den forstand omgrepet er positivt lada og at austre bydel blir ei attraktiv forlenging av Stavanger sentrum. Men ved å sjå på gentrifiseringsprosessar i andre byar, er det tydeleg at slike prosessar kan ha negative aspekt og konsekvensar for dei opphavlege bebuarane. Gustavsen meiner derimot at ein ikkje vil sjå dei negative konsekvensane i Stavanger i same grad som i mange andre byar. I tillegg til det grepet kommunen har gjort for å sikra levevilkåra for kunstnarane på Tou-anlegget, legg Gustavsen til grunn at bustadene i bydelen stort sett består av privat eigde bustader. På den måten unngår ein utvikling av at leigeprisar blir skrudde opp og dermed at den opphavlege befolkninga må flytta.²²⁷

Stavanger Øst gjer ei eksplisitt satsing på kulturnæring, noko Gustavsen stadfester.²²⁸ Ho grunnjev dette med at det er viktig å leggja til rette for næring som trekkjer ein del folk til bydelen. Det er eit mål å kunna tilby konsept og samansetningar av tilbod som ein ikkje finn i sentrum eller andre stader. Desse konseptane skal fungera som knutepunkt og trekkplaster som er med på å definera bydelen. Eit sentrumsakseprosjekt er aktuelt i denne samanheng. Det er eit prosjekt som legg opp til utvikling av eit spesifikt område i Stavanger Øst. Dette er meint å skulla styrka austre bydel i posisjonen som ein del av og som ei forlenging av Stavanger sentrum. Innhaldet i området, som skal kallast sentrumsaksen, er framleis under planlegging. Døme på kva som er føreslått for dette området, er bygginga av eit bydelsbibliotek og etablering av universitetsinstituttet for medie-, kultur- og samfunnsfag, som i dag held til på universitetsområdet på Ullandhaug.²²⁹ Utkasta og forslaga til kva sentrumsaksen skal innehalda står i stil til det næringsgrunnlaget Stavanger Øst fokuserer på; det Gustavsen omtalar som kulturnæring. Forslaget om å flytta eit universitetsinstitutt til Stavanger Øst, kan òg setjast i samanheng med det Florida omtalar som eit verkemiddel for å trekkja til seg *den kreative klasse*. Med bakgrunn i eit universitetsinstitutt, kan bydelen trekkja til seg intellektuell og kulturell kapital. Dette kan bli eit viktig grunnlag for *Stavanger Øst* sin profil som kulturell bydel.²³⁰

NW-prosjektet Siriskjær har også blitt skildra som eit potensielt viktig prosjekt for Stavanger Øst, og kan spela rolla som det Kvinnesland kallar *ein motor for austre bydel*.²³¹ Som ein del av NW-prosjektet, kan Siriskjær støtta seg til det kvalitetsstempelen som NW har. Ved å vera eit av 14 byggjeprojekt som er eller moglegvis skal realiserast, kan Siriskjær dra nytte av den publisiteten NW som heilskapleg prosjekt har fått. Som del av diskursen NW, har altså Siriskjær skapt seg eit namn lang tid i forkant av ein eventuell byggjeart.

6.10 Siriskjær - motor for austre bydel som resultat av diskursive føringar? Siriskjær og Egenes Park som erfarte rom.

At Siriskjær-prosjektet blir sett på som ein potensiell imageskapande faktor for austre bydel, har samanheng med dei diskursive førestellingane som er etablerte om NW. Delar av marknadsføringa til NW, mellom anna der prosjektet blir framstilt som ei kopling mellom fortid og framtid, det lokale og det globale, urbanitet og tradisjon, er ein profil som har klare likskapar med transformasjonsprosessane som føregår og er planlagde i Stavanger Øst. NW sitt fokus på historisk forankring i lokal historie saman med ei orientering mot nyskaping

passar inn i profilen Stavanger Øst jobbar mot, som *ein spennande smelting mellom gammalt og nytt*. Slik NW blir framstilt som eit differensierande prosjekt som skil Stavanger ut frå andre byar, kan Stavanger Øst dra nytte av dette ved hjelp av Siriskjær-prosjektet. Gjennom å realisera Siriskjær-prosjektet, kan bydelen relaterast til det særeigne imaget som er knytt til prosjektet. Dette kan bidra til eit differensierande image også for Stavanger Øst.

I samband med diskursive felt og mentale førestellingar knytt til desse, er det interessant å studera korleis diskursar legg føringar på kva som er god kunnskap om eit felt. Den imageskapande effekten for Stavanger Øst som NW og Siriskjær-prosjektet kan bidra til, skildrar eg ut frå ein diskurs der NW er eit attraktivt og differensiert prosjekt. Dette er derimot ikkje den einaste moglege diskurs om prosjektet, men er basert på den framstillinga som har blitt profilert og institusjonalisert gjennom til dømes marknadsføring på nettsider og i aviser, *Norwegian Wood conference* og utstillinga *Norwegian Wood – et laboratorium*. Det vil alltid vera konkurrerande diskursar som tilbyr alternativ kunnskap, viten og meiningsrelasjonar.²³² Diskursen definerer kva som er god kunnskap og viten på det aktuelle feltet, og styrer dermed korleis feltet skal representast. Men sidan det alltid vil vera konkurrerande diskursar på eit felt, kan fleire framstillingar om same tema avdekkja ulike påstandar og førestellingar. At Egenes Park blei objekt for motstridande representasjonar kom til syne gjennom *Norwegian Wood conference*, då Sørby og Devold representerte ulike diskursive felt. Sørby meiner at Egenes Park ikkje lever opp til den framstillinga som er gjeve gjennom til dømes promotering og prospekt. Til dømes kjem det fram i prospektet at prosjektet skal tilpassa seg busetnaden rundt. Her står det at ulike grep ved prosjektet *skaper en fin kommunikasjon med gode visuelle og fysiske forbindelser mellom eksisterende bebyggelse langs Bretlandsgaten og det nye parkområdet på stadion*.²³³ Sørby meiner derimot at prosjektet er dårleg tilpassa til bustadområdet, der busetnaden hovudsakleg er frå perioden 1915-1950. Ho oppfattar prosjektet som stort, lukka og mørkt. På bakgrunn av dette, og det ho meiner er dårleg tilpassing av bygget til dei faktiske solforholda på staden, argumenter Sørby for at delar av marknadsføringa er tomme ord, og at det ikkje samsvarer med røynda.²³⁴ På si side skildrar Devold NW-prosjekta som nyskapande og som ein læringsarena for trearkitektur nasjonalt og internasjonalt.²³⁵

I sine skildringar av Egenes Park som prosjekt, representerer Sørby og Devold to ulike diskursive forankringar. Medan Sørby representerer ein fagleg diskurs, har Devold både ei fagleg og ei kommersiell forankring. Det faglege i NW tapar terreng for det kommersielle, då

økonomiske aspekt ved prosjektet blir prioritert i henhold til den neoliberale diskurs. At Devold prøvde å sensurera Sørby og dermed låsa diskursen om NW, er eit eksempel på korleis ein gjennom makt kan prøva å styra kva kunnskap som er gyldig på eit felt. Slik prøver Devold å leggja vekt på det salbare ved Egenes Park, og ønskjer å luka vekk dei faglege vurderingane til Sørby. Konstruksjon av kunnskap er maktrelatert, og Soja sine tre epistemologiske inngangar *firstspace*, *secondspace* og *thirdspace* gjev eit bilete på kven som styrer kva kunnskap om NW-prosjektet som er gyldig og sann.

Siriskjær-prosjektet blir framstilt som eit attraktivt prosjekt, men likevel er byggeplanane lagde på is. Dette ser eg på som eit resultat av at det er utbyggjarane sin kunnskap om prosjektet som dominerer. Dei meiner at prosjektet ikkje er lønsamt økonomisk, og dermed blir det ikkje realisert. Diskursen som har blitt institusjonalisert om NW gjennom til dømes marknadsføring, konferanse og utstilling og som framstiller prosjektet som attraktivt, må konkurrera med utbyggjarane som meiner at prosjektet ikkje er verdt å realisera. Eg ser dette diskursive møtet mellom Siriskjær-prosjektet som attraktivt, men urealisert prosjekt og som uattraktivt byggeprosjekt, i samband med ein *thirdspace*-epistemologi. Gjennom ein *thirdspace*-epistemologi kan ein setja søkjelys på kven som definerer kva som er den dominerande kunnskap og sanning om eit felt. Det Lefebvre kallar *lived space*²³⁶ refererer til korleis viten og sanning om rom blir forma i møte med kvardagslivet. Den viten som blir framstilt gjennom fysiske forhold og mentale representasjonar er ikkje nok for å skildra det reelle rommet som blir realisert ved hjelp av erfaringar. Dette er altså eit erfart og opplevd rom, ein kombinasjon av fysiske forhold og mentale førestellingar, men som likevel er noko anna.²³⁷ Om Siriskjær-prosjektet aldri blir bygd, ser eg på det som eit resultat av at makta til å definera kunnskap og sanning om prosjektet ligg hos utbyggjarane. Dersom dei ikkje finn det økonomisk lønsamt å byggja prosjektet, vil dei heller aldri realisera det. Sjølv om den institusjonaliserte diskursen om NW og Siriskjær-prosjektet framhever attraktiviteten til prosjektet, er det ikkje denne diskursen som dominerer og kan avgjera om prosjektet blir realisert eller ikkje. At Siriskjær-prosjektet ikkje er realisert, er ikkje fornuftig ut ifrå dei diskursive føringane om at prosjektet vil vera ein motor for austre bydel. Det er derimot eit resultat av Siriskjær-prosjektet som *lived space*, altså som erfart rom, der definisjonsmakta av Siriskjær som eit verdifullt byggeprosjekt eller ikkje, ligg hos utbyggjarane og deira økonomiske kalkuleringar i forhold til lønnsemd.

På same måte ser eg omstenda rundt Egenes Park som eit dårlig salsprosjekt, som resultat av prosjektet sitt møte med *lived space*, altså erfart og opplevd rom. At utbyggjarane slit med å få seld leilegheitene i Egenes Park står i kontrast til den institusjonaliserte diskursen om NW og Egenes Park-prosjektet. Profileringa av Egenes Park som eit attraktivt prosjekt har ikkje trekt nok kjøparar, noko som har ført til at bustadanlegget skal omgjerast til eit leilegheitshotell. Som med Siriskjær-prosjektet er det ikkje den institusjonaliserte diskursen som definerer kva som er den dominerande kunnskapen om Egenes Park. Sjølv om Egenes Park blir framhevd som eit attraktivt prosjekt av byggherrar, arkitektar og gjennom diverse marknadsføring av prosjektet, blir det ikkje oppfatta som eit attraktivt prosjekt for potensielle bustadkjøparar. At Egenes Park ikkje blir seld, er ikkje fornuftig ut frå dei diskursive føringane om at prosjektet er nyskapande, attraktiv og miljøvenleg arkitektur på ei av dei beste adressene i Stavanger. Dette er eit resultat av Egenes park som *lived space*, der definisjonsmakta av prosjektet ligg hos bustadmarknaden og potensielle kjøparar.

Slik eg ser det, er diskursar og definisjonsmakt bakgrunnen for dei vala og resultata som er synlege i Stavanger si byutvikling. At Stavanger satsar på kultur som strategi i byutvikling, står i samband med at den neoliberale diskurs framhever kultursatsing som eit verkemiddel for å auka attraktiviteten til byar. Attraktivitet blir i neste rekkje framheva som økonomisk verdifullt i den neoliberale diskurs, og slik kan kultursatsing vera økonomisk strategisk. Definisjonsmakta for kva som er verdifullt og strategisk riktig kjem til uttrykk gjennom diskursar. Då det alltid vil vera fleire diskursar som konkurrerer på same felt, kan definisjonen på kva som er sann og god viten variera etter kva diskursivt felt som dominerer. Både Egenes Park og Siriskjær er døme på byggjeprojekt som ikkje har fungert etter intensjonen til NW. Dette ser eg på bakgrunn av at den institusjonaliserte diskursen om NW ikkje har dominert diskursen om kva som er lønsamt og attraktivt for byggherrar og marknaden. Dette har resultert i at sjølv om Egenes Park og Siriskjær blir promoterte som attraktive prosjekt gjennom NW og Stavanger 2008-administrasjonen, har Siriskjær blitt utsett på ubestemt tid og Egenes Park skal bli omgjort til leilegheitshotell. Slik står prosjekta fram som feilslåtte prosjekt sett ut frå den institusjonaliserte diskursen om NW, og er dømde ut frå den neoliberale diskursen om kva som er attraktivt og dermed økonomisk lønsamt. Slik ser ein korleis økonomiske faktorar spelar inn på og definerer kulturelle prosjekt, som gjort med NW. Dette viser korleis kultur i byutvikling er nært knytt opp til økonomi og lønnsamd, også i Stavanger.

6.11 Konsekvensar og føringar av neoliberales byutviklingsstrategiar i Stavanger.

Den omfattande satsinga på Stavanger som europeisk kulturhovudstad 2008 er eit spesifikt eksempel på eit ledd i byen sin imagebyggingsstrategi. Å kunna fronta seg som kulturby er eit heilskapleg image som kan bidra til større attraktivitet og konkurransedyktigheit i eit interurbant konkurranseforhold om globale kapitalgode. At Stavanger skårar lågt på graderinga for attraktive regionar i Noreg i forskingsrapporten gjennomført av Telemarksforskning-Bø, kan illustrera eit behov for å i større grad kunna tilby ein attraktiv region mellom anna for unge og tilflyttarar. Eg ser satsinga på kultur i Stavanger nettopp i samband med å byggja opp eit image som ein meir attraktiv by, ikkje berre for innbyggjarar og tilflyttarar, men òg for turistar og næring.

Tendensane i utviklinga av Stavanger Øst, med til dømes sentrumsaksen og satsing mot ein profil som ein *smeltedigel mellom gamalt og nytt*, ser eg òg som eit døme på korleis Stavanger gjer ein medviten bruk av kultur i sine byutviklingsstrategiar. Det utbreidde samarbeidet mellom private og offentlege aktørar i utviklinga av Stavanger Øst er eit døme på korleis neoliberale strategiar gjer seg gjeldande i Stavanger. Konsekvensen av dette er slik Gustavsen skildrar det, at ønsket om å opparbeida eit heilskapleg image for bydelen går på kompromiss med ideal om mest mogleg økonomisk inntening.²³⁸ Slik vil verdien av dei kulturelle prosjekta stadig bli målt i ein økonomisk målestokk. På same måte viser Siriskjær-prosjektet seg som eit offer for same økonomiske rammeverk. Då den såkalla finanskrisa ramma Noreg, førte dette til at mange nye bustadprosjekt blei stoppa i påvente av betre økonomiske tider. Dette ramma også bygginga av Siriskjær-prosjektet. Det privat-offentlege samarbeidet som Gustavsen omtalar som heilt nødvendig for at det skal vera både evne og interesse for å gjennomføra prosjekt, er altså sårbart for økonomiske realitetar og interesser. Slik vil det kulturelle aspektet ved byutvikling innanfor den neoliberale diskurs, som med utbygginga på Siriskjær, stadig bli nedprioritert til fordel for aspekt om økonomisk profitt og lønsemd. Dette er ein realitet som styrer og legitimerer rolla kultur spelar som neoliberal strategi i byutvikling.

Slik Norås skildrar det, er ikkje kultur ein isolert sektor, men berører fleire felt.²³⁹ Eg oppfattar neoliberalisme slik Peck og Tickell skildrar det, som ein diskurs som er produsert og reproduisert gjennom institusjonelle former og politisk handling. Peck og Tickell kritiserer det

dei meiner er ei utbreidd oppfatning om at neoliberalisme og globalisering er ytre og naturaliserte krefter.²⁴⁰ Slik eg ser posisjonen neoliberalisme har i byutviklinga i Stavanger, er ikkje dette eit resultat av grunnleggjande krefter som styrer marknaden, men prosessar stimulert fram gjennom politiske vedtak. Eg meiner den medvitne haldninga Stavanger har til bruk av kultur i samband med byutvikling og imagebygging, vitnar om dette. Ved å ta i bruk ECOC-programmet som middel for å byggja opp eit image som kulturby og dermed å auka attraktiviteten til regionen, tar Stavanger medvitent i bruk standardiserte strategiar frå den neoliberale diskurs. Slik brukar Stavanger ei eksplisitt satsing på kultur som strategisk og økonomisk reiskap i den interurbane konkurransen om globale kapitalgode.

Kapittel 7: Avslutning

Denne studien har prøvd å visa korleis neoliberale strategiar blir produserte og reproduserte gjennom politiske handlingar og vedtak i Stavanger. Slik har det neoliberale paradigmet ført til ein politisk konstruksjon av marknader i Stavanger, med ei medviten innføring av konkurranselogikk og privatisert forvaltning. Som eit resultat av at politiske diskursar opnar opp for fri marknad og konkurranseforhold, har dette lagt grunnlaget for ei blanding av press og moglegheiter som drar byar inn i ein intensifisert konkurranse med kvarandre. Det neoliberale paradigmet gjer seg gjeldande i Stavanger så vel som i andre store og mindre byar, og påverkar i stor grad byutviklingsstrategiar her. Økonomisk vekst står i fokus, og det er viktig for Stavanger å stå fram som ein attraktiv aktør i dette globale konkurranseforholdet; den interurbane konkurransen om globale kapitalgode. Den sterke posisjonen Stavanger har som oljeby i den globale økonomien, er byen si mest framtrèdande rolle i eit globalt konkurranseforhold. Men satsinga på ECOC-programmet i Stavanger viser ein tydeleg vilje til å bruka kultur som imagebyggjar og økonomisk base. Slik brukar Stavanger kultur for å vera konkurransedyktig i den interurbane konkurransen.

Kultur spelar ei rolle som økonomisk reiskap og som ein verdifull produsent av salbare byrom. Slik ECOC-programmet har utvikla seg, er det eit døme på korleis kultur kan brukast som eit ledd i imagebyggingsstrategiar og som ein katalysator for urban regenerering. Med image som *kulturby* kan byar promotera ei heilskapleg merkevare. Ved å ha ei sterk merkevare som dette, kan stader trekkja til seg turistar og konsumentar, og dei har høve til å få seg ein posisjon i forhold til andre byar. Kultur kan på denne måten vera ein viktig faktor i arbeidet med å bli ein attraktiv destinasjon, noko som igjen fører til økonomisk gevinst. Med dette ser ein korleis Stavanger brukar ei eksplisitt satsing på kultur som ein strategi for å hevda seg i den interurbane konkurransen om globale kapitalgode. Satsinga er tydeleg gjennom bruk av ECOC-programmet, og også i utvikling og planar for transformasjonsområdet Stavanger Øst. Gjennom å satsa på det Gustavsens omtalar som *kulturnæring* i austre bydel, er meininga å tilby eit konsept og samansetjingar av tilbod som ikkje finst i sentrum eller andre stader. Slik skal austre bydel leggja til rette for næring som trekkjer fleire til bydelen. Denne satsinga er eit uttrykk for den måten kultur kan verka imagebyggande på ein stad.

Det er eit mål å ha eit image som skil seg ut frå andre byar. Slik satsar byregionar på å promotera ei heilskapleg merkevare som gjev ei samla kjensle av destinasjon og stad. Den statusen Stavanger og andre byar jobbar for å tileigna seg i den interurbane konkurransen, avhenger av ei evne til både å følgja standardiserte konkurransereglar og til å differensiera seg frå andre destinasjonar. Den omfattande konkurransesituasjonen mellom byar gjer at mange av innovasjonane og investeringane som er designa for å gjera spesielle stader meir attraktive som kulturelle og konsumerande senter, raskt blir imiterte andre stader. For å ikkje bli hengjande etter i utviklinga av livsstil, kulturelle former og servicetilbod, blir mange imagefremjande strategiar imiterte og overførte til ein lokal kontekst. Slik blir somme strategiar standardiserte i byar sine forsøk på å skilja seg ut som unike globale aktørar. Stavanger sin bruk av ECOC-programmet viser korleis byen tar i bruk ein standardisert strategi for å skapa eit unikt image som kulturby. For å skilja seg ut frå tidlegare kulturhovudstader, jobbar Stavanger for å skapa eit differensiert image med ein særeigen profil. I denne samanheng blir kulturhovudstadsprosjektet NW eit viktig ledd for å skapa ein særeigen profil som trehusbyen Stavanger. Gjennom å profilera NW med utgangspunkt i den historiske byen og samtidig som eit nyskapande og framtidsretta arkitekturprosjekt, framstår det ei kopling av prosjektet som både lokalt og globalt forankra.

Medan standardiserte strategiar blir kopierte, til ein viss grad transformerte, men i liten grad tilførte noko nytt, kan det å tilføra strategien stadsspesifikke element føra til differensiering. Slik legitimerer Stavanger seg som ein global aktør ved hjelp av både standardiserte strategiar, slik ECOC-programmet er eit døme på, og differensierte strategiar, slik det imagebyggande aspektet ved NW er eit døme på. At Stavanger ønskjer å framstå som ein kulturby er eit resultat av at dei oppfattar kultur som ein katalysator for attraktivitet og økonomisk vekst. Det er tydeleg at imaget som Stavanger fekk gjennom ECOC-programmet er noko byen ønskjer å byggja vidare på, også etter 2008. Slik framhever Stavanger seg som ein global aktør på kulturnæring i tillegg til oljenæring, noko eg ser som ei målretta posisjonering av Stavanger sin interurbane konkurransestatus. På bakgrunn av dette er det grunn til å forventa ei vidare satsing på kultur i byutviklingsstrategiar i Stavanger, der offentleg-private samarbeid og den neoliberale diskurs står fram som eit viktig rammeverk for Stavanger sine strategiar for å fremja urban og global konkurransedyktigheit.

Med denne oppgåva har eg gjennom intervju, spatiale inngangar og teoretisk og empirisk materiale vist korleis Stavanger opererer som global aktør i den interurbane konkurransen om

globale kapitalgode. Eg viser korleis kultur blir brukt som eit imagebyggande element for å bidra til attraktivitet og økonomisk vekst, i samsvar med den neoliberale diskurs. Gjennom å skildra strategiar som ligg bak Stavanger 2008 generelt og NW spesielt, demonstrerer eg korleis standardisering og differensiering spelar ei rolle for Stavanger si konkurransedyktigheit og byen sitt image som kulturby og største trehusby i Europa. Eg ser neoliberale strategiar som dominerande aspekt ved byutviklinga i dag, i Stavanger som i andre større og mindre byar. Dette økonomiske bakteppet viser seg i utviklinga og planane for transformasjonsområdet Stavanger Øst, der mykje av gjennomslagskrafta i byplanlegginga er basert på eit offentleg-privat samarbeid. I oppgåva skildrar eg korleis økonomiske føresetnadar og realitetar påverkar byutviklinga i Stavanger, og korleis definisjonen på kva som er eit verdifullt prosjekt i siste instans er basert på økonomisk gevinst. Denne gjennomslagskrafta basert på økonomisk lønnsemd, heller enn planpolitiske mål, er karakteristisk for neoliberalismen. Dette gjer Stavanger til ein aktuelt eksempel i ein pågåande debatt om neoliberalisme som uløyselig knytt til globaliserings- og urbaniseringsprosessar, og som eit bakanforliggende aspekt ved byutvikling i dag. Eg aktualiserer Stavanger som eit eksempel på korleis byar brukar neoliberale strategiar som ledd i ein politisk-økonomisk initiert byutvikling. Dette viser korleis neoliberalisme er prosessar stimulerte fram gjennom politiske vedtak, heller enn resultat av ytre og naturlege krefter.

Referansar:

Austbø, Anne Tove, Thoring, Erik 2008: **Stavanger byleksikon**. Stavanger, Wigestrands forlag.

Bang-Andersen, Arne 1985: **Stavanger. Historien om østre bydel**. Stavanger, Dreyer bok.

Bergsli, Heidi 2005: Entreprenørskap og utvikling. Byutvikling og globale trender. I Aspen, Jonny 2005: **By og byliv i endring. Studier av byer og handlingsrom i Oslo**. Oslo, Scandinavian Academic Press.

Brenner, Neil & Theodore, Nik 2002: **Spaces of neoliberalism. Urban restructuring in North America and Western Europe**. Oxford, Blackwell publishing.

Florida, Richard 2005: **Den kreative klasse – og hvordan den forandrer arbeide, fritid, samfund og hverdagsliv**. Århus, Klim.

Garcia, Beatriz 2004: Cultural Policy and Urban Regeneration in Western European Cities: Lessons from Experience, Prospects for the Future. **Local Economy**. Vol. 19 (4): 312-326

Halvorsen, Knut 2003: **Å forske på samfunnet – en innføring i samfunnsvitenskapelig metode**. Oslo, Cappelen Akademisk Forlag.

Harvey, David 2005: **A brief history of neoliberalism**. Oxford, Oxford University Press.

Harvey, David 1989: From managerialism to entrepreneurialism: The transformation of Urban Governance in Late Capitalism. **Geografiska Annaler**.

Jorgensen, M.W., & Phillips, L 2005: **Diskursanalyse som teori og metode**. Roskilde, Roskilde Universitetsforlag.

Lees, Loretta, Slater, Tom & Wyly, Elvin 2008: **Gentrification**. London, Routledge.

Mooney, Gerry 2004: Cultural Policy as Urban Transformation? Critical Reflections on Glasgow, European city of Culture 1990. **Local Economy**. Vol. 19 (4): 327-340.

Soja, Edward W. 1996: **Thirdspace. Journeys to Los Angeles and other real-and-imagined-places**. Oxford, Blackwell.

Scott, Allan J 2001: Global City Regions. I **Global city regions. Trends, Theory, Plicy**. Oxford, Oxford University Press.

Smith, Neil 2002: New Globalism, New Urbanism: Gentrification as Global Urban Strategy. **Antipode**. Oxford, Blackwell.

Sæter, Oddrun 2005: *Det nye sosiale og symbolske bylandskapet. Med politikken som utgangspunkt*. I Aspen, Jonny 2005: **By og byliv i endring. Studier av byer og handlingsrom i Oslo**. Oslo, Scandinavian Academic Press.

Sæter, Oddrun & Ekne Ruud, Marit 2005: **Byen som symbolsk rom. Bypolitikk, stedsdiskurser og gentrifikering i gamle Oslo**. Oslo, Byggforsk.

Tickell, Adam, & Peck, Jamie 2002: Neoliberalizing space. I Brenner, Neil & Theodore, Nik: **Spaces of neoliberalism. Urban restructuring in North America and Western Europe**. Oxford, Blackwell.

Zukin, Sharon 1995: **The Cultures of Cities**. Oxford, Blackwell.

Aase, Tor Halfdan, Fossåskaret, Erik 2007: **Skapte virkeligheter. Om produksjon og tolkning av kvalitative data**. Oslo, Universitetsforlaget.

Andre dokument:

Brosjyren *Norwegian Wood-moderne miljøvenleg trearkitektur*. Utgitt av NAL/ECOBX. Tilgjengeleg på www.arkitektur.no/ecobox

Lærarrettleiinga eg fekk utdelt i samband med at eg var tilsett som formidlar i Norwegian Wood-utstillinga på Stavanger Kunstforening i perioden 12.11-12.12. Noko informasjon er tilgjengeleg på www.arkitektur.no

Nyopptrykk av forprosjektrapporten for Norwegian Wood, med små endringar. 2005:
Norwegian wood. NAL/NABU

Programmet til *Norwegian Wood conference*.

Prospektet til Egenes Park.

Utstillingskatalog til utstillinga *Hus på vestkysten gjennom 4000 år* i 1997. 1997: **Hus på vestkysten gjennom 4000 år.** Bergen/Stavanger, Fortidsminneforeningen.

Nettsider:

Nettartikkel på aftenbladet.no 04.09.08: <http://aftenbladet.no/lokalt/article692094.ece>

Nettartikkel på byggaktuelt.no 24.10.07:
<http://www.byggaktuelt.no/content.asp?contentid=60633>

Nettartikkel på dinside.no 01.10.08: www.dinside.no/788661/boligprisene-der-du-bor

Nettartikkel på greaterstavanger.com:
<http://www.greaterstavanger.com/rogaland/stavanger/srn.nsf/id/C7507648816581C4C125723A005616F9?OpenDocument>

Nettartikkel på nrk.no 20.03.07:
http://www.nrk.no/nyheter/distrikt/rogaland/lokalen_pa_net/1.2074720

Nettartikkel på telemarksforsking.no:
http://www.telemarksforsking.no/start/detalj.asp?nyhet_id=327&merket=2

Nettsidene til Norske Arkitekters Landsforbund (NAL): www.arkitektur.no

Nettsidene til *Ka då ittepå*: www.stavanger2018.no

Nettsidene til Lervig Brygge: <http://www.lervigbrygge.no/?mid=341>

Nettsidene til Stavanger kommune: www.stavanger.kommune.no

Nettsidene til Stavanger 2008: www.stavanger2008.no

Nettsidene til Urban Sjøfront: www.ostpluss.no

Saksframlegg frå Stavanger kommune, datert 20.01.09:

<http://74.125.77.132/search?q=cache:5Ajj-i4ravYJ:www.stavanger.kommune.no/publikum/offentli.nsf/SVGalle/C1256F65004F872BC1257555003AFF4B/%24FILE/09003722.DOC+leilighetshotell%2Begenes+park&cd=1&hl=n&ct=clnk&gl=no>

Stavanger kommune sin EU-søknad, del 1 s.79: http://www.stavanger2008.no/docs/om-stavanger2008/application_part1_english.pdf

Stavanger kommune sin EU-søknad, del 2 s.90: http://www.stavanger2008.no/docs/om-stavanger2008/EU-søknadendel_2.pdf

Aviser:

Nettartikkel Stavanger Aftenblad 18.12.08:

http://aftenbladet.no/innenriks/963225/De_unge_vil_ikke_til_Stavanger.html

Nettartikkel Stavanger Aftenblad 13.04.07:

<http://web3.aftenbladet.no/lokalt/article437927.ece>

Nettartikkel Stavanger Aftenblad 05.12.06:

<http://www.rogalandsavis.no/nyheter/article2450208.ece>

Nettartikkel i Stavanger Aftenblad 19.02.07:

<http://web3.aftenbladet.no/debatt/leder/article414628.ece>

Rogalands Avis 27.02.09:

<http://www.rogalandsavis.no/nyheter/article4156222.ece?service=print>

Stavanger Aftenblad 30.01.09: Canadisk tungveker vil ha Expo.

Stavanger Aftenblad 29.08.08: Norås blir Ka då ittepå-sjef.

Figurliste:

Biletet på forsida er frå avslutningsseremonien for Stavanger 2008, henta frå nettsidene til nrk.no: <http://www.nrk.no/nyheter/kultur/1.6342822>

Figur 1: Bilete av Gamle Stavanger. Nettsidene til gamle-stavanger.com: http://gamle-stavanger.com/index_english.htm

Figur 2: Bilete av visjonen for den nye sjøfronten i Stavanger Øst: Nettartikkel i Teknisk Ukeblad 06.02.06: <http://www.tu.no/nyheter/bygg/article46392.ece>

Figur 3: Bilete av *Innanfor Utanfor* på Siriskjær: Nettsidene til otium.no: <http://www.otium.no/siriskjaer/index.php>

Figur 4: Bilete av Egenes Park: Nettsidene til moelvenmassivtre.no: <http://www.moelvenmassivtre.no/index.asp?menuItem=L66>

Sluttnoter:

-
- ¹ Bergsli, Heidi 2005 s.87: Entreprenørskap og utvikling. Byutvikling og globale trender. I Aspen, Jonny 2005: **By og byliv i endring. Studier av byer og handlingsrom i Oslo.** Oslo, Scandinavian Academic Press.
- ² Scott, Allan J. 2001: **Global city regions. Trends, Theory, Policy.** Oxford, Oxford University Press.
- ³ Bergsli, Heidi 2005 s.88
- ⁴ Brenner, Neil & Theodore, Nik 2002 s. 14: **Spaces of neoliberalism. Urban restructuring in North America and Western Europe.** Oxford, Blackwell.
- ⁵ Brenner, Neil & Theodore, Nik 2002 s. 6
- ⁶ Bergsli, Heidi 2005 s.87
- ⁷ Bergsli, Heidi 2005 s.92
- ⁸ Bergsli, Heidi 2005 s.90
- ⁹ Bergsli, Heidi 2005 s. 88
- ¹⁰ Bergsli, Heidi 2005 s. 92.
- ¹¹ Zukin, Sharon 1995: **The Cultures of Cities.** Oxford, Blackwell.
- ¹² Zukin, Sharon 1995, s.7-8
- ¹³ Zukin, Sharon 1995 s.274
- ¹⁴ Nettartikkel på byggaktuelt.no 24.10.07: <http://www.byggaktuelt.no/content.asp?contentid=60633>
- ¹⁵ Nettartikkel på byggaktuelt.no 24.10.07
- ¹⁶ Nettartikkel på byggaktuelt.no 24.10.07
- ¹⁷ Soja, Edward W. 1996: **Thirdspace. Journeys to Los Angeles and other real-and-imagined-places.** Oxford, Blackwell.
- ¹⁸ Soja, Edward W. 1996 s.31
- ¹⁹ Soja, Edward W. 1996 s.6
- ²⁰ Soja, Edward W. 1996 s.29
- ²¹ Soja, Edward W 1996 s.62
- ²² Rogalands Avis 27.02.09: <http://www.rogalandsavis.no/nyheter/article4156222.ece?service=print>
- ²³ Rogalands Avis 27.02.09
- ²⁴ Bergsli, Heidi 2005 s.88
- ²⁵ Tickell, Adam, & Peck, Jamie 2002 s.33: Neoliberalizing space. I Brenner, Neil & Theodore, Nik: **Spaces of neoliberalism. Urban restructuring in North America and Western Europe.** Oxford, Blackwell.
- ²⁶ Intervju med Rolf Norås 03.02.09.
- ²⁷ Scott, Allan J. 2001
- ²⁸ Scott, Allan J. 2001
- ²⁹ Austbø, Anne Tove, Thoring, Erik 2008 s.43. **Stavanger byleksikon.** Stavanger, Wigestrands forlag.
- ³⁰ Intervju med Rolf Norås 03.02.09
- ³¹ Nettsidene til Urban Sjøfront: http://www.ostpluss.no/urban/public/openIndex?ARTICLE_ID=282
- ³² Intervju med Kristin Gustavsen 16.02.09
- ³³ Sæter, Oddrun & Ekne Ruud, Marit 2005: **Byen som symbolsk rom. Bypolitikk, stedsdiskurser og gentrifisering i gamle Oslo.** Oslo, Byggforsk.
- ³⁴ Bergsli, Heidi 2005 s.89
- ³⁵ Bergsli, Heidi 2005 s.89
- ³⁶ Harvey, David 2005 s.16: **A brief history of neoliberalism.** Oxford, Oxford University Press.
- ³⁷ Harvey, David 2005 s.16
- ³⁸ Harvey, David 2005 s.16
- ³⁹ Tickell, Adam, & Peck, Jamie 2002 s.33
- ⁴⁰ Tickell, Adam, & Peck, Jamie 2002 s.33
- ⁴¹ Tickell, Adam, & Peck, Jamie 2002 s.35
- ⁴² Tickell, Adam, & Peck, Jamie 2002 s.36
- ⁴³ Tickell, Adam, & Peck, Jamie 2002 s.40
- ⁴⁴ Tickell, Adam, & Peck, Jamie 2002 s.48
- ⁴⁵ EU-søknaden til Stavanger 2008, del 2 s.96: http://www.stavanger2008.no/docs/om-stavanger2008/EU-søknadendel_2.pdf
- ⁴⁶ EU-søknaden til Stavanger, del 2 s.97-98.
- ⁴⁷ Omgrepet *regionale byregionar* er basert på artikkelen til Scott, Allan J 2001: Global City Regions. I **Global city regions. Trends, Theory, Policy.** Oxford, Oxford University Press.
- ⁴⁸ Scott, Allan J 2001 s.4
- ⁴⁹ Intervju med Rolf Norås 03.02.09.

-
- ⁵⁰ Sitat av Harvey, David: I Garcia, Beatriz 2004 s.313: Cultural Policy and Urban Regeneration in Western European Cities: Lessons from Experience, Prospects for the Future. **Local Economy**. Vol. 19 (4): 312-326
- ⁵¹ Garcia, Beatriz 2004: Cultural Policy and Urban Regeneration in Western European Cities: Lessons from Experience, Prospects for the Future. **Local Economy**. Vol. 19 (4): 312-326
- ⁵² Garcia, Beatriz 2004 s.315
- ⁵³ Intervju med Kristin Gustavsen 16.02.09
- ⁵⁴ Garcia, Beatriz 2004 s.318
- ⁵⁵ Garcia, Beatriz 2004 s.318
- ⁵⁶ Mooney, Gerry 2004 s.336: Cultural Policy as Urban Transformation? Critical Reflections on Glasgow, European city of Culture 1990. **Local Economy**. Vol. 19 (4): 327-340.
- ⁵⁷ Mooney, Gerry 2004 s.332
- ⁵⁸ Mooney, Gerry 2004 s. 334
- ⁵⁹ Intervju med Rolf Norås 03.02.09.
- ⁶⁰ Nettartikkel på greaterstavanger.com:
<http://www.greaterstavanger.com/rogaland/stavanger/srn.nsf/id/C7507648816581C4C125723A005616F9?OpenDocument>
- ⁶¹ Nettartikkel på telemarksforsking.no:
http://www.telemarksforsking.no/start/detalj.asp?nyhet_id=327&merket=2
- ⁶² Nettartikkel Stavanger Aftenblad 18.12.08:
http://aftenbladet.no/innenriks/963225/De_unge_vil_ikke_til_Stavanger.html
- ⁶³ Intervju med Rolf Norås 03.02.09
- ⁶⁴ Garcia, Beatriz 2004 s.316
- ⁶⁵ Harvey, David 1989 s. 58 : From managerialism to entrepreneurialism: The transformation of Urban Governance in Late Capitalism. **Geografiska Annaler**.
- ⁶⁶ Bergsli, Heidi 2005 s.105
- ⁶⁷ Bergsli, Heidi 2005 s.107
- ⁶⁸ Bergsli, Heidi 2005 s.110
- ⁶⁹ Intervju med Kristin Gustavsen 16.02.09.
- ⁷⁰ Zukin, Sharon 1995, s.7
- ⁷¹ Zukin, Sharon 1995, s.8
- ⁷² Zukin, Sharon 1995, s.11
- ⁷³ Zukin, Sharon 1995, s.12
- ⁷⁴ Zukin, Sharon 1995, s.12
- ⁷⁵ Nettsidene til Urban Sjøfront: http://www.ostpluss.no/urban/public/openIndex?ARTICLE_ID=282
- ⁷⁶ Nettsidene til Lervig Brygge: <http://www.lervigbrygge.no/?mid=341>
- ⁷⁷ Sitat av Glass, Ruth: I Lees, Loretta, Slater, Tom & Wyly, Elvin 2008 s.4: **Gentrification**. London, Routledge.
- ⁷⁸ Lees, Loretta, Slater, Tom & Wyly, Elvin 2008 s.129: **Gentrification**. London, Routledge.
- ⁷⁹ Lees, Loretta, Slater, Tom & Wyly, Elvin 2008 s.163
- ⁸⁰ Smith, Neil 2002 s.443: New Globalism, New Urbanism: Gentrification as Global Urban Strategy. **Antipode**. Oxford, Blackwell.
- ⁸¹ Lees, Loretta, Slater, Tom & Wyly, Elvin 2008 s.163
- ⁸² Sæter, Oddrun og Ekne Ruud, Marit 2005
- ⁸³ Bergsli, Heidi 2005
- ⁸⁴ Sæter, Oddrun og Ekne Ruud, Marit 2005.
- ⁸⁵ Sæter, Oddrun 2005: *Det nye sosiale og symbolske bylandskapet. Med politikken som utgangspunkt*. I Aspen, Jonny 2005: **By og byliv i endring. Studier av byer og handlingsrom i Oslo**. Oslo, Scandinavian Academic Press.
- ⁸⁶ Sæter, Oddrun & Ekne Ruud, Marit 2005 s.79
- ⁸⁷ Sæter, Oddrun & Ekne Ruud, Marit 2005 s.51
- ⁸⁸ Sæter, Oddrun & Ekne Ruud, Marit 2005 s.49
- ⁸⁹ Austbø, Anne Tove, Thoring, Erik 2008 s.20-21.
- ⁹⁰ Bang-Andersen, Arne 1985 s.14: **Stavanger. Historien om østre bydel**. Dreyer bok.
- ⁹¹ Austbø, Anne Tove, Thoring, Erik 2008 s.21.
- ⁹² Austbø, Anne Tove, Thoring, Erik 2008 s.27.
- ⁹³ Austbø, Anne Tove, Thoring, Erik 2008 s.27.
- ⁹⁴ Bilete av Gamle Stavanger. Nettsidene til gamle-stavanger.com: http://gamle-stavanger.com/index_english.htm
- ⁹⁵ Nettside stavanger2008.no: <http://www.stavanger2008.no/docs/Prosjekter/NWcdhefte.pdf>

-
- ⁹⁶ Utstillingskatalog til utstillinga *Hus på vestkysten gjennom 4000 år* i 1997. 1997 s.91: **Hus på vestkysten gjennom 4000 år**. Bergen/Stavanger, Fortidsminneforeningen.
- ⁹⁷ Utstillingskatalog til utstillinga *Hus på vestkysten gjennom 4000 år* i 1997. 1997 s.91
- ⁹⁸ Nyopptrykk av forprosjektrapporten for Norwegian Wood, med små endringer. 2005 s.6: **Norwegian wood**. NAL/NABU
- ⁹⁹ Nettartikkel på nrk.no 20.03.07: http://www.nrk.no/nyheter/distrikt/rogaland/lokalen_pa_net/1.2074720
- ¹⁰⁰ Nettartikkel Stavanger Aftenblad 13.04.07: <http://web3.aftenbladet.no/lokalt/article437927.ece>
- ¹⁰¹ Nettartikkel Stavanger Aftenblad 05.12.06: <http://www.rogalandsavis.no/nyheter/article2450208.ece>
- ¹⁰² Austbø, Anne Tove, Thoring, Erik 2008 s.40.
- ¹⁰³ Nettside Stavanger kommune:
<http://74.125.77.132/search?q=cache:hviKwEja5FAJ:www.stavanger.kommune.no/publikum/divsvg.nsf/0/9655b9ad437c0511c1256fe10043ca1c/%24FILE/Saksdokument%2520og%2520vedtak.doc+gamle+stavanger+%2B+vernestatus&hl=nn&ct=clnk&cd=1&gl=no>
- ¹⁰⁴ Nettside Stavanger kommune:
<http://74.125.77.132/search?q=cache:hviKwEja5FAJ:www.stavanger.kommune.no/publikum/divsvg.nsf/0/9655b9ad437c0511c1256fe10043ca1c/%24FILE/Saksdokument%2520og%2520vedtak.doc+gamle+stavanger+%2B+vernestatus&hl=nn&ct=clnk&cd=1&gl=no>
- ¹⁰⁵ Nettside Stavanger kommune:
[http://www.stavanger.kommune.no/publikum/divsvg.nsf/ef90a751487b5ff7c1256fc8004969ef/e478c7a6e840b7d6c1256f87002d8937/\\$FILE/Bysnitt.pdf](http://www.stavanger.kommune.no/publikum/divsvg.nsf/ef90a751487b5ff7c1256fc8004969ef/e478c7a6e840b7d6c1256f87002d8937/$FILE/Bysnitt.pdf)
- ¹⁰⁶ Austbø, Anne Tove, Thoring, Erik 2008 s.41.
- ¹⁰⁷ Austbø, Anne Tove, Thoring, Erik 2008 s.43.
- ¹⁰⁸ Nettartikkel i Teknisk Ukeblad 06.02.06: <http://www.tu.no/nyheter/bygg/article46392.ece>
- ¹⁰⁹ Nettsidene til Urban Sjøfront: http://www.ostpluss.no/urban/public/openIndex?ARTICLE_ID=283
- ¹¹⁰ Nettsidene til Urban Sjøfront: http://www.ostpluss.no/urban/public/openIndex?ARTICLE_ID=116
- ¹¹¹ Intervju med Kristin Gustavsen 16.02.09
- ¹¹² Intervju med Kristin Gustavsen 16.02.09
- ¹¹³ Austbø, Anne Tove, Thoring, Erik 2008 s.43.
- ¹¹⁴ Florida, Richard 2005 s.71: **Den kreative klasse – og hvordan den forandrer arbeide, fritid, samfund og hverdagsliv**. Århus, Klim.
- ¹¹⁵ Florida, Richard 2005 s.295
- ¹¹⁶ Florida, Richard 2005 s.10
- ¹¹⁷ Florida, Richard 2005 s.15
- ¹¹⁸ Florida, Richard 2005 s.71
- ¹¹⁹ Austbø, Anne Tove, Thoring, Erik 2008 s.43.
- ¹²⁰ Nettsidene til stavanger2008.no:
<http://www.stavanger2008.no/?event=about.showElement&id=541&catId=12>
- ¹²¹ Nettsidene til Stavanger 2008: <http://www.stavanger2008.no/?event=about.showElement&id=541&catId=12>
- ¹²² EU-søknaden, del 1 s. 16: http://www.stavanger2008.no/docs/om-stavanger2008/application_part1_english.pdf
- ¹²³ EU-søknaden, del 1 s. 11.
- ¹²⁴ EU-søknaden, del 1 s. 11.
- ¹²⁵ EU-søknaden del 1 s. 16.
- ¹²⁶ EU-søknaden, del 1 s.55.
- ¹²⁷ EU-søknaden del 2 s. 6
- ¹²⁸ EU-søknaden, del 1 s.15.
- ¹²⁹ Intervju med Ellen Devold 19.01.09
- ¹³⁰ Informasjonen om Norwegian Wood er henta frå lærarveiledninga eg har fått utdelt i samband med at eg er formidlar i Norwegian Wood-utstillinga på Stavanger Kunstforening i perioden 12.11-12.12. Noko informasjon er tilgjengeleg på www.arkitektur.no
- ¹³¹ Nettsidene til stavanger2008.no:
<http://www.stavanger2008.no/?event=about.showElementNews&id=12089&catId=70>
- ¹³² Basert på brosjyra *Norwegian Wood-moderne miljøvenleg trearkitektur*. Utgitt av NAL/ECOBX. Tilgjengeleg på www.arkitektur.no/ecobox
- ¹³³ Intervju med Grete Kvinnesland 20.01.09
- ¹³⁴ Intervju med Ellen Devold 19.01.09
- ¹³⁵ Skildringa av dei fire kriteria i Norwegian Wood er basert på lærarveiledninga eg har fått utdelt i samband med at eg er formidlar i Norwegian Wood-utstillinga på Stavanger Kunstforening i perioden 12.11-12.12. Noko informasjon er tilgjengeleg på www.arkitektur.no

-
- ¹³⁶ Bilete av Siriskjær: Nettsidene til otium.no: <http://www.otium.no/siriskjaer/index.php>
- ¹³⁷ Nettsidene til arkitektur.no:
http://www2.arkitektur.no/page/ECOARK_detalj/ECOARK_prosjekter_energi/10056/66404.html
- ¹³⁸ Nettsidene til Urban Sjøfront: www.ostpluss.no
- ¹³⁹ Intervju med Grete Kvinnesland 20.01.09
- ¹⁴⁰ Intervju med Grete Kvinnesland 20.01.09
- ¹⁴¹ Bilete av Egenes Park: Nettsidene til moelvenmassivtre.no:
<http://www.moelvenmassivtre.no/index.asp?menuItem=L66>
- ¹⁴² Prospektet til Egenes Park
- ¹⁴³ Nettsidene til arkitektur.no: <http://www.arkitektur.no/?nid=115310&pid0=92058>
- ¹⁴⁴ Nettartikkel på dinside.no 01.10.08: www.dinside.no/788661/boligprisene-der-du-bor
- ¹⁴⁵ Nettartikkel på aftenbladet.no 04.09.08: <http://aftenbladet.no/lokalt/article692094.ece>
- ¹⁴⁶ Saksframlegg frå Stavanger kommune, datert 20.01.09: <http://74.125.77.132/search?q=cache:5Ajj-i4ravYJ:www.stavanger.kommune.no/publikum/offentli.nsf/SVGalle/C1256F65004F872BC1257555003AFF4B/%24FILE/09003722.DOC+leilighetsshotell%2Begenes+park&cd=1&hl=nn&ct=clnk&gl=no>
- ¹⁴⁷ Saksframlegg frå Stavanger kommune, datert 20.01.09
- ¹⁴⁸ Aase, Tor Halfdan, Fossåskaret, Erik 2007 s.13: **Skapte virkeligheter. Om produksjon og tolkning av kvalitative data.** Oslo, Universitetsforlaget.
- ¹⁴⁹ Halvorsen, Knut 2003 s.11-13: **Å forske på samfunnet – en innføring i samfunnsvitenskapelig metode.** Oslo, Cappelen Akademisk Forlag.
- ¹⁵⁰ Halvorsen, Knut 2003 s.84
- ¹⁵¹ Halvorsen, Knut 2003 s.85. Sitat av Grønmo 1996
- ¹⁵² Halvorsen, Knut 2003 s.85
- ¹⁵³ Aase, Tor Halfdan, Fossåskaret, Erik 2007 s.61
- ¹⁵⁴ Programmet til *Norwegian Wood conference* s. 3.
- ¹⁵⁵ Halvorsen, Knut 2003 s.86
- ¹⁵⁶ Halvorsen, Knut 2003 s.87
- ¹⁵⁷ Halvorsen, Knut 2003 s.87
- ¹⁵⁸ Halvorsen, Knut 2003 s.88
- ¹⁵⁹ Halvorsen, Knut 2003 s.87
- ¹⁶⁰ Halvorsen, Knut 2003 s.88-89
- ¹⁶¹ Jorgensen, M.W., & Phillips, L. 2005 s. 9
- ¹⁶² Jorgensen, M.W., & Phillips, L. 2005 s. 21
- ¹⁶³ Jorgensen, M.W., & Phillips, L 2005 s. 9: **Diskursanalyse som teori og metode.** Roskilde, Roskilde Universitetsforlag.
- ¹⁶⁴ Soja, Edward W. 1996 s.6
- ¹⁶⁵ Jorgensen, M.W., & Phillips, L. 2005 s. 15
- ¹⁶⁶ Jorgensen, M.W., & Phillips, L. 2005 s. 17
- ¹⁶⁷ Jorgensen, M.W., & Phillips, L 2005 s. 18
- ¹⁶⁸ Jorgensen, M.W., & Phillips, L 2005 s. 15
- ¹⁶⁹ Jorgensen, M.W., & Phillips, L 2005 s. 13. Premiss skissert av Burr.
- ¹⁷⁰ Jorgensen, M.W., & Phillips, L 2005 s. 13. Premiss skissert av Burr.
- ¹⁷¹ Jorgensen, M.W., & Phillips, L 2005 s. 37.
- ¹⁷² Jorgensen, M.W., & Phillips, L 2005 s. 37.
- ¹⁷³ Jorgensen, M.W., & Phillips, L 2005 s. 13. Premiss skissert av Burr.
- ¹⁷⁴ Intervju med Hild Sørby 20.01.09
- ¹⁷⁵ Intervju med Ellen Devold 19.01.09
- ¹⁷⁶ Intervju med Hild Sørby 20.01.09
- ¹⁷⁷ Jorgensen, M.W., & Phillips, L 2005 s. 38
- ¹⁷⁸ Bergsli, Heidi 2005 s.89
- ¹⁷⁹ Jorgensen, M.W., & Phillips, L 2005 s. 31-33
- ¹⁸⁰ Soja, Edward W. 1996
- ¹⁸¹ Soja, Edward W. 1996 s.6
- ¹⁸² Jorgensen, M.W., & Phillips, L 2005 s. 37.
- ¹⁸³ Soja, Edward W. 1996 s.6
- ¹⁸⁴ Jorgensen, M.W., & Phillips, L 2005 s. 18
- ¹⁸⁵ Soja, Edward W. 1996 s.29
- ¹⁸⁶ Intervju med Rolf Norås 03.02.09
- ¹⁸⁷ Bergsli, Heidi 2005 s.87

-
- ¹⁸⁸ Scott, Allan J. 2001
- ¹⁸⁹ Bergsli, Heidi 2005 s.88
- ¹⁹⁰ Jorgensen, M.W., & Phillips, L. 2005 s.37
- ¹⁹¹ Bergsli, Heidi 2005 s.90
- ¹⁹² Garcia, Beatriz 2004 s.315
- ¹⁹³ EU-søknaden del 2 s.49
- ¹⁹⁴ Nettartikkel i Stavanger Aftenblad 19.02.07: <http://web3.aftenbladet.no/debatt/leder/article414628.ece>
- ¹⁹⁵ Intervju med Rolf Norås 03.02.09
- ¹⁹⁶ Austbø, Anne Tove, Thoring, Erik 2008.
- ¹⁹⁷ Stavanger Aftenblad 30.01.09: Canadisk tungvekter vil ha Expo.
- ¹⁹⁸ EU-søknaden del 2 s. 6
- ¹⁹⁹ Intervju med Rolf Norås 03.02.09
- ²⁰⁰ Nettsidene til *Ka då ittepå*: www.stavanger2018.no
- ²⁰¹ Stavanger Aftenblad 29.08.08: Norås blir Ka då ittepå-sjef.
- ²⁰² Intervju med Rolf Norås 03.02.09
- ²⁰³ EU-søknaden del 1 s.79.
- ²⁰⁴ Zukin, Sharon 1995 s.12
- ²⁰⁵ Intervju med Rolf Norås 03.02.09
- ²⁰⁶ EU-søknaden del 2 s.100
- ²⁰⁷ Intervju med Rolf Norås 03.02.09
- ²⁰⁸ Intervju med Rolf Norås 03.02.09
- ²⁰⁹ EU-søknaden del 1 s.13-15
- ²¹⁰ EU-søknaden del 1 s.55
- ²¹¹ EU-søknaden del 1 s.55
- ²¹² EU-søknaden del 2 s.96
- ²¹³ EU-søknaden del 1 s.45
- ²¹⁴ EU-søknaden del 2 s.90
- ²¹⁵ EU-søknaden del 1 s.24
- ²¹⁶ EU-søknaden del 1 s.46 og del 2 s.13
- ²¹⁷ EU-søknaden del 2. s.84
- ²¹⁸ EU-søknaden del 2. s.84
- ²¹⁹ EU-søknaden del 1 s.10-11
- ²²⁰ EU-søknaden del 1 s.70
- ²²¹ EU-søknaden del 2 s.49
- ²²² Intervju med Rolf Norås 03.02.09
- ²²³ Intervju med Kristin Gustavsen 16.02.09
- ²²⁴ Intervju med Kristin Gustavsen 16.02.09
- ²²⁵ Intervju med Kristin Gustavsen 16.02.09
- ²²⁶ Intervju med Kristin Gustavsen 16.02.09
- ²²⁷ Intervju med Kristin Gustavsen 16.02.09
- ²²⁸ Intervju med Kristin Gustavsen 16.02.09
- ²²⁹ Seminar om sentrumsaksen i regi av Urban Sjøfront, BI 11.03.09. Seminarnotatar lagt ut på nettsidene til urban sjøfront:
http://www.ostpluss.no/urban/public/getAttachment?ARTICLE_ID=1437&ATTACHMENT_ID=1471
- ²³⁰ Florida, Richard 2005 s. 10
- ²³¹ Intervju med Grete Kvinnesland 20.01.09
- ²³² Jorgensen, M.W., & Phillips, L. 2005 s.18
- ²³³ Prospektet til Egenes Park
- ²³⁴ Intervju med Hild Sørby 20.01.09
- ²³⁵ Intervju med Ellen Devold 19.01.09
- ²³⁶ Soja, Edward W. 1996 s.29
- ²³⁷ Soja, Edward W. 1996 s.62
- ²³⁸ Intervju med Kristin Gustavsen 16.02.09
- ²³⁹ Intervju med Rolf Norås 03.02.09
- ²⁴⁰ Tickell, Adam & Peck, Jamie 2002 s.36